Økonomiplan for 2022 — 2025
Volda Kommune

Innhald

Kommunedirektøren si innleiing 3
Organisasjonskart 5
Budsjettvedtak 6
Verbalvedtak 24
Bærekraft og klimaprofil 26
Økonomiske rammevilkår 34
Statsbudsjettet år 2022 35
Renteinntekter og avkastning 42
Finansielle måltall i planperioden 49
Utvikling i befolkning 56
Statistikk og utviklingstrekk 77
Folkehelseoversikt 82
Investeringar i økonomiplanen 84
Digitaliseringsprogram 128
Prosjektliste til digitaliseringsprogrammet 133
Hovudtala i budsjettforslaget 169
Kommunen sine tenesteområde 179
Administrasjonsstab 179
Personal 204
Økonomi 214
Oppvekst 226
Samfunnsutvikling 268
Helse og Omsorg 368

Kommunedirektøren si innleiing

Kommunebudsjettet handlar om korleis vi fordelar fellesskapen sine ressursar på dei ulike tenesteområda det komande året, og i dei tre påfølgjande åra i økonomiplanen. I eit berekraftperspektiv er dette ein svært kortsiktig tidshorisont. Men måten vi brukar pengane på i dag vil binde oss for lang tid framover. Investeringane betaler vi på i førti år. Det vil vere motstand mot å flytte pengar mellom tenester. Det vil røyve ved særinteresser som protesterer, og endring tek lang tid. Derfor er det viktig å setje seg godt inn i utfordringane, og korleis vi treffer innbyggjarane sine behov i åra framover. Vi ser ikkje dette dersom vi tek utgangspunkt i dagens situasjon utan å ta omsyn til endringane som kjem dei komande tiåra. Dette handlar om prioritering. Det eksisterer alltid eit alternativ til kva ressursane kan brukast på. Det må avvegast mot kva som er viktigast og mest rettferdig. Derfor har vi budsjett og økonomiplan der vi kan sjå behova i høve til kommunen sine inntekter under eitt.

Prosessen er svært viktig. Den kommunale verksemda er stor og komplisert. Det er vanskeleg å ha oversikt over samanhengane. Det er viktig at dei dei ulike interessene vert involvert med tanke på balanse i kven sine behov som kjem fram og vert lytta til.

Folketalsutviklinga og fordelinga på alder er den indikatoren som fortel mest når vi skal vurdere behovet for tenester. Den viser at vi får ein stor vekst i talet på eldre i høve til unge og yrkesaktive. I dei neste 10 åra vil eldre over 80 år auke med 278 personar (ca. 48 %). I følgje prognosane vil barnetalet og talet på yrkesaktive gå ned i same periode.

Volda kommune brukar FN sine berekraftmål. Desse er inndelt i tre dimensjonar; den økonomiske, sosiale og miljø- og klimamessige. Hovudutfordringane våre er knytt til den sosiale dimensjonen. Vi får fleire eldre og vi har sosiale utfordringar som gjer at fleire har behov for tenester. Det vert særleg knappheit på helsepersonell. Vi må prioritere bruken av ressursane slik at vi greier å løyse desse utfordringane i lag med klimautfordringane.

Profilen i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan er relatert til dei nemnde utfordringane. Det har over tid vore ei ressursdreiing frå oppvekst til helse- og omsorg for å møte dei veksande behova innanfor denne sektoren. Det er lagt inn ei styrke i tidleg innsats overfor barn og unge, samt førebyggjande tiltak og styrking av pleie- og omsorgstenestene. Det er foreslått å styrke helsestasjonen og tiltak retta mot barn og unge i kultur. 2022 er det første året at budsjettramma til helse og omsorg er høgare enn ressursramma til oppvekstsektoren. Det vert tilført ressursar knytt til lovfesta tenester til enkeltbrukarar. Digitalisering som verkty skal forenkle tenestene for innbyggjarane og gi betre bruk av ressursane. Vi har også lagt inn klimabudsjett som ein start på den globale klimadugnaden.

Vi bør planleggje prioriteringane i berekraftperspektiv. Oppvekstvilkåra til barn og unge må tilretteleggjast slik at dei meistrar og vert inkludert i fellesskapen. I oppvekstreforma straffar staten dei kommunane som ikkje jobbar godt nok med tidleg og tverrfagleg innsats ved at ressurskrevjande tiltak vil koste meir. Vi må lykkast med førebyggjande tiltak for at eldre kan greie seg sjølv lenger i eigen heim. Dette føreset vriding av ressursar frå ressurstunge tenester til å kome tidleg inn med tenester tidlegare i omsorgstrappa. Det gir fleire år med livskvalitet og det utset behovet for tyngre tenester. Ei analyse Husbanken har gjort viser at Volda kommune vil ha behov for 61 sjukeheimsplassar i 2040 dersom vi ikkje vrir tenestene for å førebyggje mot for tidleg innlegging på institusjon. Det vil ikkje vere berekraftig og illustrerer kor viktig det er å skape forståing for at vi må endre haldning og arbeidsmåtar for å kunne gi rett tenester på rett nivå i åra som kjem. Fem personar kan få pleie i eigen heim for kostnaden det er med å drifte ein sjukeheimsplass.

Vi er avhengig av god dialog og samhandling med innbyggjarane for å løyse oppgåvene som ligg framfor oss. Dette gjeld på alle nivå. Ved at kommunen går i lag med næringsliv, grendelag og andre løyser vi samfunnsoppgåver som kvar av partane ikkje greier sjølve. Vi utforskar dei reelle behova og styrkar enkeltindividet sine ressursar ved å gå tidleg i dialog med brukaren av kommunale tenester.

Barnehage, grunnskuleundervisning, barnevern og helse- og omsorgstenestene er dei lovfesta tenestene og utgjer primæroppgåvene til kommunen. Det vert foreslått tiltak for å utvikle sentrum, byggje ut bustadfelt og leggje til rette for meir næringsareal for å stimulere til utvikling i lokalsamfunnet. Dei to store investeringane er Volda ungdomsskule og svømmeanlegg. Ungdomsskulen er under bygging. Kommunestyret skal ta stilling til volum og innhald i svømmeanlegget i januar. Dersom kostnadsramma vert høgare enn vi har lagt til grunn i økonomiplanen, må ein vurdere å skjere ned prosjektet eller gjere omprioriteringar i økonomiplanen.

Det økonomiske handlingsrommet vert styrt av inntektsveksten som vert fastsett av staten og det kommunen sjølv kan gjere gjennom omstilling, kutt i tenester, økonomisk styring og auke i eigne inntekter. Vi har sidan kommunesamanslåinga gjennomført omstilling og kutt på ca. 10 millionar. I økonomiplanen er det lagt plan for ytterlegare omstilling og kutt på om lag 20 millionar. Administrasjonen har samtidig jobba systematisk med rutinar og opplæring for å styrke økonomistyringa. Det er mange føresetnader som skal oppfyllast for å kunne ta ut gevinsten av dei planlagte 20 millionane i kutt og omstilling dei komande fire åra. Her ligg det ein risiko for at vi ikkje har full dekning i seinare rullering av økonomiplanen.

I Solbergregjeringa sitt framlegg til statsbudsjett får Volda kommune ein vekst i frie inntekter (skatt og rammeoverføring) på 1,5 %. Dette dekkjer om lag halve lønsveksten for 2022. Vi starta budsjettarbeidet tidleg og jobbar parallelt med dette i økonomirapporteringa gjennom året. Grunnlaget vi byggjer budsjett og økonomiplan på er dermed nøye gjennomgått og på eit minimumsnivå når ein tek omsyn til krava til dei lovfesta tenestene. Lønsveksten og auka behov innanfor dei lovfesta tenestene, særleg i helse- og omsorgssektoren, gjer at vi finn å foreslå bruk av disposisjonsfond og auke i eigedomsskatten frå 2 til 3 promille i 2022. For å finansiere kapitalkostnader og drift med det nye svømmeanlegget finn vi det nødvendig å foreslå ytterlegare auke i eigedomsskatten til 4 promille i 2024.

Administrasjonen har fått oversendt eit par problemstillingar til vurdering i budsjettsamanheng. Det eine er kompensasjon for planleggingstida i barnehagen. Dette er eit godt tiltak. Ettersom forslaget er balansert med auke i eigedomsskatt både i 2022 og i 2024 og bruk av disposisjonsfond, har vi ikkje funne å kunne auke drifta ytterlegare. Det andre er problemstillinga rundt utviklinga av låginntektsfamiliar i Volda. Dette er eit tema som bør utgreiast nærare for å vite meir om utfordringa og behov. Det er nødvendig for å vite kva tiltak som vil treffe. Vi foreslår derfor ei utgreiing rundt dette i 2022.

Volda kommune har god dekningsgrad på tenestene og leverer gode tenester. KS Konsulent si analyse i 2020 viste at vi har potensial for å ta ned både standarden og volumet på tenestene ytterlegare enn det som er foreslått i økonomiplanen. I samband med budsjetthandsaminga i fjor presenterte administrasjonen ei liste over samla tiltak som ein vurderte som gjennomførbare. Berre eit utval frå denne lista vart innarbeidd i gjeldande økonomiplan. Utfordringa med at utgiftene i pleie- og omsorgstenestene veks vesentleg meir enn inntektene, kombinert med veksande gjeld, tilseier at kommunestyret på eitt eller anna tidspunkt vert utfordra på meir upopulære tiltak i åra som kjem.

Kommunedirektøren sitt framlegg skal no gjennom politiske prosessar der det til slutt vert kommunestyret som avgjer kva som er viktigast og som skal prioriterast.

Organisasjonskart



Budsjettvedtak

Framsikt 1A Økonomiplan

Beløp i 1000	Rekneskap	Opph. budsjett	Rev. budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2021	2022	2023	2024	2025
Sentrale inntekter							
Rammetilskudd	-391 192	-375 468	-395 406	-396 012	-399 845	-403 014	-400 087
Eiendomsskatt	-20 237	-21 400	-21 400	-33 400	-33 400	-45 400	-45 400
Andre generelle driftsinntekter	-46 663	-27 254	-27 254	-41 437	-33 471	-38 354	-32 854
Frie inntekter justert etter revidert nasjonalbudsjett	-252 064	-272 773	-285 504	-295 938	-295 938	-295 938	-295 938
Sum Sentrale inntekter	**-710 156**	**-696 894**	**-729 564**	**-766 786**	**-762 653**	**-782 705**	**-774 278**
Driftsutgifter per tenesteområde	677 040	677 237	727 066	751 915	732 139	741 632	743 877
Brutto resultat (KOSTRA)	**-33 116**	**-19 657**	**-2 498**	**-14 872**	**-30 514**	**-41 073**	**-30 402**
Netto finansutgifter og inntekter							
Renteinntekter	-3 168	-2 430	-2 430	-2 430	-2 430	-2 430	-2 430
Utbytte og eieruttak	-6 707	-3 750	-7 110	-7 110	-7 110	-7 110	-7 110
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-5 914	-3 300	-7 550	-7 300	-7 300	-7 300	-7 300
Renteutgifter	26 534	29 161	27 861	30 456	37 486	44 929	44 069
Avdrag på lån	46 558	51 022	51 022	58 761	70 711	77 355	79 009
Finansutgifter i tenesteområda	1 760	0	0	-12	-969	-2 556	-12 556
Sum Netto finansutgifter og inntekter	**59 064**	**70 703**	**61 793**	**72 366**	**90 388**	**102 887**	**93 682**
Motpost avskrivingar i tenesteområda	-58 948	-53 851	-53 851	-53 851	-53 851	-53 851	-53 851
Netto resultat	**-33 001**	**-2 804**	**5 445**	**3 643**	**6 024**	**7 964**	**9 430**
Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar							
Til bundne avsetninger	15 867	1 050	1 050	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	804	-7 997	-9 866	-4 363	-6 744	-8 683	-10 150
Bruk av bundne avsetninger	-4 897	0	-3 819	0	0	0	0
Overføring til investering	4 445	0	424	0	0	0	0
Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	9 917	3 551	3 551	720	720	720	720
Sum Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar	**26 136**	**-3 397**	**-8 660**	**-3 643**	**-6 024**	**-7 963**	**-9 430**
Årsoverskot / underskot	**-6 865**	**-6 201**	**-3 215**	**0**	**0**	**0**	**0**

Framsikt 1B Økonomiplan

Beløp i 1000	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Administrasjonsstab	26 464	30 544	37 209	30 942	30 522	29 042	29 322
Personal	12 100	12 749	12 749	13 648	13 268	13 268	13 269
Økonomi	-23 626	-19 596	-2 116	2 068	-11 830	-5 223	-3 265
Oppvekst	278 193	280 507	280 195	289 393	286 863	286 323	286 323
Samfunnsutvikling	62 126	61 749	73 769	74 567	76 556	79 256	78 756
Helse og Omsorg	279 822	264 257	278 232	293 395	288 858	291 064	291 570
Kommunestyret	-5 310	-3 273	-3 273	-5 241	-6 198	-7 785	-17 785
Sum netto rammer	**629 769**	**626 937**	**676 766**	**698 772**	**678 040**	**685 945**	**678 190**
Av dette:							
Renteinntekter	23	-3 273	-3 273	-5 241	-6 198	-7 785	-17 785
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	1 728	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	9	3 273	3 273	5 229	5 229	5 229	5 229
Motpost avskrivninger	-58 948	-53 851	-53 851	-53 851	-53 851	-53 851	-53 851
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	9 917	3 551	3 551	720	720	720	720
Sum rammer utan 1A-poster	**677 040**	**677 237**	**727 066**	**751 915**	**732 139**	**741 632**	**743 877**

§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Investeringer i varige driftsmidler	207 960	254 788	209 698	443 085	290 974	130 470	35 000
Tilskudd til andres investeringer	1 547	0	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 188	0	2 080	0	0	0	0
Utlån av egne midler	617	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	3 718	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	**216 030**	**254 788**	**211 777**	**443 085**	**290 974**	**130 470**	**35 000**
Kompensasjon for merverdiavgift	-26 208	-38 062	-26 413	-73 662	-48 657	-13 620	-2 500
Tilskudd fra andre	-15 093	0	0	-450	-918	0	0
Salg av varige driftsmidler	-12 425	0	-7 176	0	0	0	0
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-6 910	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-173 843	-226 727	-191 801	-378 973	-251 399	-126 850	-32 500

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Sum investeringsinntekter	**-234 479**	**-264 788**	**-225 391**	**-453 085**	**-300 974**	**-140 470**	**-35 000**
Videreutlån	11 086	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	-7 916	0	0	0	0	0	0
Netto utgifter videreutlån	**3 170**	**10 000**	**10 000**	**10 000**	**10 000**	**10 000**	**0**
Overføring fra drift	-4 445	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	10 442	0	-755	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	4 739	0	4 368	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	4 543	0	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	**15 279**	**0**	**3 613**	**0**	**0**	**0**	**0**
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)

1. Investeringar i varige driftsmdidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
Administrasjonsstab								
Grensejustering Bjørke - Avtale Ørsta	6 550	0	0	0	0	0	0	0
IKT investeringar Volda kommune	2 598	2 500	3 996	2 500	2 500	2 500	0	7 500
Breiband og infrastruktur	6 093	0	815	0	0	0	0	0
Programvare bibliotek	0	0	0	150	0	0	0	150
Programvare barnevern	0	0	0	900	0	0	0	900
Programvare flyktning	0	0	0	180	0	0	0	180
Programvare vaksenopplæring	0	0	0	180	0	0	0	180

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
Trygg løysing for pasientvideo til bruk for opplæring	0	0	0	500	0	0	0	500
Sum Administrasjonsstab	**15 241**	**2 500**	**4 811**	**4 410**	**2 500**	**2 500**	**0**	**9 410**
Økonomi								
Etableringstilskot barnefamiliar - eige til leige	793	0	0	0	0	0	0	0
Sum Økonomi	**793**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Oppvekst								
IKT investeringar Oppvekst	733	0	1 263	3 678	0	0	0	3 678
Utskifting av digitalt personleg utstyr til elevar i grunnskulen	0	0	0	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Digital satsing i barnehagen	0	0	0	1 000	1 250	0	0	2 250
Sum Oppvekst	**733**	**0**	**1 263**	**5 678**	**2 250**	**1 000**	**1 000**	**9 928**
Samfunnsutvikling								
Friområde - Andaneset	133	0	0	0	0	0	0	0
Grunn og næringsutvikling	61 474	0	6 680	12 501	0	0	0	12 501
Flaumsikring	35 723	0	14 447	0	0	0	0	0
Elbilar og kommunal infrastruktur	964	6 250	3 500	11 000	0	0	0	11 000
Bustadfelt under utbygging	31 873	34 375	509	15 035	18 975	0	0	34 010
Bustadfelt - Garanti og sal	233	0	431	625	0	0	0	625
Ny ungdomsskule	2 351	31 583	50 050	112 083	50 333	5 000	0	167 417
Svømmehall	1 439	27 875	1 530	100 000	133 000	5 000	0	238 000
Barnehage i sentrum	27	0	38 674	0	0	0	0	0
Utbygging kommunale vegar	1 004	36 250	5 739	52 858	733	0	0	53 591
Garantiansvar	3 839	0	524	1 250	0	0	0	1 250
Oppgradering kommunale bygg	16 935	17 500	17 136	19 416	4 625	4 625	0	28 666
Maskin og utstyr eigedom	654	0	385	679	0	0	0	679
Sal av kommunale eigedomar	75	0	0	0	0	0	0	0
Brannstasjon Hornindal	269	18 750	24 681	0	0	0	0	0
Sentrum og friluftstiltak	5 477	6 250	9 143	10 785	0	0	0	10 785
Maskin, bilar og utstyr brann	769	2 250	2 250	0	1 375	0	0	1 375
Kommunale vegar	12 161	1 875	2 696	1 875	1 875	3 750	0	7 500
Trafikktrygging	1 352	1 250	500	2 000	1 250	1 250	0	4 500
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	0	3 600	2 413	0	0	0	0	0
Vassverk	884	37 380	1 301	10 400	5 000	0	0	15 400

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
Ledningsprosjekt	2 325	0	3 460	9 000	21 970	42 470	0	73 440
Utbyggingsavtalar	40	0	2 500	7 460	0	0	0	7 460
Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp	1 136	0	1 274	940	0	0	0	940
Nytt vassverk HB2	801	0	12 199	17 000	0	0	0	17 000
Avløpsanlegg	6 217	27 100	498	20 000	1 500	0	0	21 500
Avløpsledningar	751	0	0	0	0	0	0	0
Maskin, bilar og div. utstyr avløp	702	0	0	0	0	0	0	0
Utskifting av tankbil Hornindal. Sameige med VA	0	0	0	0	0	0	5 000	5 000
Utskifting av bil frå 1981 ved Hornindal stasjon	0	0	0	0	0	1 000	0	1 000
Oppgradering og modernisering av brannførebyggande installasjonar og system kommunale bygg	0	0	0	1 200	0	0	0	1 200
Innkjøp av ny GPS	0	0	0	400	0	0	0	400
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	0	0	0	4 294	1 955	2 375	0	8 624
Reinseanlegg legionella - sikre bygg etter vannrapport 123 forebygging av legionella	0	0	0	625	0	0	0	625
Ombygging og oppgradering av 3 et. rådhuset -	0	0	0	1 800	0	0	0	1 800
Ombygging og oppgradering av helsestasjon rådhuset	0	0	0	500	0	0	0	500
Kyrkjekontoret - ombygging fleire kontor	0	0	0	950	0	0	0	950
Tilsetting av prosjektleiar investering	0	0	0	450	918	0	0	1 368
Etablering toppsystem SD anlegg Hornindal	0	0	0	650	0	0	0	650
Innreiing elektriske varebilar	0	0	0	425	0	0	0	425
Renseanlegg VVS varmeanlegg Hornindal helsehus	0	0	0	190	0	0	0	190
Utskifting av vaktbil for mannskap.	0	0	0	1	400	400	0	801
Tiltak og utbetringar på vegar, bruer, gang/sykkelvegar	0	0	0	2 380	5 015	0	0	7 395

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
samt mindre oppgraderingar								
Solskjerming kommunale bygg	0	0	0	2 500	2 500	2 500	0	7 500
Etablering parkering Volda sentrum - Moritz marka	0	0	0	2 500	0	0	0	2 500
Opprusting av samfunnshuset - ungdomsklubb	0	0	0	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Strategisk utvikling av kommunale utleigebustadar	0	0	0	1 500	24 000	25 000	25 000	75 500
Utskifting av feiarbil	0	0	0	700	0	0	0	700
Etablering av personalbase Bømarka 8	0	0	0	300	0	0	0	300
Auke budsjett prosjekt 030066 - beredskap (naudstraum Hornindal omsorgssenter)	0	0	0	625	0	0	0	625
Rehabilitering av kai på Yksnøya	0	0	0	250	0	0	0	250
Områdeplan for Volda sentrum	0	0	0	625	0	0	0	625
Digital kartlegging	0	0	0	0	800	0	0	800
Sum Samfunnsutvikling	**189 607**	**252 288**	**202 519**	**430 272**	**278 724**	**95 870**	**32 500**	**837 366**
Helse og Omsorg								
Velferdsteknologi og IKT Helse og omsorg	1 217	0	722	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Helseplattforma	0	0	0	600	6 000	29 600	0	36 200
Felles legevakt	368	0	382	0	0	0	0	0
Ny bil til dagsenterdrift i distrikta	0	0	0	625	0	0	0	625
Sum Helse og Omsorg	**1 585**	**0**	**1 104**	**2 725**	**7 500**	**31 100**	**1 500**	**42 825**
Org. oppsett mangler								
Sum Org. oppsett mangler	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Investeringar i varige driftsmidlar	**207 960**	**254 788**	**209 698**	**443 085**	**290 974**	**130 470**	**35 000**	**899 529**

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
Etableringstilskot barnefamilier - eige til leige	1 350	0	0	0	0	0	0	0
Håmyra bustadfelt - overtaking 1	197	0	0	0	0	0	0	0
Tilskudd til andres investeringer	**1 547**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
Egenkapitaltilskot KLP	2 153	0	1 955	0	0	0	0	0
Kjøp og sal av aksjar	35	0	125	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	**2 188**	**0**	**2 080**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

4. Utlån av eigne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
Forskotering spelemidlar VTI Fotball	617	0	0	0	0	0	0	0
Utlån av egne midler	**617**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Sum del 1-4	**212 313**	**254 788**	**211 777**	**443 085**	**290 974**	**130 470**	**35 000**	**899 529**

§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Rammetilskudd	-391 192	-375 468	-395 406	-396 012	-399 845	-403 014	-400 087
Inntekts- og formuesskatt	-252 064	-272 773	-285 504	-295 938	-295 938	-295 938	-295 938
Eiendomsskatt	-20 237	-21 400	-21 400	-33 400	-33 400	-45 400	-45 400
Andre skatteinntekter	-2 618	-1 050	-1 050	-1 050	-1 050	-1 050	-1 050
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-44 045	-31 926	-26 204	-40 387	-32 421	-37 304	-31 804
Overføringer og tilskudd fra andre	-218 733	-160 366	-192 444	-165 387	-167 387	-167 387	-167 387
Brukerbetalinger	-33 278	-36 735	-36 669	-38 718	-38 718	-38 718	-38 718
Salgs- og leieinntekter	-78 795	-79 401	-72 954	-79 083	-78 281	-78 281	-78 281
Sum driftsinntekter	**-1 040 962**	**-979 118**	**-1 031 630**	**-1 049 975**	**-1 047 040**	**-1 067 092**	**-1 058 665**
Lønnsutgifter	559 798	533 451	562 477	570 774	569 668	567 928	567 929
Sosiale utgifter	132 412	115 151	135 366	147 684	132 606	139 213	141 170
Kjøp av varer og tjenester	226 931	234 636	226 520	233 699	230 456	235 082	235 368
Overføringer og tilskudd til andre	41 114	28 574	50 918	28 256	29 106	29 106	29 106
Avskrivninger	58 948	53 851	53 851	54 691	54 691	54 691	54 691
Sum driftsutgifter	**1 019 203**	**965 662**	**1 029 132**	**1 035 103**	**1 016 526**	**1 026 019**	**1 028 263**
Brutto driftsresultat	**-21 759**	**-13 456**	**-2 498**	**-14 872**	**-30 514**	**-41 073**	**-30 402**
Renteinntekter	-3 145	-5 704	-5 704	-7 671	-8 628	-10 215	-20 215
Utbytter	-6 707	-3 750	-7 110	-7 110	-7 110	-7 110	-7 110
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-4 186	-3 300	-7 550	-7 300	-7 300	-7 300	-7 300
Renteutgifter	26 543	32 435	31 135	35 685	42 715	50 158	49 298
Avdrag på lån	46 558	51 022	51 022	58 761	70 711	77 355	79 009
Netto finansutgifter	**59 064**	**70 703**	**61 793**	**72 366**	**90 388**	**102 887**	**93 682**
Motpost avskrivninger	-58 948	-53 851	-53 851	-53 851	-53 851	-53 851	-53 851
Netto driftsresultat	**-21 643**	**3 397**	**5 445**	**3 643**	**6 024**	**7 964**	**9 430**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	4 445	0	424	0	0	0	0

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	20 887	4 601	782	720	720	720	720
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-3 689	-7 997	-9 866	-4 363	-6 744	-8 683	-10 150
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	**21 643**	**-3 397**	**-8 660**	**-3 643**	**-6 024**	**-7 963**	**-9 430**
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	**0**	**0**	**-3 215**	**0**	**0**	**0**	**0**

Visjon

Der teknologi og tradisjon møtest.

Visjonsbeskriving

Visjonen uttrykkjer nytenking bygt på eigen identitet. Ein skal følgje utviklinga og utnytte potensialet i lokale fortrinn. Volda sjukehus, Høgskulen i Volda, Brunvoll sitt høgteknologiske miljø i den maritime klynga, høgteknologisk produksjon av børsekolbar og møbelindustri/Ekornes på Grodås og kompetansebedriftene i kommunen, kraftindustrien er døme på lokale fortrinn for å utløyse auka verdiskaping.

For å stimulere til skaparkraft og kreativitet skal kommunen vere ein god tilretteleggjar både som samfunnsaktør og arbeidsgjevar. Kommunen skal ha få mål som avspeglar utfordringane og behova. Prioriteringane bør vere spissa innanfor kommunen sin kapasitet for å gjennomføre tiltaka. Det er viktig å vakte seg mot at planlegging, rapportering og dokumentasjon går utover motivasjonen for nyskaping og handlekraft.

Verdiar

Volda kommune sine grunnleggande verdiar er **RAUS, MODIG, KOMPETENT** og **LÆRANDE.**

Våre felles verdiar skal vise veg og vere ei rettesnor i alt vårt arbeid.
Våre felles verdiar skal drive oss framover, gjere oss tydelege og hjelpe oss med å ta avgjerder i kvardagen.

Verdiane våre er også eit framtidsbilde på korleis vi ønskjer å vere. Noko å strekke seg etter.

RAUS
I Volda kommune skal vi vere rause mot kvarandre.
Å vere raus betyr å gje av seg sjølve og ville kvarandre vel. Det handlar om å spele kvarandre gode. Rause menneske er inkluderande i si åtferd, i arbeid og i arbeidsmiljø. Rause menneske leiter etter ressursar og moglegheiter. Gjer dei eller oppdagar dei feil, ser dei på det som ei moglegheit til å lære. Eit fellesskap prega av rausheit er godt å vere i, og det kjem brukarane til gode.

MODIG
I Volda kommune skal vi vere modige.
Å vere modig betyr å utfordre seg sjølv og gå utafor komfortsona si. Det betyr å tørre å seie frå når ein ikkje meistrar eller ikkje forstår. Det handlar om å ha relasjonelt mot, å tørre å møte andre med eit ope sinn og sleppe andre inn. Det handlar om å vere dyktig på å gje positive tilbakemeldingar og å ta opp det som er vanskeleg – til leiarar, kollegaer og brukarar. Menneske med mot tør å utfordre det etablerte og møter det ukjente på ein trygg og open måte. Dei tør å spørje kvifor og korleis, og tør å satse sjølv om dei ikkje alltid kjenner framtida.

KOMPETENT
I Volda kommune skal vi vere kompetente.
Å vere kompetent betyr å ha kunnskap, men og å vite at den må omsetjast i ein god og forsvarleg praksis skal den ha verdi for dei som motteke tenesta. Kompetente menneske har gode ferdigheiter, og greier å skape resultat gjennom å motivere, samarbeide og rettleie kvarandre. Kompetente menneske har

personlege eigenskapar som gjer at dei står fram med truverd og naturleg autoritet. Kompetente menneske synleggjer det dei trur på og står for, slik at alle kjenner haldningane deira.

LÆRANDE
Volda kommune skal vere ein lærande organisasjon.
Ein lærande organisasjon er opptatt av kontinuerleg forbetring, der læring skjer i kvardagen. I ein lærande organisasjon kjem kvalitet i tenesta der det er eit samspel mellom alle involverte partar. I ein lærande organisasjon blir ein oppmuntra til nytenking og ein applauderar dei som får til ting i lag. Ein lærande organisasjon har eit leiarskap som er opptatt av utvikling og innovasjon, og ny lærdom fører til endring av åtferd og praksis.

Livskvalitet og meistring

Livskvalitet og meistring

Introduksjon til satsingsområdet

Livskvalitet og meistring er eit satsingsområde inn mot FN sine berekraftsmål

3 – God helse og livskvalitet
4 – God utdanning
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane sjølve og alle sektorane i kommunen tek aktivt del i folkehelsearbeidet og jobbar for at alle skal meistre liva sine og nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Kommunen har ei viktig rolle i å bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: At dei meistrar tilværet, sjølve livet.

Folkehelse handlar om førebyggande arbeid innan alle kommunen sine verksemder, og det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenkjer "helse i alt vi gjer". Samarbeid på tvers av fagområda og med innbyggjarar er viktig for å sikre livskvalitet og meistring.

Overordna mål for kommunen

- Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar
  For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane sjølve og alle sektorane i kommunen tek aktivt del i folkehelsearbeidet og jobbar for at alle skal meistre liva sine og nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Kommunen har ei viktig rolle i å bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: At dei meistrar tilværet, sjølve livet. Folkehelse handlar om førebyggande arbeid innan alle kommunen sine verksemder, og det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenkjer "helse i alt vi gjer". Samarbeid på tvers av fagområda og med innbyggjarar er viktig for å sikre livskvalitet og meistring.

Hovudmål for kommunen

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Volda kommune samhandlar internt og tek initiativ til samskaping med innbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar	Involvere frivillige i evt tilbod om sommarskule	2,0	2,0	2,0	2,0	
		Medverknad frå lag og organisasjonar i revidering av kvalitetsplan	100,0 %				
		Opplevd samarbeid og informasjon i barnehagar	4,8	4,8	4,8	4,8	
		Reduksjon i kostnader tiltak utanfor heim	0,0 %	0,0 %	20,0 %	20,0 %	
		Bruk av fritidskort	70,0 %	70,0 %	70,0 %	70,0 %	
	Volda kommune planlegg og legg til rette for at innbyggjarane kan bu lengst mogleg i eigen heim	Alder ved tildeling av døgnbemanna omsorgsbustadar for eldre.	84,5	85,0	85,4	85,7	
		Alder ved tildeling av langtidsopphald i institusjon	85,5	86,0	86,3	86,6	
		Alt i alt, kor fornøgd er du med helse- og omsorgstenestene du har hatt siste året	5,4	5,4	5,5	5,5	
		Sakshandsamingstid for søknader om heimebaserte tenester og praktisk bistand	24,0	22,0	20,0	19,0	
	Volda kommune vidareutvikler tenester for born og unge slik at fleire oppleve meistring og fellesskap	Barnesamtalar med alle 5-åringar i barnehagar	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
		Del elevar som er nøgd med	90,0 %	90,0 %	90,0 %	90,0 %	

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
		skulehelsetenesta - elevundersøkinga					
		Elevundersøkinga - medvirkning 10. årssteg	3,2	3,3	3,4	3,5	
		Redusere behovet for timar til spesialundervisning	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	
		Skulebidragsindikator 1.-4. årssteg	0,0	0,0	0,0	0,0	
		Trivsel i grunnskulen	4,2	4,2	4,2	4,3	
		Auka nærvær barnehagar	91,0 %	91,5 %	92,0 %	92,5 %	
		Auka nærvær skule	92,5 %	93,0 %	93,5 %	94,0 %	

Oppdrag for å nå mål

Hovudmål	Oppdrag for å nå mål	Beskriving
Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Utgreiing av låginntektssituasjonen	Det vert synt til Volda kommune dei siste år har hatt ein auke i talet på barnefamiliar med låginntekt (under 60 % av medianinntekta i landet). Kommunedirektøren vil be om ei nærare utgreiing av låginntektssituasjonen blant innbyggjarane i Volda kommune for å sjå nærare samanhengar og kva tiltak som kan ha effekt.

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

Introduksjon til satsingsområdet

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

9– Industri, innovasjon og infrastruktur
11- Berekraftige byar og lokalsamfunn
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

For Volda kommune er det viktig å stimulere til eit breitt samarbeid for å løyse samfunnsutfordringar i innovative partnerskap med ulike samfunnsaktørar, næringslivet og sosiale entreprenørar.

Det er viktig å sikre fysisk og digital infrastruktur av høg kvalitet som knyt saman små og store bu- og arbeidsmarknadsregionar, og ta i bruk ny teknologi og nye digitale løysingar i utvikling av tenestene.

For å sikre eit lokalsamfunn i utvikling må ein legge til rette for vekst i arbeidsplassar og bulyst.

Volda kommune er ein aktiv utviklar av eit lokalsamfunn som er attraktivt for handel, tenesteyting, næringsutvikling og busetnad. Eit velfungerande sentrum er avgjerande for å oppretthalde Volda sin regionale funksjon i framtida.

Overordna mål for kommunen

- Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.
  For Volda kommune er det viktig å stimulere til eit breitt samarbeid for å løyse samfunnsutfordringar i innovative partnerskap med ulike samfunnsaktørar, næringslivet og sosiale entreprenørar. Det er viktig å sikre fysisk og digital infrastruktur av høg kvalitet som knyt saman små og store bu- og arbeidsmarknadsregionar, og ta i bruk ny teknologi og nye digitale løysingar i utvikling av tenestene.

  For å sikre eit lokalsamfunn i utvikling må ein legge til rette for vekst i arbeidsplassar og bulyst. Volda kommune er ein aktiv utviklar av eit lokalsamfunn som er attraktivt for handel, tenesteyting, næringsutvikling og busetnad. Eit velfungerande sentrum er avgjerande for å oppretthalde Volda sin regionale funksjon i framtida.

Hovudmål for kommunen

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.	Gjennom samskaping med innbyggjarar og næringsliv legg Volda kommune til rette for blomstrande kultur og møter mellom folk både ute og inne.	Andel lag og organisasjonar som brukar Friskus	70	80	90	100	
		Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	3,5	3,5	3,5	3,5	2,9
		Besøk per kinoforestilling (antall)	10,0	17,1	17,1	17,1	15,2
		Oppgraderte leikeplassar i kommunen	3,0	3,0	3,0	3,0	
		Tal aktive Aktivitetsvennar og Besøksvennar for eldre.	30,0	35,0	40,0	45,0	

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
		Tal på søknader på støtte til arrangementer (festival og kultur)	10,0	13,0	16,0	19,0	
	Volda kommune tilrettelegger for transformasjon og nye, bærekraftige og attraktive næringsområde.	Utbygging av ØRN 3	Planlegging	Utbygging			
	Vi utviklar Volda kommune til ein unik reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur, autentiske og eksklusive opplevingar.	Ansatte i overnattings- og serveringsvirksomhet	75	80	85	90	
		Opne kommersielle bedrifter juli månad - turisme	11	12	13	14	
		Overnattingar juli månad, turisme	5 900,0	6 100,0	6 300,0	6 500,0	
	Volda kommune styrkar sin regionale posisjon ved å ha framtidsretta infrastruktur.	Auke i kollektivtilbud	1,0	1,0	1,0	1,0	

Grøn omstilling

Introduksjon til satsingsområdet

Grøn omstilling er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

13– Stoppe klimaendringar
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Volda kommune skal gjennom si planlegging, verksemd og i samhandling med andre sikre redusert klimaavtrykk. Vidare legge til rette for at innbyggjarane kan ta miljøvennlege val.

Kommunen skal arbeide målretta med samfunnstryggleik for at innbyggjarane skal kjenne seg trygge, og arbeide for å ivareta naturverdiar og økosystem.

Overordna mål for kommunen

- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.
  Volda kommune skal gjennom si planlegging, verksemd og i samhandling med andre sikre redusert klimaavtrykk. Vidare legge til rette for at innbyggjarane kan ta miljøvennlege val. Kommunen skal arbeide målretta med samfunnstryggleik for at innbyggjarane skal kjenne seg trygge, og arbeide for å ivareta naturverdiar og økosystem.

Hovudmål for kommunen

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.	Volda kommune bygger ut og legg til rette for miljøvennleg infrastruktur	Antall km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for	8	8	8	9	835
		Elbil per ladepunkt (antall)	16,9	16,8	16,7	16,6	
		Elbiler i kommunen (antall)	330,0	360,0	390,0	420,0	
		Hurtiglading (antall)	26,0	30,0	32,0	34,0	
		Normallading (antall)	10,0	11,0	12,0	13,0	
	Volda kommune energieffektiviserer og optimaliserer si verksemd	Formålsbygg, kommune Strøm Energibruk (MWh)	6 869	6 869	7 000	7 000	0
		Herav energikostnader per kvadratameter (kr)	88,0	87,0	86,0	85,0	95,0
	Volda kommune er klimavenleg i sine innkjøp	Endring person- og varebilpark til el-bil	30,0 %	40,0 %	50,0 %	75,0 %	
		Klimakrav i anbod og kontrakt	Ja	Ja	Ja	Ja	
	Volda kommune sikrar sjølve og gjennom sitt renovasjonsselskap at avfall gir verdi	Kildesortering mat-papir-plast	Ja	Ja	Ja	Ja	
		Materialgjenvinning gjennom VØR	59,0 %	59,3 %	59,6 %	60,0 %	

Organisasjonsutvikling

Introduksjon til satsingsområdet

Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde i Volda kommune som er forankra i kommunen sine verdiar

Raus

Modig

Kompetent

Lærande

For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane er involvert i demokratiske prosessar som er prega av openheit og tillit. Representasjon i den politiske deltakinga skal spegle samfunnet.

Volda kommune skal vere ein føreseieleg og attraktiv arbeidsgjevar som er tydeleg i sine forventningar, der dei tilsette meistrar, trivest og får nytta ressursane sine.

Overordna mål for kommunen

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
  Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde i Volda kommune som er forankra i kommunen sine verdiar Raus – Modig – Kompetent – Lærande

  For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane er involvert i demokratiske prosessar som er prega av openheit og tillit. Representasjon i den politiske deltakinga skal spegle samfunnet. Volda kommune skal vere ein føreseieleg og attraktiv arbeidsgjevar som er tydeleg i sine forventningar, der dei tilsette meistrar, trivest og får nytta ressursane sine.

Hovudmål for kommunen

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Sjukefråvær	9,0 %	8,5 %	8,0 %	8,0 %	

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.							
		Talet på heiltidsstillingar					
		Høg rolleklarheit	4,1		4,2		
	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner. Gjennom aktiv informasjonsflyt oppnår ein meir deltaking og eit levande lokaldemokrati.	Auka engasjement inn mot politiske saker	10,0 %	10,0 %	10,0 %	10,0 %	
		Folkemøte	2,0	2,0	3,0	3,0	
		Kommunedirektøren gjennomfører informasjonsmøte med tilsette	2,0	2,0	2,0	2,0	
		Månadens hendingar sett frå ordførar sin ståstad	8,0	8,0	10,0	10,0	
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4,2		4,3		
		Meistringsorientert leiing	4,0		4,0		
		Meistringsklima	4,0		4,1		
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjettramme	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
		Investering i samsvar med budsjettrammer	95,0 %	95,0 %	97,0 %	98,0 %	
	Volda kommune sitt beredskapsarbeid trygger samfunnet.	Årleg gjennomgang av beredskapsplanen	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	

Oppdrag for å nå mål

Hovudmål	Oppdrag for å nå mål	Beskriving
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og	TestOlav	Beskrivelse av dette oppdraget

innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.

Verbalvedtak

Verbalvedtak

- Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 og årsbudsjett 2022 publisert den 4. november 2021 vert vedteke slik det går fram av framlegget og med dei rammene som det går fram av tabellar og oppstillingar under menypunkt "Budsjettvedtak".

- Avsetjing og bruk av disposisjonsfond vert vedteke i samsvar med følgjande tabell:

Disposisjonsfond	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
Saldo 01.01	55 087 355	41 954 409	37 591 409	30 847 409	22 164 409
Bruk av disposisjonsfond	- 13 132 946	- 4 363 000	- 6 744 000	- 8 683 000	- 10 150 000
Saldo 31.12	**41 954 409**	**37 591 409**	**30 847 409**	**22 164 409**	**12 014 409**

- Volda kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr. 378 973 000,- for år 2022, her av kr 10 000 000,- til startlån for vidare tildeling.

- Volda kommunestyre godkjenner at unytta rammer til investeringar i år 2021 vert overført til budsjett 2022.

- Volda kommunestyre godkjenner låneporteføljen til kommunen slik det går fram under menypunkt "Økonomiske rammevilkår, og Lånegjeld og kapitalkostnadar". Alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i budsjettåret 2022.

- Med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 vert det gjort følgjande vedtak for utskrivinga av eigedomsskatt i Volda kommune for 2022:

  A. Volda kommune skal skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2022, jf. eigedomsskattelova §2 og §3 bokstav a).

  B. Volda kommune vel å nytte bustadverdiar (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

  C. Skattesatsen vert sett til 3 promille i medhald av esktl. §11 og §13.

D. Tidlegare Volda kommune og Bjørke-området skal skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med 4/7 delar i 2022 (overgangsregel til esktl. §§ 3 og 4, første ledd første pkt.). Skattesats for særskilte skattegrunnlag skal vere på 2 promille.

E. Eigedomsskatten skal betalast i to terminar.

- Det vert synt til Volda kommune dei siste år har hatt ein auke i talet på barnefamiliar med låginntekt (under 60 % av medianinntekta i landet). Kommunedirektøren vil be om ei nærare utgreiing av låginntektssituasjonen blant innbyggjarane i Volda kommune for å sjå nærare samanhengar og kva tiltak som kan ha effekt.

Bærekraft og klimaprofil

Bærekraftprofil

FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innen 2030.

Vinteren 2020 vart Volda kommune med i nettverket «Berekraftfylket Møre og Romsdal». I samband med dette har alle kommunane i fylket kartlagt status på berekraft, med metodikk utvikla av FN. Resultatet er presentert i ein «berekraftprofil» for kvar kommune, og ein samla fylkesrapport.

Samla for økonomidimensjonen scorar Volda kommune «gult», dvs. innanfor ein score på mellom 33–66 % av måltal. Samla for miljødimensjonen og den sosiale dimensjonen scorar Volda kommune «lysegrønt», dvs. innanfor ein score på mellom 66–95 % av måltal. Det same gjeld samla for fylket.

Indikatorsettet er utvikla av FN/ITU i samband med «United for Smart Sustainable Cities Initiative» (U4SSC) for å gi byar og kommunar ein konsistent og standardisert metode for å samle inn data og måle korleis ein ligg an og utviklar seg for å:

- oppnå berekraftsmål
- bli ein smartare by/samfunn
- bli ein meir berekraftig by/samfunn.

City Profile

Inhabitants	City GDP	Inflation Rate	Households	Household Income
10 473	NOK 4 658 759 859	2.2 %	5 243	NOK 659 000
Area 877 km²				

Performance to Benchmarks – Key Performance Indicators

Dimensions, Categories & KPIs



Samla for **økonomidimensjonen** scorar Volda kommune «gult», dvs. innanfor ein score på mellom 33–66 % av måltal.

- Volda kommune har høg score på IKT infrastruktur. Sjølv om kommunen har god dekning på t.d. breiband, seier målingane ikkje noko om kvalitet og kapasitet på nettet. Det er framleis område med låg hastigheit i kommunen.
- Tilgang på vatn/drikkevatn er godt teke i vare, og det er gode sanitærforhold.
- Tap av vatn i leidningsnettet er høgt. Dette medfører auka kostnad for forbrukar og fare for forureining i drikkevatn grunna brot på vatnleidningar. Desse resultata går att for dei fleste kommunane, og er på eit nivå som vert vurderast som kritisk.
- Innføring av «smarte vannmålere» er ikkje kome langt her i kommunen eller elles i fylket, det same gjeld overvaking av overflate- og flaumvatn. Med den registrerte, og varsla auken i flaum og overflatevatn kan ein stille spørsmål ved om systema er tilstrekkeleg rusta for å sikre eit akseptabelt beredskapsnivå.
- Kommunen manglar data for transportmiddelfordeling, altså kor stor del som køyrer eigen bil, tek buss, går eller syklar. Det gjer det vanskeleg å følgje med på utviklinga, og vanskeleg å måle effekt av tiltak. · Bil- og sykkeldeling er ikkje særleg utbreitt i kommunen.
- Volda kommune scorar lågt på innovasjon. Å måle innovasjonsgrad i eit samfunn er krevjande. Indikatorane som er nytta her måler talet på Forskings- og utviklingsutgifter, tal patenter registrert i kommunen og del små og mellomstore bedrifter.
- Volda scorar raudt på arbeidsløyse. Her må ein merke seg at tala vart henta i 2020, midt under pandemien.
- Talet på IKT-arbeidsplassar i kommunen er lågt. IKT-arbeidsplassar kan vere viktige for å skape ein attraktiv arbeidsmarknad for yngre med høg utdanning, men dannar og miljø som påverkar resten av samfunnet positivt i høve til digitalisering og omstilling.

Samla for **miljødimensjonen** scorar Volda kommune «lysegrønt», dvs. innanfor ein score på mellom 66–95 % av måltal.

- Det er god luftkvalitet i kommunen.
- Verken støy eller elektromagnetisk stråling er store utfordringar.
- Det er gode system for avfallshandtering i kommunen, men for stor del av avfallet går til forbrenning. Tilgangen til grøntområde er god, men det er få verna områder i kommunen. Fastsetting av verneområde ligg ikkje til kommunane, men dei har høve til å påverke det.
- Volda (og fylket) scorar høgt på fornybar energi, men er i motsett ende når det gjeld forbruk av energi. Noreg nyttar elektrisitet til oppvarming i langt større grad enn det som er vanleg elles i verda. Samtidig har vi nok eit unødvendig høgt forbruk av energi, og har mykje å hente på å ta i bruk energieffektive løysingar.
- Offentlege bygningar har eit høgt energiforbruk.

På den sosiale **berekraftdimensjonen** scorar også Volda kommune «lysegrønt».

- Volda scorar høgt på indikatorane knytt til utdanning, helse og bustadtilhøve.
- Volda scorar raudt på kultur, men indikatoren som er nytta her gir ikkje eit rett bilete av situasjonen. Indikatoren viser kor stor del av budsjetta kommunen nytter på kulturformål. Andre stader i verda nyttar kommunane/byane større delar av budsjetta på kultur, medan i Noreg er ein større del av kulturbudsjetta lagt til stat og fylke.
- Volda scorar høgt på sosial inkludering, med unntak av indikatoren for relativ fattigdom (under 50 % av medianinntekt), der vi scorar raudt. Det same gjeld også fleire andre kommunar i fylket. Vi veit frå forsking av fattigdom har ulike følgjeverknader som utanforskap, fråfall i vidaregåande mm., og dette er eit av punkta fylkesrapporten meiner ein bør gi ekstra merksemd.
- Kommunen scorar gult («midt på treet») når det gjeld tryggleik, men fleire av indikatorane her er noko misvisande. Ein scorar t.d. raudt på beredskapsplan. Volda kommune har beredskapsplan jf. norsk lovverk, men den er ikkje i tråd med SENDAI-rammeverket, som FN har

sett som standard. Når det gjeld valdskriminalitet inkluderar dei norske statistikkane meir i dette enn mange andre land, noko som kan forklare at Volda (og andre kommunar i fylket) scorar lågt på denne.

- Politidekninga i Møre og Romsdal er låg, og er etter FN sin standard svært låg. Dette er eit statleg ansvar.
- Responstida for naudetatane er høg.

Les meir om rapporten og kommunestyresaka HER

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	Volda	Ørsta
Annen mobil forbrenning	1 991,4	2 048,7
Avfall og avløp	344,6	274,1
Energiforsyning	0,0	228,1
Industri, olje og gass	0,0	58,9
Jordbruk	13 479,9	15 575,6
Luftfart	0,0	853,8
Oppvarming	668,5	625,7
Sjøfart	8 175,5	7 231,3
Veitrafikk	13 633,1	8 397,5
Sum	**38 293,1**	**35 293,6**

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2 (karbondioksid)

	Volda	Ørsta
Annen mobil forbrenning	1 961,4	2 017,6
Avfall og avløp	0,0	0,0
Energiforsyning	0,0	172,3
Industri, olje og gass	0,0	58,5

Jordbruk	0,0	0,0
Luftfart	0,0	845,5
Oppvarming	120,7	140,3
Sjøfart	8 094,3	7 155,5
Veitrafikk	13 495,8	8 314,8
Sum	**23 672,2**	**18 704,5**

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CH4 (metan)

	Volda	Ørsta
Annen mobil forbrenning	4,6	5,1
Avfall og avløp	176,8	140,8
Energiforsyning	0,0	10,7
Industri, olje og gass	0,0	0,2
Jordbruk	7 819,5	9 104,4
Luftfart	0,0	1,4
Oppvarming	522,8	462,3
Sjøfart	19,0	16,0
Veitrafikk	2,1	1,5
Sum	**8 544,7**	**9 742,4**

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn N2O (lystgass)

	Volda	Ørsta
Annen mobil forbrenning	25,3	26,1
Avfall og avløp	167,8	133,3
Energiforsyning	0,0	45,1
Industri, olje og gass	0,0	0,1
Jordbruk	5 660,4	6 471,2
Luftfart	0,0	6,8
Oppvarming	25,0	23,0
Sjøfart	62,2	59,9
Veitrafikk	135,3	81,3
Sum	**6 076,1**	**6 846,7**

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Utslepp av klimgassar per gass

Grafen viser sum utslepp fordelt per sektor og type utslepp



Utslepp av klimagassar per innbyggjar

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	2009	2011	2013	2015	2016	2017	2018	2019
Volda	4,2	4,4	3,9	3,7	3,8	3,7	3,7	3,7
Ørsta	4,0	3,6	3,6	3,5	3,9	3,4	3,3	3,3
Møre og Romsdal	10,0	9,9	9,6	9,7	9,5	9,5	9,5	9,2
Talet på åleinebuande i Volda kommune aukar. Dette er ein trend i heile landet, både blant unge, vaksne og eldre. Særleg frå 45-årsalderen og oppover lever stadig fleire åleine. I 2009 var 65 % av dei som budde åleine i Volda kommune under 67 år, meden i 2019 var heile 75 % under 67 år.

I Noreg er også einsemd eit aukande folkehelseproblem, noko som kan sjåast i samanheng med tal åleinebuande.

Bustader



62 % av husholningane i Volda bur i einebustad, men del av befolkninga som bur i einebustad går ned. Stadig fleire bur i tomannsbustader, eller rekkehus, kjedehus og andre bygg med fleire enn tre bustader. Dette heng saman med auke i hushald av åleinebuande og små hushald utan heimebuande barn.

Fritidsbustader

	2000	2010	2020
Tal fritidsbygningar	569	619	758

Tal fritidsbustader i kommunen aukar jamt.

Volda kommune sitt dokumentStatistikk og Utviklingstrekk - Kunnskapsgrunnlag til kommunal planstrategi Volda kommune 2020 er ikkje uttømande, og det finst andre statistikkar, tal og tema som er relevante for den nye kommunen. Nedst på kvar side i dokumentet er det sett inn lenkar til kjelder med meir informasjon knytt til ulike tema.

I dette dokumentet finn du meir informasjon om:

Folk og busetting	s. 3	Risiko og sårbarheit	s. 14
Levevaner og helse	s. 6	Klima og miljø	s. 15
Utdanning og kompetanse	s. 8	Areal, natur og kulturminne	s. 16
Kultur, fritid og deltaking	s. 9	Samarbeid	s. 17
Næringsliv og sysselsetting	s. 10	Kommunen sin økonomi	s. 18
Samferdsle og infrastruktur	s. 12	Demokratiutvikling	s. 20
		Samandrag	s. 21

Innhaldsfortegnelse

Husbanken har utarbeidd monitor som gir ei oversikt over bustadsosial situasjon i kommunen. Monitoren viser utfordringar og gir grunnlag for analyse og tiltak. [Sjekk monitor til Husbanken her.]

Folkehelseoversikt

Alle kommunar skal i følgje folkehelseloven § 5 utarbeide ny folkehelseoversikt kvart fjerde år. Oversikta skal syne helsetilstanden i kommunen og identifisere faktorar som påverkar innbyggarane si helse. Oversikta inngår difor i det systematiske folkehelsearbeidet. Eit viktig formål med det systematiske folkehelsearbeidet, er at utfordringar folkehelseoversikta påviser både vert drøfta i kommunen sin planstrategi og lagt til grunn for kommunalt planarbeid og i utforming av konkrete tiltak for eit meir treffsikkert folkehelsearbeid på både kort og lang sikt.

Figur 1: Faktorar som påverkar helsa [4].

Den viktigaste ressursen til ei kommune er innbyggarane si helse. Difor er oversikt og kunnskap om folkehelsa viktig. I folkehelsearbeidet har både helsefremjing og førebygging sams mål: å redusere behovet for behandling. Helsefremjande arbeid er prosessen som legg til rette for at innbyggjarane kan velje å fremje eiga helse. I Volda kommune er folkehelsa jamt over god dersom vi samanliknar oss med landssnittet. Det er likevel nokre utfordringar også i Volda. Det er viktig å merke seg kva som fungerer godt og halde fram med dette, samtidig som ein klarar å identifisere utfordringane og setje i verk målretta og gode tiltak som løyser desse utfordringane.

I Volda har det i fleire år vore befolkningsvekst og framskrivingane tyder på at dette held fram. Vi kan forvente ei auke i den eldste delen av befolkninga ettersom levealderen aukar og fleire lev lenger med kroniske sjukdommar. Dette vil legge press på mellom anna helsetenestene og forsørgjarbyrden i kommunen vil auke. Med den forventa auken i eldre vil ein også få ein god del «unge eldre». Det er viktig å legge til rette for eit aldersvennleg samfunn og legge til rette for samfunnsdeltaking også for dei som står utanfor arbeidslivet.

Statistikk syner at det er fleire som bur åleine enn tidlegare og undersøkingar peikar på at kommunen manglar sosiale møtestadar samtidig som fleire rapporterer at dei har vore plaga av einsemd. Å førebygge utanforskap er difor eit viktig folkehelsemål. Frivilligheit er i denne samanheng ein viktig folkehelseressurs som kan knyte saman dei som ønskjer å yte hjelp og dei som ønskjer hjelp samtidig som det kan vere ein sosial arena. Folkehelselova peikar også på at kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.

Det er gode oppvekst- og levekårsforhold i Volda, men det er teikn på at dei sosiale skilnadane i kommunen har auka dei siste åra. Prosentdelen barn og unge som veks opp i ein låginntektsfamilie har dei siste åra auka meir enn landssnittet. Statistikk syner at ulikheita i inntekt også har auka og at skilnaden i levealder etter utdanningsnivå har auka. Dette er utviklingstrekk som tyder på at dei sosiale helseskilnadane aukar og kommunen må vere særleg merksam på denne utviklinga. Tiltak som kan utjamne sosiale helseskilnadar er eit viktig folkehelsemål.

Helsetilstanden i Volda er god dersom ein samanliknar førekomsten av ulike sjukdommar mot landssnittet. Utviklinga av desse sjukdommane går diverre feil veg og vi ser ein aukande førekomst av både hjarte- og karsjukdom, diabetes, KOLS, kreft og muskel-/skjelettlidingar i Volda kommune. Tilgjengelige tal på overvekt og fedme syner at Volda har ei utfordring med overvekt og fedme. Overvekt er vanskeleg å behandle og det er viktig med gode førebyggingsstrategiar, særlig retta mot barn og unge. Psykiske plager har hatt ein aukande førekomst dei siste åra både lokalt og nasjonalt. Nokre meiner at auka individualisering i samfunnet og sterkare prestasjonspress, til dømes i skulen, ligg bak denne utviklinga. Andre meiner at auken kan skuldast større openheit om, og merksemd på, slike plager. Forskinga gjev ingen klare svar på dette. Vi veit at levevanar har ein tett samanheng med dei ikkje-smittsame sjukdommane kreft, hjarte- og karsjukdom, diabetes og KOLS. Det helsefremjande og førebyggjande arbeidet bør halde fram, med fokus på dei bakanforliggande faktorane, t.d. arbeid med å auke kvardagsaktiviteten, og å fremje dei sunne helsevala innan kosthald, ernæring, søvn, tobakk og rusmiddel.

Det har blitt sagt at helse- og omsorgssektoren kan avhjelpe 10 prosent av folkehelseutfordringane medan resterande 90 prosent må løysast i andre sektorar. Det er difor viktig at vurderingar av konsekvensar for folkehelsa ligg til grunn ved alle vurderingar og avgjersler kommunen tek. Folkehelse heng tett saman med FN sine berekraftsmål som skal leggast til grunn for planleggingsarbeidet i kommunen. Eit godt tverrsektorielt og kunnskapsbasert folkehelsearbeid er med andre ord viktig for å kunne nå berekraftsmåla og for å skape eit trygt samfunn og gi innbyggarane ein mogelegheit til å ta helsevenleg val.

Les meir om folkehelse i dokumentetFolkehelseoversikt 2020 Grunnlagsdokument til kommunal planstrategi 2020-2024 og sjå presentasjonen som vart gitt i kommunestyre i april 2021

Investeringar i økonomiplanen

Investeringsprofil

Investeringsportefølje for 2022 er i overkant av 378 millionar kroner og for økonomiplanperiode 2022-2025 på nesten 764 millionar kroner.

Dei store investeringsprosjekta er knytt til ny ungdomsskule, ny symjehall, større veginvesteringar i kommunen og strategisk utbygging av bustadmasse og bustadfelt. Desse investeringane utgjer omlag 568 millionar kroner.

Det vert ei hektisk økonomiplanperiode for å nå målsettingane som er lagt til grunn for vekst og utvikling av kommunen og voldasamfunnet. Når vi veit at i tillegg til dette vil det etter erfaring dukke opp andre prosjekter som må utviklast parallelt vil det krevje mykje av administrasjonen med omsyn til gjennomføring.

Andre investeringer

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
Administrasjonsstab					
IKT investeringar Volda kommune	2 500	2 500	2 500	0	7 500
Programvare barnevern	900	0	0	0	900
Programvare bibliotek	150	0	0	0	150
Programvare flyktning	180	0	0	0	180
Programvare vaksenopplæring	180	0	0	0	180
Trygg løysing for pasientvideo til bruk for opplæring	500	0	0	0	500
Sum Administrasjonsstab	**4 410**	**2 500**	**2 500**	**0**	**9 410**
Oppvekst					
Digital satsing i barnehagen	1 000	1 250	0	0	2 250
IKT investeringar Oppvekst	3 678	0	0	0	3 678
Utskifting av digitalt personleg utstyr til elevar i grunnskulen	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Sum Oppvekst	**5 678**	**2 250**	**1 000**	**1 000**	**9 928**
Samfunnsutvikling					
Auke budsjett prosjekt 030066 - beredskap (naudstraum	625	0	0	0	625

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
Hornindal omsorgssenter)					
Bustadfelt - Garanti og sal	625	0	0	0	625
Bustadfelt under utbygging	15 035	18 975	0	0	34 010
Digital kartlegging	0	800	0	0	800
Elbilar og kommunal infrastruktur	11 000	0	0	0	11 000
Etablering av personalbase Bømarka 8	300	0	0	0	300
Etablering parkering Volda sentrum - Moritz marka	2 500	0	0	0	2 500
Etablering toppsystem SD anlegg Hornindal	650	0	0	0	650
Garantiansvar	1 250	0	0	0	1 250
Grunn og næringsutvikling	12 501	0	0	0	12 501
Innkjøp av ny GPS	400	0	0	0	400
Innreiing elektriske varebilar	425	0	0	0	425
Kommunale vegar	1 875	1 875	3 750	0	7 500
Kyrkjekontoret - ombygging fleire kontor	950	0	0	0	950
Maskin og utstyr eigedom	679	0	0	0	679
Maskin, bilar og utstyr brann	0	1 375	0	0	1 375
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	4 294	1 955	2 375	0	8 624
Ny ungdomsskule	112 083	50 333	5 000	0	167 417
Ombygging og oppgradering av 3 et. rådhuset -	1 800	0	0	0	1 800
Ombygging og oppgradering av helsestasjon rådhuset	500	0	0	0	500
Områdeplan for Volda sentrum	625	0	0	0	625
Oppgradering kommunale bygg	19 416	4 625	4 625	0	28 666
Oppgradering og modernisering av brannførebyggande installasjonar og system kommunale bygg	1 200	0	0	0	1 200
Opprusting av samfunnshuset - ungdomsklubb	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Rehabilitering av kai på Yksnøya	250	0	0	0	250
Reinseanlegg legionella - sikre bygg etter vannrapport 123 forebygging av legionella	625	0	0	0	625

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
Renseanlegg VVS varmeanlegg Hornindal helsehus	190	0	0	0	190
Sentrum og friluftstiltak	10 785	0	0	0	10 785
Solskjerming kommunale bygg	2 500	2 500	2 500	0	7 500
Strategisk utvikling av kommunale utleigebustadar	1 500	24 000	25 000	25 000	75 500
Svømmehall	100 000	133 000	5 000	0	238 000
Tilsetting av prosjektleiar investering	450	918	0	0	1 368
Tiltak og utbetringar på vegar, bruer, gang/sykkelvegar samt mindre oppgraderingar	2 380	5 015	0	0	7 395
Trafikktrygging	2 000	1 250	1 250	0	4 500
Utbygging kommunale vegar	52 858	733	0	0	53 591
Utskifting av bil frå 1981 ved Hornindal stasjon	0	0	1 000	0	1 000
Utskifting av feiarbil	700	0	0	0	700
Utskifting av tankbil Hornindal. Sameige med VA	0	0	0	5 000	5 000
Utskifting av vaktbil for mannskap.	1	400	400	0	801
Sum Samfunnsutvikling	**365 472**	**250 254**	**53 400**	**32 500**	**701 626**
Helse og Omsorg					
Helseplattforma	600	6 000	29 600	0	36 200
Ny bil til dagsenterdrift i distrikta	625	0	0	0	625
Velferdsteknologi og IKT Helse og omsorg	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Sum Helse og Omsorg	**2 725**	**7 500**	**31 100**	**1 500**	**42 825**
Sum	**378 285**	**262 504**	**88 000**	**35 000**	**763 789**

Selvkost

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
Samfunnsutvikling					
Avløpsanlegg	20 000	1 500	0	0	21 500
Ledningsprosjekt	9 000	21 970	42 470	0	73 440
Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp	940	0	0	0	940
Nytt vassverk HB2	17 000	0	0	0	17 000
Utbyggingsavtalar	7 460	0	0	0	7 460
Vassverk	10 400	5 000	0	0	15 400
Sum Samfunnsutvikling	**64 800**	**28 470**	**42 470**	**0**	**135 740**
Sum	**64 800**	**28 470**	**42 470**	**0**	**135 740**

Andre investeringer

Administrasjonsstab

Bustadfelt under utbygging

I tida framover vil ein utvikle kommunale bustadtomter i Volda sentrum. Fokus vil på kort sikt vere retta mot feltet i Urbakkfoten og i første omgang mot område som kommunen eig og disponerer i Heltne/Bratteberg. I førre budsjettrunde la ein ei samla ramme på 50 millioner kroner eksklusiv grunnerverv.

Volda kommune sine kalkyler for utbygging av bustadfelt B58 Øvre Heltne (30083) er stipulert til 32,5 mill eksklusiv grunnerverv. Som første byggesteg vil kommune bygge ut det kommune eig og det vil vere behov for å fullfinansiere denne delen av prosjektet i 2022.



Del av bustadfelt ein vurderer å bygge ut som første byggesteg.

Bustadfelt Urbakkfoten (30088) har ei kalkyle på 15 mill eksklusiv grunnerverv Prosjektet heng saman med sambindingsveg Håmyra-Engesetgeila. Ein forventar oppstart av prosjekt i midten av 2022.

Urbakkfoten

Prosjekt som inngår i dette hovudprosjektet:

Prosjekt 030049 er ferdigstilt og vil gå ut.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030049	Opparbeiding Løvland bustadfelt
030083	Bustadfelt Bratteberg
030088	Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra

IKT investeringar Volda kommune

Prosjekt: Modernsiering og utskifting av IKT-utstyr og møterom

Mykje av IKT-utstyret som våre tilsette er avhengige av idag er utdatert og gammalt. Det stetter ikkje krav frå moderne system og fører til at arbeidsprosessar tek lenger tid enn naudsynt, og i nokre tilfeller

så vil ikkje nye system fungere i det heile, til dømes videomøter. Krav til teknologi og arbeidsprosessar har endra seg radikalt dei siste åra, og kommunen har hatt ei god utvikling på fleire områder men her har vi ikkje heilt lykkast å halde tritt med utviklinga.

Dette utgjer ei teknisk gjeld for kommunen. Det betyr at vi vil ha utfordringar med gevinstrealisering. Kommunen må redusere teknisk gjeld for å møte krav til effektivtet og for å kunne realisere gevinstar. Til dømes vil oppgåver i sakshandsaming og fagsystem ta lenger tid enn naudsynt, og våre tilsette vert på den måten mindre effektive. Det er difor naudsynt å gjennomføre eit moderniseringsløft ved å investere i nytt og moderne IKT-utstyr, som vil kunne fungere i ei årrekke framover.

Vi skal ikkje investere i ny teknologi og erstatte utdatert utstyr etter fast intervall på 5 år, men vi skal ha oversikt over utstyret vi eig til ei kvar tid, og ved behov investere i nytt - alt etter kva behovet til kommunen er. Teknologien endrar seg raskt , og nye einingar kan erstatte den tradisjonelle kontorplassen for mange av våre tilsette. Erfaringsmessig vert IKT-utstyr utdatert og krevjande å halde vedlike etter omlag 5 år, og for å redusere kommunens tekniske gjeld er kvar vinter kartlagt utstyr som har vert nytta dei siste to månadane. Digitaliseringsrådgjevar vil saman med sektorane gå igjennom lista som ligg til dette dokumentet og vurdere behovet som ligg til dei einskilde fagfelta.

Etter koronapandemien traff oss har vi sett at det er behov for å modernisere møteromma. Kommunen har møterom både på rådhuset og andre bygg innanfor oppvekst, helse og omsorg, og samfunnsutvikling. Bruk av videokonferanse har redusert behovet for å reise i stor grad. Gevinstar av bruk av video er mindre tapt arbeidstid, reduserte reiseutgifter og eit mindre miljøavtrykk. Videokonferanse gjev ein også høve til å gjennomføre korte møter med fleire deltakarar, som eit alternativ til å måtte planlegge større møter fram i tid. På den måten har videokonferanse gitt auka produktivitet/effektivitet.

Prioriterte tiltak er utstyr for helse og omsorg, samfunnsutvikling og stab/støtte.

Prosjekt: IKT infrastruktur i kommunen

Behovet for robust og sikker infrastruktur i kommunen vert større for kvart år. Tal einingar som har behov for tilgong til kommunen sitt nettverk aukar raskt.

I dei to største sektorane våre, Helse og omsorg, og Oppvekst så har det kome på plass eit par tusen nye einingar dei siste åra, og det er forventa at den utviklinga vil halde fram, til dømes ved innføring av velferdsteknologiske løysingar og fleire digitale læremiddel og verktøy.

Også innannfor samfunnssektoren har det vore ei stor utvikling, og her har vi nok berre sett starten. Til dømes har Eigedom innført robotar innanfor reinhald, både støvsugarar og vaskarar. Det er forventa at sektoren vil ta i bruk fleire typar nye sensorteknologiar innanfor alle fagområder som ligg til sektoren.

Kommunen må difor modernisere og utvide kapasiteten i sin eigen infrastruktur på jamnleg basis. SSIKT har ansvar for å drifte og vedlikehalde eksisterande IKT infrastruktur i kommunen, men det er kommunens eige ansvar å syte for utvida infrastruktur i kommunen, og fornying av nettverk mellom bygg.

Telenor si stenging av koparnettet fører og til behov for å etablere ny IKT-infrastruktur fram til dei kommunale einingane som vert råka av dette.

Prioriterte tiltak er Oppigarden barnehage, Lauvstad barnehage, Dravlaus skule, Mork skule og Mork barnehage

Programvare barnevern

Dagens situasjon
Dei siste årene er det gjennomført fleire vurderingar av kvaliteten til IT-løysningane som nyttast i det kommunale barnevernet i Norge. Hovudkonklusjonen er at utilstrekkelig IT-støtte avgrensar barnevernet si evne til å gje god og effektiv hjelp til born og unge som treng det, og at manglande hjelp frå IT-løysningar hindrar barnevernet i å nå formålet med barnevernlova.

Frå Bufdir: *"Barn og familier (tjenestemottakere) får ingen hjelp av IT-løsninger til å ha oversikt over saken sin eller å utøve brukermedvirkning*
Ansatte i barnevernet får liten hjelp av IT-løsninger til å levere barnevernstjenester som er effektive, forsvarlige og av høy kvalitet
Ledere i barnevernet får liten hjelp av IT-løsninger til å lede, styre og rapportere i barnevernet på en god måte
Det finnes ingen god støtte for digital samhandling når de ulike aktørene i og utenfor barnevernet skal kommunisere eller overføre informasjon
DigiBarnevern har pågått siden 2016 og har vært gjennom en konseptfase (2016-2017) og en planleggingsfase (2017-2019). DigiBarnevern er nå i gjennomføringsfasen som er anslått å være til ca. 2022."

Dagens løysning har ei rekkje faglige og tekniske utfordringar, og det nasjonale rammeverket forvalta av Bufdir og KS stiller krav som vår eksisterande løysing ikkje kan stette. Løysinga må difor erstattast med ny løysing. Investeringsprosjektet vil gjennomføre anskaffing av løysing inkludert innføring og driftssetting.

Gevinstar

- Digitale innbyggjartenester(KS Minside) med oversiktleg innsikt i eigen sak og saksgang, tilgang til dokumenter, chat-/kontaktfunksjon og annan kommunikasjon, samt kunne gje eller ta vekk samtykke osv
- Tilby eit arbeidsverktøy for våre tilsette som innheld naudsynt funksjonalitet for å stette lovkrav
- Redusert tapt arbeidstid gjennom mindre feil og manglar i nytt system

Tidsplan

Innkjøpet er planlagt gjennomført hausten 2022

Programvare bibliotek

Dagens situasjon

Systemet som biblioteka nyttar idag vert avvikla, og kommunen må difor skifte ut Micromark. Dette er ei felles utfordring for alle kommunane i Møre og Romsdal
Anbod og innkjøp, samt drift vert koordinert for alle kommunane av Fylkeskommunen Møre og Romsdal

Budsjett

Marknadsundersøkingar synar ein forventa investeringskostnad på 150 000kr

Gevinstar

- Meir fornøgde brukarar av bibliotektenesta
    - Sjølvbetjening via internettside
- Meir fornøgde tilsette
- Redusert manuelt arbeid

Tidsplan

Anskaffinga vert styrt av Møre og Romsdalfylkeskommune og det er forventa at innkjøpet vert gjennomført enten 1. eller 2. kvartal 2022.

Programvare flyktning

Dagens situasjon

Flyktningtenesta nyttar idag eit eldre system, som også vart nytta av NAV Volda før ein inngjekk samarbeid om NAV med Ørsta kommune.

NAV Ørsta/Volda har halde i drift dei gamle systema til Volda og Ørsta kommune, og Flyktningtenesta har difor kunne halde fram å nytte denne.

NAV Ørsta/Volda har grunna endra behov måtte gå til anskaffing av nytt system, og vil vert sett i drift 01.01.2022. Det gamle systemet til NAV Ørsta/Volda vert drifta i ein periode utover 2022, men vil til slutt bli avvikla og sletta.

Flyktningtenesta i Volda må difor gå til innkjøp av nytt system som dekkjer faglege behov og som stettar lovkrav.

Budsjett

Marknadsundersøkingar synar ein forventa investeringskostnad på 100-150 000.

Det er budsjettert for bistand til gjennomføring av ein Del 1 konkurranse (forenkla konkurranse) til 30 000kr.

Tidsplan

Utarbeide behovsskildring og kravspesifikasjon 1. og 2. kvartal 2022.

Gjennomføre innkjøp og innføring av nytt system 3. og 4. kvartal 2022

Programvare vaksenopplæring

Dagens situasjon

Vaksenopplæringa nyttar idag eit eldre system, som også vart nytta av NAV Volda før ein inngjekk samarbeid om NAV med Ørsta kommune.

NAV Ørsta/Volda har halde i drift dei gamle systema til Volda og Ørsta kommune, og Vaksenopplæringa har difor kunne halde fram å nytte denne.

NAV Ørsta/Volda har grunna endra behov måtte gå til anskaffing av nytt system, og vil vert sett i drift 01.01.2022. Det gamle systemet til NAV Ørsta/Volda vert drifta i ein periode utover 2022, men vil til slutt bli avvikla og sletta.

Vaksenopplæringa i Volda må difor gå til innkjøp av nytt system som dekkjer faglege behov og som stettar lovkrav.

Budsjett

Marknadsundersøkingar synar ein forventa investeringskostnad på 100-150 000.

Det er budsjettert for bistand til gjennomføring av ein Del 1 konkurranse (forenkla konkurranse) til 30 000kr.

Tidsplan

Utarbeide behovsskildring og kravspesifikasjon 1. og 2. kvartal 2022.

Gjennomføre innkjøp og innføring av nytt system 3. og 4. kvartal 2022

Trygg løysing for pasientvideo til bruk for opplæring

Dagens situasjon

5-6 sjukepleiarar må bruke ein heil dag på å reise og opplæring for kvar pasient som har spesielle prosedyrar, med dei kostnadane dette medfører.

Det blir idag brukt uforholdsmessig mykje tid på mange reiser i samband med opplæring av tilsette og deira oppfølging av pasientar ute i kommunen, som kunne vore løyst til ein betre kvalitet og gjort meir effektiv ved bruk av digital løysing.

Målbilde

Ei trygg videoløysing der ein sjukepleiar frå heimetenesta kan reise til sjukehuset/pasienten (t.d. Ålesund sjukehus), få god praktisk gjennomgang av prosedyren og filme denne.
Så kan ein gje tilgang til dei sjukepleiarane som skal til pasienten, og dei har høve til å sjå gjennom fleire gongar. Det vil også vere ei god støtte når ein er tilbake frå til dømes lengre ferie og treng oppfrisking i prosedyra før dei skal til pasienten.

Ei slik ordning vil også vere stressreduserande og kan bidra til å førebygge sjukefråvær. Desse sjukepleiarane står ofte åleine langt ute i periferien i kommunen og må løyse utruleg mange ulike tekniske og medisinske prosedyrer og mange forskjellige apparat og maskiner.

Ei slik løysing vil difor kunne gje både pasientar og pårørande ei betre teneste, då sjukepleiaren som kjem inn døra har roa over seg fordi han/ho nettopp har fått gått gjennom prosedyra ved å sjå opplæringsvideo før han/ho kjem til pasienten.

Budsjett

Kommunen er avhengig av ekstern innkjøpsrågjevning og innkjøpsbistand i dette prosjektet. Det er forventa ein kostnad for denne støtta på omlag 100 000kr.

Vidare er det rekna ein kostnad på 400 000kr for kjøp av teneste, tilpassing og opplæring i bruk av denne.

Gevinstar

- Tilsette vil ha dei ulike prosedyrene tilgjengeleg til ei kvar tid og kan sjå korleis det vert utført medan ein utfører eller før ein skal å utføre ei prosedyre.
- Brukarane vil få kvalitetssikra utføringa av prosedyrene og det vil verte utført likt av dei tilsette.
- Reduksjon av stress for tilsette og kan bifra til å førebygge sjukefråvær

Tidsplan

Utarbeiding av behovsskildring og kravspesifikasjon iløpet av 2. kvartal 2022

Utlysing og anskaffing av løysing 3. eller 4. kvartal 2022

Oppvekst

Digital satsing i barnehagen

Innkjøp av interaktive tavler og mobiltelefonar. Vidare er det behov for midlar til kompetansehevande tiltak som ei innføring til dette.

Utskifting av digitalt personleg utstyr til elevar i grunnskulen

Tiltaket gjeld utskifting av digitalt utstyr som i-pad på 3. årssteg og chromebook på 8. årssteg.

Dette er ei fast årleg utskifting på desse trinna. Når det gjeld 1. og 2. årssteg nyttar ein brukt utstyr.

Samfunnsutvikling

Auke budsjett prosjekt 030066 - beredskap (naudstraum Hornindal omsorgssenter)

I samband med etablering av naudstraumsaggregat ved Hornindal omsorgssenter manglar ein finansiering til delar av prosjektet. Aggregat må plasserast ved teknisk rom og det må gravast og lage tilbygg til aggregatet, samt kjøp og montering av aggregat.

Bustadfelt - Garanti og sal

Hovudprosjektet omfattar avsette midlar til garanti og utbetringar i tida etter ferdigstilling. Midlane vert justert i tråd utløp av garantiperiode og vert vurdert årleg i samband med budsjettarbeidet.

Prosjekt som er omfatta:

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030015	Utbygging bustadfelt K10, Klepp
030084	Bustadfelt Fyrde
030085	Bustadfelt Gôtene, Lid
030086	Bustadfelt Myragjerdet - utbyggingsavtale
030087	Bustadfelt på bygdene
030089	Diverse bustadfelt sentrum
030090	Håmyra bustadfelt - overtaking 1
030092	Fannemel
030093	Kirkhornbakkane
030135	Næringsområde i Furene

Bustadfelt under utbygging

I tida framover vil ein utvikle kommunale bustadtomter i Volda sentrum. Fokus vil på kort sikt vere retta mot feltet i Urbakkfoten og i første omgang mot område som kommunen eig og disponerer i

Heltne/Bratteberg. I førre budsjettrunde la ein ei samla ramme på 50 millioner kroner eksklusiv grunnerverv.

Volda kommune sine kalkyler for utbygging av bustadfelt B58 Øvre Heltne (30083) er stipulert til 32,5 mill eksklusiv grunnerverv. Som første byggesteg vil kommune bygge ut det kommune eig og det vil vere behov for å fullfinansiere denne delen av prosjektet i 2022.



Del av bustadfelt ein vurderer å bygge ut som første byggesteg.

Bustadfelt Urbakkfoten (30088) har ei kalkyle på 15 mill eksklusiv grunnerverv Prosjektet heng saman med sambindingsveg Håmyra-Engesetgeila. Ein forventar oppstart av prosjekt i midten av 2022.

Urbakkfoten

Prosjekt som inngår i dette hovudprosjektet:

Prosjekt 030049 er ferdigstilt og vil gå ut.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030049	Opparbeiding Løvland bustadfelt
030083	Bustadfelt Bratteberg
030088	Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra

Digital kartlegging

Behov for ny digital kartlegging (ortofoto ol) av kommunen. Sist kartlegging var i 2019. Tiltaket er i tråd med kartleggingsplanen for Møre og Romsdal som vert gjennomført av Statens kartverk. Gode kart er avgjerande for kommunen og for samfunnet generelt sett. Tiltaket er i samsvar med framdriftsplan lagt til 2023.

Elbilar og kommunal infrastruktur

Tiltaket omfattar både utbygging av ladeinfrastruktur mot kommunal verksemd og tilrettelegging av ladeløysingar som opne for alle. Eit første ledd i dette er etablering av ladepark i 2022 på Rotset. Det må vidare arbeidast for same type tilbod i sentrum og ein håper at plan- og utviklingsprosjekt i sentrum vil bidra til at dette vert realisert innan kort tid.

Vidare er utskifting av fossil bilpark knytt til dette hovudprosjektet og det står for tur ei større utskifting av bilar i sektorane. Frå sentrale myndigheiter er det nyleg sendt på høyring ny forskrift om energi- og miljøkrav ved anskaffing av kjøretøy. Frå samferdselsdepartementet si side er det føreslått å innføre nullutslepp ved offentleg anskaffing av kjøretøy og at dette skal tre i kraft frå 01.01.2022

Etablering av personalbase Bømarka 8

Bømarka 8 har i dag personalbase i eit av husværa. Personalbasen stettar ikkje krav til arbeidsmiljø og har ikkje plass til fasilitetar for dei tilsette. Behovet for fleire bustadar er pressande og husværet må frigjerast til dette.

Tomta tilhøyrande Bømarka 8 er relativt romsleg og er utforma slik at ein ser føre seg ei påbygging på sida mot Rotsethornet. Det vil være behov for planlegging/prosjektering, samt dispensasjon for

tilbygget. Grunna kapasiet for utføring og behov for kartlegging er det forslått Kr. 300.000 for planlegging og prosjektering i 2022. Ein vil komme attende i budsjettarbeid for 2023 med kostnad og plan for gjennomføring i 2023.

Etablering parkering Volda sentrum - Moritz marka

Volda kommune har tatt over Mortitz marka og bygningane på tomta. Det er i dag bygg som står til fare for omgjevnadane med fare for skade på materiell og personell som ferdast i området.

Området er eit strategisk område for Volda sentrum og utvikling, som første steg blir det etablert parkeringsplass. Bygga som står der i dag blir rivne og parkeringsplass blir etablert.

Etter etablering av parkeringsplass vil ein sjå på midlertidige og faste tiltak i området gjennom samarbeid med fleire kommunale prosjekt. I samband med straum til bobilparkering vil ein etablere faste laddepunkt for el-bil, samt etablering av toalett og tømmestasjon for bobilar i same området. Ein vil førsøke å legge tilrette for installasjonar for barn og unge i samband med sentrumsprosjektet.

Etablering toppsystem SD anlegg Hornindal

Toppsystem til bygg i Hornindal er defekt etter at Flash opphøyrde. SD anlegget er knytta mot VA server og var eit sjølvstendig system tidligare. No når Flash er ute må ein ut på kvart enkelt bygg i Hornindal for å sjekke anlegga, feilsøke og styre VVS, ventilasjon, lys, varme osv. Volda kommune har i dag SD system gjennom Sauter og det er naudsynt å knytte bygga i Hornindal opp mot det etablerte SD anlegget. Der er enkelte styringssystem som er heilt ute som gjer at ein ikkje kan styre bygget pr. i dag, men må vente til denne oppgraderinga er gjennomført. Når dette er gjennomført har vi full dekning i felles anlegg for heile kommunen.

Garantiansvar

Hovudprosjektet omfattar avsette midlar til garanti og utbetringar i EPC prosjektet og kjøkken ved omsorgsenteret. Midlane vert justert i tråd utløp av garantiperiode og vert vurdert årleg i samband med budsjettarbeidet

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030006	EPC gjennomføringstiltak
030051	Omsorgsenter-sentralkjøkken

Grunn og næringsutvikling

Hovudprosjektet omfattar i hovudsak midlar til strategisk grunnerverv. Vidare vil kostnadar til etablering og sal av næringsområde vere ført mot dette hovudprosjektet.

Av nye tiltak vil planlegging av siste næringsområde på øvre Rotset (ØRN 3)kome inn under dette prosjektet.

Prosjekt 030030, 0300136 og 0300137 er ferdigstilt og vil gå ut.

Prosjekt 030038 gjeld strategisk grunnerverv.

Prosjekt 030066 er knytt til omsorgsenteret på Grodås og sikrar nødstrøm.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030030	Infrastruktur Volda Campus Arena
030038	Strategisk eigedomsutvikling
030063	Ny veg Ytrehorn- skulen
030066	Aggregat til beredskap
030136	Øvre Rotset Næringsområde 1 - sal av tomter
030137	Øvre Rotset Næringsområde 2 - ferdig opparbeidd

Innkjøp av ny GPS

Innkjøp av ny GPS til oppmåling

Noverande GPS er 11 år gamal og utadatert. Ved ein ny GPS vil ein få betre og meir nøyaktige målingar. Det vil også vere lettare å få gode nok signal for måling. I tillegg er svært dårleg batterikapasitet på dagens GPS som gjer at ein ikkje kan nytte han på fleire oppdrag på same dag utan å få lada.

Innreiing elektriske varebilar

Elektriske varebilar er kjøpt inn og bilane fungera godt. Det er vanskelig å halde bilar i god orden, samt ha kontroll på utstyr og oversikt for effektiv utføring av arbeid. Ein ser behov for å innreie bilane på lik linje med bilar i det privat som t.d elektrikartenester, rørleggartenester og driftstenester for effektiv drift.

Kommunale vegar

Hovudprosjektet omfattar investeringar knytt til asfaltering av kommunale vegar .

Kyrkjekontoret - ombygging fleire kontor

Kyrkjekontoret har behov for fleire kontorplassar. samstundes har tannlegen som leiger i tilstøytane lokalar signalisert at dei ønsker redusering i sine lokalar og husleige.

Det blir difor fremja forslag om å etablere 3 nye kontor for kyrkjekontoret og tilkomst frå kyrkja sine lokaler.

Maskin og utstyr eigedom

Prosjektet omfattar innkjøp av biler til eigedom. Bilar er bestilt , men vert mest truleg ikkje levert i 2021. Midlane vert derfor ført over.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030109	Bil seksjon vedlikehald og utvikling
030111	Køyretøy seksjon forvaltning og drift

Maskin, bilar og utstyr brann

Hovudprosjektet omfattar investeringar på maskiner øg kjøretøy i avdeling for brann og redning

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030103	Fy bil til feiar
030104	Skifte av brannbil

Maskin, bilar og utstyr Veg og Park

Ein har vurdert behovet for investeringar og rår til at ein deler opp innkjøp av utstyr over år i økonomiplanperiode-

Tiltak for 2022:

Ny traktor Myrtun-

Den eine av to traktorar på Myrtun er ein 2007 modell som har gått over 8600 timar. Køyretyet er no så gammalt at mange større reparasjonar står for døra. Kost/nytteverdien er no negativ i høve alder/manglar. Vi er heilt avhengig av traktoren då den går i brøyting og kantklipping heile året rundt. Ei

kritisk investering. Ved havari er vi svært sårbare. Innbyte av gammal traktor er trekt frå i summen for investering. Sum investering = 2.600.000,- + mva.

Robotklipparar-

I 2021 testa vi ut robot klipparar på 4 ulike stadar i kommunen. Etter ein del innkøyringsproblem har desse etter kvart synt seg tenlege. Vi vil prøve å utvide dette med 4-5 i tillegg, for å redusere manuell klipping og rekke over meir av det vi ikkje får gjort i dag (mellom anna stell av parkar). Sum investering = 300.000,- + mva.

Biltransporthengar-

Vi har 2 biltransport hengarar som vi nyttar til frakt av plentraktorar og klippeutstyr. Den eine er ikkje godkjend biltilsynet (for stort overheng bak) og vi må byte den ut med ein nyare modell. Den er brukt gjennom mange år, men stettar ikkje nyare krav. Kritisk investering. Sum investering = 110.000,- + mva.

Plentraktor-

Vi har framleis ein traktorklippar av den gamle typen som trengs fornying på. Det er ikkje fornuftig å reparere meir på denne, då den er såpass gammal at det er tungvint å få tak i deler og noko går sundt ofte. Sum investering = 125.000,-

Snøfres-

Vi manglar front/bakmontert snøfres til den eine traktoren i høve vinterdrift. Dette har medført ein del ekstraarbeid og dårlegare kvalitet på arbeidet vi utfører ved større snømengder. Slik snøfres vil gjere oss meir effektive. Sum investering = 300.000,- + mva.

Ny ungdomsskule

Prosjektet er under utførelse og finansiering av ny ungdomskule er lagt inn med 170,8 mill.

Ombygging og oppgradering av 3 et. rådhuset -

Bakgrunn for prosjektet er at 3. etg. i rådhuset ikkje vart renovert i forbindelse med gjenoppbygging etter brannen i 2010. Utfordringar i dagens lokalar er at det er stor lydgjennomgang mellom kontora, pga. underdimensjonerte lydveggar, og ei konevektorkasse som går uavbrutt gjennom heile etasjen på ytterveggane.

Vidare er det no ikkje lenger råd å få tak i lyskilder som passar i den gamle himling frå 1979. Oppheng av nye lampar og skrivebordsbelysning er vanskelig å feste pga. dårleg innfesting av himling som står i fare for å ramle ned dersom ein belastar denne. Vår vurdering er at renovering av 3. etg. vil gi eit meir fleksibelt kontorbygg med fleire kontorplassar og auka kapasitet på møterom. Samtaler av konfidensiell art vil kunne gjennomførast på ein sikker måte.

Ein ser for seg ei tostegs utbygging og at kostnaden kan fordelast over to-år. Dei førebelse planane viser at etasjen vert utvida med 5 møterom og 5 ekstra kontor på same areal som idag.

Kommunedirektøren signaliserer ved å løfte fram dette tiltaket at ein ynskjer at ein internt iverksetter tiltak og prosjektering for å nå målsetjingane som er lagt til grunn. I den vidare prosessen må det tenkjast nytt, alternativt og syte for å optimalisere prosjektet både med omsyn til innhald og kostnadsnivå.

Ombygging og oppgradering av helsestasjon rådhuset

Helsestasjon er frå byggeår og har svært lite oppgradering. Det er gjort enkelte avbøtande tiltak. Det er svært lytt mellom kontora som gir brot på personvernet kvar einaste dag. Det er dårlig lys i lokala og det er ikkje lenger mogleg å skaffe armatur til gamal himling, dette fordrar utskiftig av himling og overgang til LED. Ei hovudombygging og oppgradering av lokala må til for å tilfredsstille krav til arbeidsmiljø og gode arbeidsvilkår.

Ein ser for seg ei tostegs utbygging og at kostnaden kan fordelast over to-år. Dei førebelse planane viser at det er behov for ei totalrenovering av lokala og ein må sjå på planløysing som stettar dagens behov.

Kommunedirektøren signaliserer ved å løfte fram dette tiltaket at ein ynskjer at ein internt iverksetter tiltak og prosjektering for å nå målsetjingane som er lagt til grunn. I den vidare prosessen må det tenkjast nytt, alternativt og syte for å optimalisere prosjektet både med omsyn til innhald og kostnadsnivå

Områdeplan for Volda sentrum

Prosjektet omfattar utarbeiding av områdeplan for utvikling av Volda sentrum. Dette er ei vidareføring frå arbeidet med volumanalyse som vert ferdigstilt desember 2021. Tiltaket er særs viktig med omsyn til transformasjon og utvikling for sentrum i Volda. I det vidare planarbeidet vil det vere ulik detaljeringsgrad mellom områder som er inkludert i planarbeidet og ein ser derfor for seg at noko av kostnadane kan takast på investering og transporterast til eitt seinare utbyggingsprosjekt der kommunen er ein sjølvstendig part eller partner i ei større utbygging. Midlane er å sjå som delfinansiering av tiltaket saman med omdisponering av budsjett internt i Utviklingsavdelinga.



Avgrensing av områdeplan for Volda sentrum

Oppgradering kommunale bygg

Hovudprosjektet omfattar investeringsprosjekt på kommunale bygg.

Frå førre år er det lagt til grunn desse prosjekta. Prosjekt 030008 er ferdigstilt og går ut, dei andre er i under utførelse.

I vedlegg ligg ein **<u>førebels</u>** rapport for investeringsprogrammet 2022. Her er det tatt med overhengande prosjekt frå 2021 som blir fullført i 2022, samt nye prosjekt for 2022.

Rød understreking= prosjekt er flytta til eigne hovudprosjekt som nye tiltak.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030004	Leikeplassar, skular og barnehagar
030007	Oppgradering kommunale bygg
030008	4. etg omsorgsenteret
030048	Kino, oppgradering amfi
030076	Kommunale bygg lønn
030077	Oppgradering Sevrinhaugen 5
030078	Oppgradering Monsvegen 7A og 7B
030095	Oppgradering helsestasjon
030097	Vaskeri
030123	Oppgradering rådhuset
030143	Samfunnshuset, rehabilitering
030146	Bratteberg skule, oppgradering
030147	Mork barnehage, oppgradering

Oppgradering og modernisering av brannførebyggande installasjonar og system kommunale bygg

Tiltaket gjeld oppgradering av brannførebyggande installasjonar i kommunale bygg. Oppgradering er i tråd med regelverk, avvik til betre og ny standard med god og effektiv FDV.

Sikkerheita til brukarar og bebuarar av bygga er viktig og tiltak mot lite funksjonelle eller ikkje-eksisterande anlegg for brann og evakuering står først.

Dette kan vere kritisk dersom det skulle oppstå ein naudsituasjon, der kvart sekund tel. Ved å montere moderne naudanlegg til både brannvarsling og belysning vil ein til ei kvar tid vere betre rusta, og i stand til rask evakuering. I tillegg til å sikre personar, er ein med på å førebygge skadar på byggmasse som kan oppstå. Dette ved at rett personell vert tidleg varsla ved ein naudsituasjon. Volda kommune vil lukke avvik knytt mot brannområdet ved desse oppgraderingane.

Opprusting av samfunnshuset - ungdomsklubb

Kommunestyret har gjennom budsjettvedtak bedt om at det vert lagt fram sak som sikrar ei langsiktig løysing for ungdomsklubben. Det er også gjort vedtak knytt til sak med vurderinger av framtidig bruk av Samfunnshuset, og uteområdet rundt.

Arbeidet er i prosess og tiltaket følgjer opp kommunestyret sine intensjonar i førre vedtak frå juni 2021.

Kommunestyret ynskjer at det skal etablerast varige lokaler for ungdomsklubb i Volda samfunnshus og ber Kommunedirektøren arbeide vidare med planane.Kommunestyret legg vekt på at ungdommen sjølv skal vere sterkt delaktige i utarbeiding av konseptskisseKommunestyret har forventning om at sak om ungdomsklubb i Volda Samfunnshus vert lagt fram for kommunestyret til endelig vedtak i løpet av hausten 2021.Kommunestyret løyver kr. 200.000,- til forprosjekt. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.2: Kommunestyret ber om at ein oppgraderer/rehabiliterer fasaden på samfunnshuset slik det går fram av saksutgreiinga. Tiltaket vert finansiert ved å omprioritere 3,8 millionar kroner eks.mva frå prosjekt 030006 EPC

Rehabilitering av kai på Yksnøya

Volda kommune har hatt ei allmenn kai som er regulert i ein festeavtale på Yksnøya. Festeavtalen er utgått, men det har vore dialog med grunneigar med omsyn til å forlenge avtalen og soleis legge til rette for at kaia vidare kan nyttast som før. Kai har primært sin misjon mot for på legge til rette for aktivitet for høgskule og reiseliv . EIn kan heller ikkje utelukke at den kan nyttast som ei beredskapskai for øya.

Kaia må utbetrast og grunneigarlaget har fått laga ein enkel beskrivelse på arbeid som bør utførast og har henta inn ein estimert pris.

Reinseanlegg legionella - sikre bygg etter vannrapport 123 forebygging av legionella

Volda kommune har utarbeida nye og betre retningslinjer kring legionella førebygging i Volda kommune. For å kunne klare å ha eit tilfredsstillande system for legionellaførebygging er det særdeles viktig at dei sentrale bygga får montert anlegg som hindrar legionella oppblomstring i bygga. Det er ikkje tilstrekkeleg med lokal manuell førebygging på sentrale bygg som Omsorgssenter, større kommunale utleige bustadar som Fjordsyn, symjeanlegg mm. På sentrale bygg må kommunen montere anlegg på vatn inntak som reinsar vatnet for legionella. Viser til vannrapport 123, samt lovverk knytt mot området.

Renseanlegg VVS varmeanlegg Hornindal helsehus

Hornindal helsehus har i dag vannboren varme. Det vart ikkje montert reinseanlegg på vannborenvarme anlegget. ved etablering, dette medfører groe i anlegget og korrusjon. Over tid vil anlegget ikkje lenger forsyne bygget med varme og ein vil få store avvik og store kostnadar med utskrifting av store delar av anlegget. Dersom ein monterar renseanlegg som vi har på dei andre bygga med vannboren varme vil ein eliminere problemet og reverser det som har skjedd til no. Anlegget vil då fungere normalt i tida framover. Anlegget som er tenkt montert har kommunen god erfaring på gjennom uttesting over fleire år på andre bygg.

Sentrum og friluftstiltak

ovudprosjektet omfattar alle sentrum- og friluftstiltak som vert gjennomført av utviklingsavdelinga.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030011	Tiltak i friluftslivsområde/eigendel tilskotsprosjekt
030013	Sentrumsprosjektet inkl Friluftsområdet Andaneset
030039	Venterom Morizmarka og Kjøs bru
030072	Offentleg toalett sentrum nord

Servicebygg og amfi ved moloen i sentrumshamna:

Det er gitt byggeløyve for tiltaket på moloen og Nordplan AS som prosjekterer for kommunen vil lyse ut konkurranse for oppdraget.

Tiltaket omfattar servicebygg med vaskerom, tørkerom, dusj og toalett. Skråninga på moloen mot elva skal rehabiliterast og det skal byggast eit amfi med trappetrinn av naturstein slik at publikum kan ferdast ned til elva/fjorden og oppnå «kontakt med elementet»

Det er søkt om tettstadmidlar frå fylkeskommunen på kr 968 000,- og tilskot er gitt av fylkeskommunen ved Kultur, næring og folkehelseutvalet i møte 27.okt.

Siste vurdering er at ein vil trenge 1,4 mill til etablering av servicebygg og 3,7 mill til bygging av amfi (trappetrinnpark på moloen ned mot osen av Øyraelva) totalt ca **5,1 mill**.

Ved fyrlykta på moloen

Toalett og venterom Moritzmarka

Det planleggast bygging av venterom og toalett ved Moritzmarka. Kostnad: **1,4 mill**

Røysgata
leik/park
inn- og utkøyring
bubilparkering
10,0 X 6,55 m
bubilparkering
leik/park
inn- og utkøyring
lødemuren vurderast
å stå att
(i skravert område)
venterom - toalett
avløp/vatn
haldeplass - buss

Dette prosjektet må sjåast i sammenheng med nytt tiltak der vi riv bygningar på gnr 19 bnr 1002 og der ein legg tilrette for midlertidig bruk av området til bubilparkering i påvente av eit større sentrumsutviklingsprosjekt. Rivingskostnadar kan transporterast til seinare utbygging.

Kjøp av nye benkar til sentrum:

Det planleggast innkjøp av nye benkar til Volda sentrum. Kostnad: **1 mill**

Møringsbåt i sentrum:

Ein er ikkje i mål med avtale om driftsansvar for Møringsbåt i sentrum. Kommunen har fått tilbod om kjøp av aktuell båt til ein pris langt under kostnadane med å bygge ny. Så snart driftsavtale med Bjørkedal kystlag er på plass er det såleis mogleg å realisere prosjektet innanfor ei ramme på **kr 500 000,-.**

Straum til Prestholmen:

Det er gjort vedtak om kommunal finansiering av straum til Prestholmen. Kostnad: **kr 200 000,-**

Friluftslivstiltak Botnasanden

Bygging av parkeringsplan og turveg ved Botnasanden friluftslivsområde er ferdig. Det er fundamentert, lagt fram kabel og avløp for sanitærbygg ved parkeringsplassen.

Det er aktuelt å søkje om tilskot til bygging av sanitærbygg neste år (2022). Truleg vil ein kunne oppnå 50 % tilskot frå Miljødirektoratet/fylkeskommunen frå ordninga «tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde»

Kostnad sanitærbygg: 1,3 mill. Behov for løyving på kommunen sitt budsjett 2022: **kr 650 000,-**

Parkeringsplass for dagsturhytta på Nakkebruna

Det er behov for å finansiere innløysing av grunn og etablering av parkeringsplass ved Ytrehornsvegen for dagsturhytta på Nakkebruna. Avtale om kjøp av grunn er under utarbeiding. Det er aktuelt å søkje om tilskot frå ordninga «tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde» der ein truleg oppnår 50% .

Totalkostnad 1 mill. Behov for midlar på budsjettet 2022: **kr 500 000,-**



Friluftslivstiltak Andaneset

Det er behov for etablering av omkledningsrom/kvilebud ved badstova på Andaneset. Kostnad 850 000. Det er aktuelt å søkje om 50% tilskot frå Miljødirektoratet/fylkeskommunen «tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde». Behov for midlar på budsjettet 2022: **kr 425 000,-**

Andaneset

Parkeringsplass Høydalen

Kommunen har motteke tilsegn om kr 477 000,- til bygging av parkeringsplass i Høydalen, som utgangspunkt for turar i fjellområdet ved Matøskja (1332 moh). Tilskotet utgjer 50% av kostnadane og det er såleis behov for at kommunen løyver **kr 477 000,-** på budsjettet for 2022 for å kunne gjennomføre tiltaket.

Solskjerming kommunale bygg

Eigedomsavdelinga har siste tida fått fleire avvik på manglande solskjerming på kommunale bygg, særleg frå bygg der det oppheld seg folk gjennom dagen. Eigne erfaringar frå bygg der screening (solskjerming) har blitt gjennomført, syner gode opplevde erfaringar på temperatur og inneklima. Når sola står på gjennom ein heil dag i eit lokale, får ein store utfordringar med inneklimaet, ein ser at screening dempar sollyset effektivt, men ein har likevel utsyn, og inneklimaet er betraktelig meir kontrollerbart. Ei positiv bi-effekt av screening er at innsynet vert minimalisert så god som ned mot -0.

På skular betrar det visualisering på undervisingsflater som tavler og smartboard betraktelig.

Helse og omsorg har mange avvik på vernerundar knytt mot solskjerming og oppvarma bygg i sommarhalvåret.

Det blir lagt opp til ei årlig oppgradering av solskjerming på kommunale bygg fram til alle avvik er lukka. Det vil være kommunedirektøren si leiargruppe som prioriterar rekkefølgje i lukking av avvik.

Strategisk utvikling av kommunale utleigebustadar

Det vart i 2020 utarbeida ein rapport frå ei arbeidsgruppe som har vurdert ulike strategiar for utviklinga av området med kommunale gjennomgangsbustadar i Røyslida. I samband med å vurdere strategien for området har arbeidsgruppa også måtte tatt stilling til behovet for kommunale gjennomgangsbustadar og tilstand og plassering av dei bustadane kommunen har i dag. I etterkant av utarbeiding av rapporten,

har det vore arbeida vidare med å lage ein strategi for utvikling av området i Røyslida, samt ein heilheitleg strategi for dei kommunale gjennomgangsbustadane i kommunen.

Det visast til vedlagt rapport, samt vedlagt notat «Strategi kommunale gjennomgangsbustadar». Med bakgrunn i tilstanden til og utforminga av bustadane i Røyslida, er det konkludert med at det er behov for ei endring både med tanke på tal på bueiningar og utforming. Det er vidare vurdert at ein anbefaler å gå vidare med ein samarbeidsmodell for utviklinga av området, der ein brukar ein modell med offentleg/privat samarbeid for å få ei heilheitleg utvikling av området med både kommunale og private bustadar. Det vert også anbefalt at ein brukar utviklinga av uteområdet som eit verkemiddel til å gi heile bumiljøet i området eit løft. I notatet vert det foreslått ei utvikling i 2 trinn og der ein etablerer 2 nye kommunale bygg i området.

Ut frå det behovet for kommunale gjennomgangsbustadar ein har kartlagt gjennom arbeidet med rapporten, er det vurdert at kommunen kan tilfredsstille behovet gjennom ei utbygging i Nygardsvegen i tillegg til den skisserte utbygginga i Røyslidaområdet. Totalt sett vert det anbefalt ein slik strategi for dei kommunale gjennomgangsbustadande i kommunen:

Som belyst i vedlagt notat, er det anbefalt at ein etablerer bueiningane i Nygardsvegen før ein startar riving og bygging i Røyslida. Dette for å kunne dekke betre opp for behovet for kommunale gjennomgangsbustadar gjennom ei byggefase i Røyslida. Det vil likevel vere fornuftig å starte opp planleggingprosessen i Røyslida så snart som mogleg dersom det skal vere klart for bygging på tomta når bygget i Nygardsvegen er ferdigstilt.

Einehusvære

Plassering og utforming av einehusvære er ein vanskeleg prosess då bebuarane i slike bustadar har spesielle og individuelle behov. For kvar bebuar som er aktuell for ein slik type bustad må det gjerast individuelle vurderingar ut frå det einskilde behovet. Eit alternativ til å etablere nye bueiningar med permanent plassering, er å sjå på ei løysing med bruk av flyttbare hus (hus på hjul). På denne måten låser ein seg ikkje til ei permanent plassering og ein har større fleksibilitet til å vurdere plasseringa med utgangspunkt i bebuar sine behov. Administrasjonen vil vurdere slike løysingar i det vidare arbeidet.

Opprinnelig budsjett		**-24 936**	**-24 936**	**-24 936**	**-24 936**
Vedtak forrige periode					
Premieavvik og amortisering år 2022 - 2025	Økonomi	20 910	5 862	12 469	14 426

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
Sum Vedtak forrige periode		**20 910**	**5 862**	**12 469**	**14 426**
Konsekvensjusteringer		**20 910**	**5 862**	**12 469**	**14 426**
Konsekvensjustert ramme		**-4 027**	**-19 075**	**-12 468**	**-10 511**
Nye tiltak					
Auke i investeringstilskotet til kyrkja	Økonomi	330	1 330	1 330	1 330
Løns- og prisvekst, auke i driftstilskotet til kyrkja	Økonomi	250	250	250	250
Utviding av kyrkjekontoret - auka tilskot til kyrkja	Økonomi	0	150	150	150
Sum Nye tiltak		**580**	**1 730**	**1 730**	**1 730**
Nye tiltak og realendringer		**580**	**1 730**	**1 730**	**1 730**
Ramme 2022-2025		**-3 447**	**-17 345**	**-10 738**	**-8 781**

Nye tiltak

Auke i investeringstilskotet til kyrkja

I investeringsbudsjettet til Volda kyrkjelege fellesråd er hovudprioriteringa finansiering av prosjekta fellesrådet prioriterer i Plan for nyanlegg, vedlikehald og fornying. Her har utviding av Leirshaugen gravplass høg prioritet. Eit prosjekt med ei kostnadsramme på kr. 25,5 millionar som krev ei auke i investeringstilskotet på kr. 1,07 millionar frå 2022.
Fornying av hovudorgelet i Volda kyrkje er òg eit prosjekt som kjem opp med det første og som må inn i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden.Dette er eit prosjekt på kr. 8 -10 millionar med kr. 4 millionar i lånefinansiering og resten innsamla midlar. Lånet krev ei krev ei auke i det kommunale investeringstilskotet på kr. 260.000,- frå 2023.

Løns- og prisvekst, auke i driftstilskotet til kyrkja

Volda kyrkjelege fellesråd ber om auke i driftstilskotet frå kommune som følgje av løns- og prisvekst.

Utviding av kyrkjekontoret - auka tilskot til kyrkja

Eigedomsavdelinga har lagt inn investeringstiltak knytt til utviding av kyrkjekontoret. Ei utviding medfører auka husleige for kyrkja noko som dei ber om å få igjen gjennom auka tilskot frå kommunen. Tiltaket vert lagt inn med ei auke i overføringar frå år 2023 og ei forventa husleigeinntekt til eigedom frå same år

Oppvekst

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	299 075	283 489	295 642	293 862	293 322	293 322
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	25 448	30 479	25 671	25 471	25 471	25 471
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	88 890	76 386	81 670	81 120	81 120	81 120
Overføringsutgifter	2 956	3 900	2 170	2 170	2 170	2 170
Finansutgifter	0	0	0	-21	-20	-19
Sum Driftsutgifter	**416 370**	**394 254**	**405 153**	**402 602**	**402 063**	**402 064**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-13 870	-16 614	-18 597	-18 597	-18 597	-18 597
Refusjoner	-124 243	-91 411	-97 162	-97 162	-97 162	-97 162
Overføringsinntekter	-65	-5 722	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-138 177**	**-113 747**	**-115 759**	**-115 759**	**-115 759**	**-115 759**
Sum	**278 193**	**280 507**	**289 393**	**286 842**	**286 303**	**286 304**

Fordeling per ansvarsområde

Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Stab oppvekst	1 390	6 594	10 112	10 112	10 112	10 112
Barnevern Volda	18 739	18 900	20 402	20 402	20 402	20 402
Helsestasjon	8 200	8 676	10 209	10 209	10 209	10 209
Barnehage	92 981	93 716	97 834	97 063	97 064	97 065
Skule	143 892	139 128	137 140	135 360	134 820	134 820
Vaksenopplæring og integrering	14 762	14 406	13 696	13 696	13 696	13 696
Interkommunalt barnevern	-1 772	-913	0	0	0	0
Sum	**278 193**	**280 507**	**289 393**	**286 842**	**286 303**	**286 304**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Administrasjon	2 291	6 560	2 351	2 351	2 351	2 351
Satsing fosterheimsarbeid 2020	0	0	167	167	167	167
Barnehage	87 713	86 063	89 528	88 228	88 228	88 228
Grunnskole	132 499	129 152	134 463	132 883	132 343	132 343
Styrket tilbud til førskolebarn	6 287	8 859	9 927	10 477	10 477	10 477
Voksenopplæring	8 903	7 503	6 926	6 926	6 926	6 926
Skolefritidstilbud	3 208	2 281	1 668	1 468	1 468	1 468
Skoleskyss	2 121	2 610	2 610	2 610	2 610	2 610
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	8 196	8 676	10 209	10 209	10 209	10 209
Barneverntjeneste	6 607	6 788	8 290	8 290	8 290	8 290

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	1 174	1 609	1 609	1 609	1 609	1 609
Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	10 958	10 503	10 503	10 503	10 503	10 503
Introduksjonsordningen	5 800	7 004	6 871	6 871	6 871	6 871
Ytelse til livsopphold	151	100	100	100	100	100
Interkommunale samarbeid (§§27/28A - samarbeid)	-1 772	-913	0	0	0	0
Kulturskoler	3 906	3 712	4 171	4 171	4 171	4 171
Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)	0	0	0	-21	-20	-19
Sum	**278 193**	**280 507**	**289 393**	**286 842**	**286 303**	**286 304**

Beskriving av verksemda i dag

Sektor oppvekst

Sektor for oppvekst skal bidra til at barn og unge får ein trygg oppvekst med høve til å delta og utvikle seg ut i frå eigne føresetnader, jf Barnekonvensjonen.

Alt arbeid i sektoren er forankra i *Kvalitetsplanen*, der sektoren sine verdiar, mål og tiltak kjem fram.

Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer

Visjonen vår speglar eit optimistisk syn på framtida vår og kva vi ynskjer å oppnå. Visjonen skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som arbeider i sektoren. Dei lovpålagde oppgåvene og måla styrer arbeidet vårt, medan visjonen peikar på det overordna målet og teiknar opp kursen vår.

Sektoren forvaltar store verdiar på vegne av fellesskapen, og det er sektoren sitt ansvar å produsere gode tenester for barn, unge og vaksne.

Auka press på økonomien saman med meir kompleksitet, tilseier at sektoren må ha evne til omstilling. Sektoren er inne i ei tid med omstilling og omstrukturering.

I 2021 vart det gjennomført fleire strukturelle endringar både for å betre tenestetilbodet og for å redusere kostnader:

- Austefjord skule vart nedlagt.
- Volda læringssenter flytta frå Hamna 20 til tidl. Vikebygda skule.
- Bratteberg barnehage vart kjøpt og samlokalisert med Sollia barnehage, som vart nedlagt.

Sektoren legg mykje energi i å auke og betre den tverrfaglege samhandlinga i sektoren og andre relevante tenesteområde i kommunen. I dette arbeidet kjem det også til syne område som treng styrking. Auka bemanning i barnehagane vil styrke tilbodet for barn i ein alder som er avgjerande for vidare utvikling. Vidare ser sektoren behov for ein funksjon som både kan rettleie og styrke familiar og bidra til enno betre koordinering av tidleg innsats i kommunen. Sektoren fremjar difor to tiltak i budsjett for 2022 og økonomiplanperioden:

1. Koordinator tidleg innsats
2. Auka bemanning i barnehagar

Dette er tiltak som skal kome i møte dei forventningane som ligg i oppvekstreforma som trer i kraft i 2022. Kommunane får då det fulle økonomiske og faglege ansvaret når barn vert plassert i fosterheim. Det vert også høgare eigendel når barn har behov for statlege barnevernstiltak. Det er forventa at kommunane i større grad satsar på lokal førebygging og eit samordna familiestøttande arbeid.

Årsverk	År 2022
Stab oppvekst	3,0
Helsestasjon	11,7
Barnehage	101,6
Skule	190,2
Vaksenopplæring	15,2
Barnevern	41,9
Oppvekst	**363,5**

Utfordringar og strategi

Sektor oppvekst har arbeidd medvite med tidleg innsats og å utvikle og styrke den tverrfaglege samhandlinga.

Dei første leveåra er avgjerande for vidare utvikling. Ei styrking av bemanninga i barnehagane, særleg mellom dei yngste barna, vil bidra til å fremje og styrke ein inkluderande praksis der alle barn får delta i fellesskapen, utvikle seg, meistre og lære ut i frå eigne føresetnader. I budsjettframlegget er det synleggjort kostnadene knytt til styrking av bemanninga i barnehagane.

Det er oppretta tverrfaglege samhandlingsgrupper (TSG) i alle barnehagar og skular som kjem i tillegg til ressursteam for barnehage og ressursteam for skule. I tillegg har kommunen kommunepsykolog. Sektoren har eit utviklingspotensial når det kjem til å systematisere og konkretisere den tverrfaglege samhandlinga og tydeleggjere kven som “eig” saker der fleire tenesteområde er involvert.

Det siste året har ein hatt tilskotsmidlar til å finansiere stilling som familie- og ungdomsrettleiar. Tiltaket har hatt som mål å bidra til å rettleie og støtte familiar som har behov for det. Vidare vere tilgjengeleg for ungdom som har utfordringar og behov for støtte og rettleiing. Tiltaket er eit lågterskeltilbod som avlastar både kommunepsykolog og helsesjukepleiarar.

I budsjett er det lagt inn ein ressurs til koordinering av tidleg innsats. Kommunalsjef er i dialog med Korus om avtale for Volda kommune om innføring av BTI-modellen, som er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller uro til. BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan brot i oppfølginga. Ressursen som er lagt inn i budsjettet vil få eit ansvar for arbeidet med innføring av BTI-modellen i Volda kommune. Modellen er teke i bruk i Ulstein kommune.

Dette er tiltak som skal kome i møte nokre av dei forventningane som ligg i oppvekstreforma, som trer i kraft i 2022. Kommunane får då det fulle økonomiske og faglege ansvaret når barn vert plassert i fosterheim. Det vert også høgare eigendel når barn har behov for statlege barnevernstiltak. Det er forventa at kommunane satsar på lokal førebygging og eit samordna familiestøttande arbeid.

Satsingsområde:Livskvalitet og meistring

Livskvalitet og meistring er eit satsingsområde inn mot FN sine berekraftsmål

3 – God helse og livskvalitet
4 – God utdanning
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane sjølve og alle sektorane i kommunen tek aktivt del i folkehelsearbeidet og jobbar for at alle skal meistre liva sine og nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Kommunen har ei viktig rolle i å bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: At dei meistrar tilværet, sjølve livet.

Folkehelse handlar om førebyggande arbeid innan alle kommunen sine verksemder, og det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenkjer "helse i alt vi gjer". Samarbeid på tvers av fagområda og med innbyggjarar er viktig for å sikre livskvalitet og meistring.

Hovudmål

- Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar

Mål

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Volda kommune samhandlar internt og tek initiativ til samskaping med innbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar	Involvere frivillige i evt tilbod om sommarskule	2,0	2,0	2,0	2,0	
		Medverknad frå lag og organisasjonar i revidering av kvalitetsplan	100,0 %				
		Opplevd samarbeid og informasjon i barnehagar	4,8	4,8	4,8	4,8	

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
		Reduksjon i kostnader tiltak utanfor heim	0,0 %	0,0 %	20,0 %	20,0 %	
		Bruk av fritidskort	80,0 %	80,0 %	80,0 %	80,0 %	
	Volda kommune vidareutvikler tenester for born og unge slik at fleire oppleve meistring og fellesskap	Barnesamtalar med alle 5-åringar i barnehagar	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
		Del elevar som er nøgd med skulehelsetenesta - elevundersøkinga	90,0 %	90,0 %	90,0 %	90,0 %	
		Elevundersøkinga - medvirkning 10. årssteg	3,2	3,3	3,4	3,5	
		Redusere behovet for timar til spesialundervisning	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	
		Skulebidragsindikator 1.-4. årssteg	0,0	0,0	0,0	0,0	
		Trivsel i grunnskulen	4,2	4,2	4,2	4,3	
		Auka nærvær barnehagar	91,0 %	91,5 %	92,0 %	92,5 %	
		Auka nærvær skule	92,5 %	93,0 %	93,5 %	94,0 %	

Satsingsområde:Grøn omstilling

Grøn omstilling er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

13– Stoppe klimaendringar
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Volda kommune skal gjennom si planlegging, verksemd og i samhandling med andre sikre redusert klimaavtrykk. Vidare legge til rette for at innbyggjarane kan ta miljøvennlege val.

Kommunen skal arbeide målretta med samfunnstryggleik for at innbyggjarane skal kjenne seg trygge, og arbeide for å ivareta naturverdiar og økosystem.

Hovudmål

- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.

Volda kommune skal gjennom si planlegging, verksemd og i samhandling med andre sikre redusert klimaavtrykk. Vidare legge til rette for at innbyggjarane kan ta miljøvennlege val. Kommunen skal arbeide målretta med samfunnstryggleik for at innbyggjarane skal kjenne seg trygge, og arbeide for å ivareta naturverdiar og økosystem.

Mål

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.	Volda kommune er klimavenleg i sine innkjøp	Endring person- og varebilpark til el-bil	30,0 %	40,0 %	50,0 %	75,0 %	
		Klimakrav i anbod og kontrakt	Ja	Ja	Ja	Ja	
	Volda kommune sikrar sjølve og gjennom sitt renovasjonsselskap at avfall gir verdi	Kildesortering mat-papir-plast	Ja	Ja	Ja	Ja	

Satsingsområde:Organisasjonsutvikling

Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde i Volda kommune som er forankra i kommunen sine verdiar

Raus

Modig

Kompetent

Lærande

For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane er involvert i demokratiske prosessar som er prega av openheit og tillit. Representasjon i den politiske deltakinga skal spegle samfunnet.

Volda kommune skal vere ein føreseieleg og attraktiv arbeidsgjevar som er tydeleg i sine forventningar, der dei tilsette meistrar, trivest og får nytta ressursane sine.

Hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.

Mål

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Sjukefråvær	9,0 %	8,5 %	8,0 %	8,0 %	
		Talet på heiltidsstillingar					
		Høg rolleklarheit	4,1		4,2		
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4,2		4,3		
		Meistringsorientert leiing	4,0		4,0		
		Meistringsklima	4,0	4,0	4,0	4,0	
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjettramme	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
		Investering i samsvar med budsjettrammer	95,0 %	95,0 %	97,0 %	98,0 %	

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
	Volda kommune sitt beredskapsarbeid trygger samfunnet.						

Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru

Meistringorientert leiing: Retning - definerer roller, krav og mål. Meining - motivere og inspirere til måloppnåiing Individuell merksemd og støtt Meistringsklima: Arbeidsmiljø der tilsette blir motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode. Delingskultur. Meistringstru: Kvar enkelt si tiltru til eiga kompetanse og moglegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanheng

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		363,5

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**280 507**	**280 507**	**280 507**	**280 507**
Vedtak forrige periode					
100 % kutt miljøarbeidar/programrådgjevar Volda læringsenter	Oppvekst	-350	-350	-350	-350
Flytting Volda læringssenter til Vikebygda skule	Oppvekst	-950	-950	-950	-950
Legge ned Austefjord skule og barnehage	Oppvekst	-750	-750	-750	-750
Reduksjon i rammer grunnskule som følge av mindre elevar	Oppvekst	-660	-2 240	-2 240	-2 240
Reduksjon i rammer SFO	Oppvekst	-400	-600	-600	-600
Sentralisering barnehage (Bratteberg og Sollia)	Oppvekst	-1 100	-2 200	-2 200	-2 200
Tidleg inn i barnehage - styrking	Oppvekst	0	550	550	550
Ungdomssteget - generell innsparing	Oppvekst	0	0	-540	-540
Sum Vedtak forrige periode		**-4 210**	**-6 540**	**-7 080**	**-7 080**
Budsjettendring i år					
Barnevernsvakt Ålesund kommune	Oppvekst	487	487	487	487
Bratteberg barnehage - driftskostnadar overført eigedom	Oppvekst	-412	-412	-412	-412
Fosterheimsplasserte elevar	Oppvekst	704	704	704	704
Revidert nasjonalbudsjett - ikkje endringar i pensjonspåslag og kapitaltilskudd private barnehagar	Oppvekst	688	688	688	688
Sum Budsjettendring i år		**1 467**	**1 467**	**1 467**	**1 467**
Konsekvensjusteringer		**-2 743**	**-5 073**	**-5 613**	**-5 613**
Konsekvensjustert ramme		**277 764**	**275 434**	**274 894**	**274 894**
Nye tiltak					
Arbeidsklær i barnehagen	Oppvekst	250	50	50	50
Auka driftsramme til barnehagar	Oppvekst	200	200	200	200
Barnevern Volda kommune - Endringar som følge av barnevernsreforma	Oppvekst	1 015	1 015	1 015	1 015

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
Brukarbetaling og matpengar barnehagar i 2022	Oppvekst	-1 883	-1 883	-1 883	-1 883
Interkommunalt barnevern 2022	Oppvekst	833	833	833	833
Koordinator tidleg innsats Helsestasjon	Oppvekst	750	750	750	750
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Oppvekst	1 663	1 663	1 663	1 663
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Oppvekst	5 634	5 634	5 634	5 634
Overføring rammer frå Sollia til Bratteberg, samt reduksjon av tilskot til dei private	Oppvekst	0	0	0	0
PPT 2022 - Auka overføring, prisvekst	Oppvekst	167	167	167	167
Tilskot til private barnehagar	Oppvekst	3 000	3 000	3 000	3 000
Sum Nye tiltak		**11 629**	**11 429**	**11 429**	**11 429**
Nye tiltak og realendringer		**11 629**	**11 429**	**11 429**	**11 429**
Ramme 2022-2025		**289 393**	**286 863**	**286 323**	**286 323**

Samandrag budsjett

Budsjettet som vert lagt fram vil sikre ei god og forsvarleg drift i sektoren.

Det vert arbeidd medvite for å betre den tverrfaglege samhandlinga i sektoren og kommunen elles. I budsjettframlegget er det innarbeidd ein ressurs som vil få eit særskilt ansvar for koordinering av tverrfagleg samhandling og tidleg innsats. Ressursen er meint å leie arbeidet med innføring av BTI-modellen i Volda kommune. BTI har som mål å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det vert brot i oppfølginga. Målgruppa er gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller uro kring.

Kostnaden med å auke bemanninga i barnehagane er ikkje innarbeidd i budsjettframlegget, men det er lagt inn som ønska tiltak. Kostnaden er synleggjort i budsjettframlegget.

Vedtak forrige periode

100 % kutt miljøarbeidar/programrådgjevar Volda læringsenter

Konsekvens for økonomi
Ein vil redusere kostnadene med kr 250 000,- i 2021, og kr 600 000,- påfølgjande år.

Konsekvens for innbyggarane
Færre busettingar gir mindre behov for miljøarbeid. Reduksjonen skal med andre ord ikkje føre til vesentlege konsekvensar for busette flyktningar.

Konsekvens for interne tilhøve (organisasjonen)
Sidan reduksjonen er ein konsekvens av redusert aktivitet, skal tiltaket ikkje gje konsekvensar for innbyggarar.

Flytting Volda læringssenter til Vikebygda skule

ØPL 2020 -2023

Legge ned Austefjord skule og barnehage

Øpl 2020-2023

Reduksjon i rammer grunnskule som følge av mindre elevar

Konsekvens for økonomi
Dei komande åra vil det samla elevtalet i voldaskulen gå frå 1193 inneverande skuleår til 1123 skuleåret 23/24. i 2023 skal det vere behov for 3,4 årsverk lærar som tilsvarar kr 2 240 000,-

Konsekvens for innbyggarane
Ingen

Konsekvens for interne tilhøve (organisasjonen)
Kan få eit overtal tilsette som i tilfelle vil krevje ein prosess med omplassering.

Synergiar
Lågare elevtal reduserer ressursbehovet, og frigjer midlar til å dekke auka kapitalutgifter og dekke opp tenester med aukande behov.

Reduksjon i rammer SFO

Konsekvens for økonomi
Det er teke ein grundig gjennomgang av drifta av SFO, og korleis tenesta er bemanna. Ein vurderer at det er rom til å kutte kostnader i denne tenesta. Ein ser effekt av denne gjennomgangen allereie denne hausten, og ein vurderer at innsparingsmåla for perioden 2021 – 2023 er realistiske.

Konsekvens for innbyggarane
Utgiftene i denne tenesta er i all hovudsak knytt til løn. Lågare utgifter tyder færre tilsette. Vaksentettleiken i barnegruppene blir lågare.

Konsekvens for interne tilhøve (organisasjonen)
Lågare vaksentettleik kan gje tilsette større belastning.

Synergiar
Samanlikna med andre kommunar har Volda høge kostnader i drifta av SFO. Reduserte utgifter vil bidra til å dekke kapitalutgifter og tenester med aukande behov.

Sentralisering barnehage (Bratteberg og Sollia)

Øpl 2020-2023

Tidleg inn i barnehage - styrking

Konsekvens for økonomi
Tiltaket er i praksis omdisponering av ressursar innafor sektoren.

Konsekvens for innbyggarane
Tiltaket skal styrke tilbodet retta mot dei aller yngste i barnehagane. Dette tiltaket kan også sjåast i lys av barnevernreforma, men også i lys av *stortingsmelding 6 Tett på.*

Der vert det mellom anna peika kor viktig dei tre første åra er i eit barn sitt liv. Då er hjernen på sitt mest formbare, og desse åra er heilt avgjerande for vidare utvikling. Blir det lagt eit godt grunnlag desse åra, aukar sannsynet for ei god utvikling vidare.

Konsekvens for interne tilhøve (organisasjonen)
Styrkinga er forventa å gje tilsette betre tid og rammer i sitt arbeid med dei yngste barna og deira familiar.

Ungdomssteget - generell innsparing

Konsekvens for økonomi
Ved å legge ned ungdomssteget vil ein redusere 2,9 årsverk inkl reduksjon i leiing ved skulen. Mottakarskulen må auke talet tilsette med 0,8 årsverk. Auke i transportkostnader vert ikkje vurdert som vesentleg. Tiltaket er ikkje tilrådd før i 2024. Då er ungdomssteget udelt, og det ligg føre vedtak i kommunestyret om at administrasjonen då på eige initiativ skal førebu sak om nedlegging av ungdomssteget.

Konsekvens for innbyggarane
For elevane vil tiltaket føre til lengre skuleveg

Konsekvens for interne tilhøve (organisasjonen)
Tilsette må få ny tenestestad

Synergiar
Tiltaket vil gje rom for å flytte barnehagen på Folkestad til betre lokale. Samstundes vil ein kunne oppnå synergieffekt ved samarbeid mellom barnehage og SFO.

Budsjettendring i år

Barnevernsvakt Ålesund kommune

Barnevernsvakt Ålesund kommune, årleg kostnad.

Bratteberg barnehage - driftskostnadar overført eigedom

Tidlegare år har Brattebrg barnehage fått tilskot utbetalt til å dekke ordinær barnehagedrift og drift av bygg. Når kommunen no overtar drifta av barnehagen er det Eigedomsavdelinga som frå kostnadar

knytt til drift av bygget. Rammer til dette vert difor overført frå rammene tilskot til private barnehagar over til Samfunnsutvikling.

Fosterheimsplasserte elevar

I løpet av 2021 har vi fått ansvar for spesial-pedagogiske tiltak kring to fosterheimplasserte elevar som er heimehøyrande i Volda kommune. Elevane er i barneskulen og tiltaket vil halde fram i økonomiplanperioden

Revidert nasjonalbudsjett - ikkje endringar i pensjonspåslag og kapitaltilskudd private barnehagar

I statsbudsjettet for 2021 låg der inne ei forventing i endring av pensjonspåslaget og kapitaltilskudd til private barnehagar. Som følgje av dette vart rammene til Barnehage og Oppvekst redusert. Når dette no vert justert i revidert nasjonalbudsjett er det naturleg å legge dette tilbake til rammene til Barnehage

Visningsflater Volda læringssenter - overføring frå drift til investering

Det er behov for kjøp av visningsflater til klasserom Vikebygda skule no når volda løringssenter skal flytte dit. Dette er kostnadar som skal førast som investering og vert finansiert ved å overføre drifstrammer frå budsjettet til læringssenteret.

Nye tiltak

Arbeidsklær i barnehagen

Det er gjort avtale med dei tillitsvalde i barnehagen om at det vert kjøpt inn arbeidsklær til dei tilsette. Dette vert ein eingongskostnad i år 2022 med behov for supplering i åra vidare

Auka driftsramme til barnehagar

Det er behov for å auke driftsbudsjettet til barnehagar til kursmidlar, inventar og utstyr, lisensar til digital programvare m.m

Barnevern Volda kommune - Endringar som følge av barnevernsreforma

Når ny barnevernsreform vert gjeldande frå år 2022 kjem ikkje lenger øyremerka tilskot knytt til stillingar i barnevernet. Tilskotet vert frå og med år 2022 innlemma i kommunen sitt rammetilskot.

Brukarbetaling og matpengar barnehagar i 2022

Auken i brukarbetaling i barnehagen er justert i forhold til talet born pr barnehage. Fleire born kan og løyse ut meir ressursar og auka lønnskostnadar. Dette er regulert i kontroll av lønnsbudsjettet 2022. Dette tiltaket er dermed med på å finansiere auken i kostnadar der.

Flytting av tilskotsmidlar og utgifter frå stab oppvekst til skule

tiltaket er opprydding i budsjett der tilskot frå kommunar, stat og fylke er flytta frå stab oppvekst til skuleavdeling.

Gjeld tilskot som Praksisopplæring, vidareutdanning lærarar og refusjonar frå andre kommunar knytt til spea pedagogiske tiltak knytt til elevar i fosterheim i Volda. Tiltaket har og ei utgiftsside der Volda betalar for liknande tiltak i andre kommunar.

Interkommunalt barnevern 2022

Interkommunalt barnevern 2022

Koordinator tidleg innsats Helsestasjon

Det siste året har ein hatt tilskotsmidlar til å finansiere stilling som familie- og ungdomsrettleiar. Tiltaket har hatt som mål å bidra til å rettleie og støtte familiar som har behov for det. Vidare vere tilgjengeleg for ungdom som har utfordringar og behov for støtte og rettleiing. Tiltaket er eit lågterskeltilbod som avlastar både kommunepsykolog og helsesjukepleiarar.

Det vert tilrådd at det vert løyvd faste midlar til fast stilling. Kommunalsjef er i dialog med Korus om avtale for Volda kommune om innføring av BTI-modellen, som er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller uro til. BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan brot i oppfølginga. Ein ressurs med ansvar for koordinering av tidleg innsats vil få oppgåver knytt til innføring av BTI-modellen i Volda kommune. Erfaring frå mellom anna Ulstein kommune dokumenterer at dette har stor effekt som reduserer tyngre tiltak innanfor barnevernet.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Overføring rammer frå Sollia til Bratteberg, samt reduksjon av tilskot til dei private

Overføring rammer frå Sollia til Bratteberg, samt reduksjon av tilskot til dei private

PPT 2022 - Auka overføring, prisvekst

Volda kommune er med i interkommunalt samarbeid om PP teneste som Ulstein kommune er vertskommune for. Årleg budsjett vert fordelt ut pr kommune basert på elevtal henta frå GSI/UDIR for år 2020/2021.

Tilskot til private barnehagar

Kostnadar til kommunal barnehagedrift aukar i form av lønnsvekst, talet på born genererer fleire tilsette for å dekke bemanningsnorm.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Prioritet	2022	2023	2024	2025
Auka bemanning i barnehagane og dermed auka tilskot til private barnehagar	1	1 750	1 250	3 000	2 500
Sum		**1 750**	**1 250**	**3 000**	**2 500**

Nye tiltak

Auka bemanning i barnehagane og dermed auka tilskot til private barnehagar

Auka bemanning i barnehagane er knytt til kompensering av pedagogane si plantid. Ved å kompensere dette styrkar vi samtidig tilbodet til borna. I økonomiplanen 2021-2024 la vi inn eit tiltak på 750 000 kr ti 2021 og 2022 med ei auke til 1 250 000 frå og med år 2023. Tiltaket no justerer til ei årleg samla styrking på 2 500 000 kr pr år.

Om dette vert nytta i si heilheit til dei kommunale barnehagane vil det etterkvart utløyse meir i tilskot til dei private barnehagane. Det må difor gjerast ei vurdering i sektoren slik at ein får til ei smidig løysing i fordeling av tiltaket mellom alle barnehagane i kommunen, både dei private og dei kommunale. Tiltaket skal treffe alle born i kommunen uavhengig av barnehagen si eigarform.

Å styrke bemanning i kommunale barnehagar vil auke tilskotet til dei private barnehagane med to års etterslep.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2022	2023	2024	2025	2022-25
Digital satsing i barnehagen	1 000	1 250	0	0	2 250
IKT investeringar Oppvekst	3 678	0	0	0	3 678
Utskifting av digitalt personleg utstyr til elevar i grunnskulen	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Sum investeringsprosjekt	5 678	2 250	1 000	1 000	9 928

Stab oppvekst

*Stab oppvekst***Innledning**

Kommunalsjef har to fagkonsulentar i sin stab. Desse arbeider hovudsakleg med oppgåver knytt til barnehage- og grunnskuleområdet.

Ulstein kommune er vertskommune for PPT, og yter tenester for Volda kommune. Kommunalsjef oppvekst er leiar i samarbeidsorganet for PPT.

Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru

Meistringorientert leiing: Retning - definerer roller, krav og mål. Meining - motivere og inspirere til måloppnåiing Individuell merksemd og støtt Meistringsklima: Arbeidsmiljø der tilsette blir motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode. Delingskultur. Meistringstru: Kvar enkelt si tiltru til eiga kompetanse og moglegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanheng

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	2 348	2 116	2 900	2 900	2 900	2 900
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 322	7 021	2 721	2 721	2 721	2 721
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 623	4 424	4 591	4 591	4 591	4 591
Sum Driftsutgifter	**8 293**	**13 561**	**10 212**	**10 212**	**10 212**	**10 212**
Driftsinntekter						
Refusjoner	-6 903	-6 967	-100	-100	-100	-100
Sum Driftsinntekter	**-6 903**	**-6 967**	**-100**	**-100**	**-100**	**-100**
Sum	**1 390**	**6 594**	**10 112**	**10 112**	**10 112**	**10 112**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Administrasjon	1 272	5 573	1 334	1 334	1 334	1 334
Satsing fosterheimsarbeid 2020	0	0	167	167	167	167
Barnehage	326	0	207	207	207	207
Grunnskole	-3 257	-3 195	3 972	3 972	3 972	3 972
Styrket tilbud til førskolebarn	619	1 206	1 413	1 413	1 413	1 413
Voksenopplæring	107	201	201	201	201	201
Skolefritidstilbud	186	200	208	208	208	208
Skoleskyss	2 105	2 610	2 610	2 610	2 610	2 610
Sum	**1 390**	**6 594**	**10 112**	**10 112**	**10 112**	**10 112**

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		3,0

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**6 594**	**6 594**	**6 594**	**6 594**
Konsekvensjustert ramme		**6 594**	**6 594**	**6 594**	**6 594**
Nye tiltak					

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
Flytting av tilskotsmidlar og utgifter frå stab oppvekst til skule	Oppvekst	6 867	6 867	6 867	6 867
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Oppvekst	16	16	16	16
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Oppvekst	-3 532	-3 532	-3 532	-3 532
PPT 2022 - Auka overføring, prisvekst	Oppvekst	167	167	167	167
Sum Nye tiltak		**3 518**	**3 518**	**3 518**	**3 518**
Nye tiltak og realendringer		**3 518**	**3 518**	**3 518**	**3 518**
Ramme 2022-2025		**10 112**	**10 112**	**10 112**	**10 112**

Nye tiltak

Flytting av tilskotsmidlar og utgifter frå stab oppvekst til skule

tiltaket er opprydding i budsjett der tilskot frå kommunar, stat og fylke er flytta frå stab oppvekst til skuleavdeling.

Gjeld tilskot som Praksisopplæring, vidareutdanning lærarar og refusjonar frå andre kommunar knytt til spea pedagogiske tiltak knytt til elevar i fosterheim i Volda. Tiltaket har og ei utgiftsside der Volda betalar for liknande tiltak i andre kommunar.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

PPT 2022 - Auka overføring, prisvekst

Volda kommune er med i interkommunalt samarbeid om PP teneste som Ulstein kommune er vertskommune for. Årleg budsjett vert fordelt ut pr kommune basert på elevtal henta frå GSI/UDIR for år 2020/2021.

Barnevern Volda

*Barnevern*Innledning

Den interkommunale barneverntenesta som Volda er vertskommune for, utfører oppgåvene kommunen har etter barnevernlova. Tenesta skal saman med samarbeidspartnarar ha fokus på tidleg oppdaging og tidleg intervensjon.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	18 739	18 900	20 402	20 402	20 402	20 402
Sum Driftsutgifter	**18 739**	**18 900**	**20 402**	**20 402**	**20 402**	**20 402**
Sum	**18 739**	**18 900**	**20 402**	**20 402**	**20 402**	**20 402**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Barneverntjeneste	6 607	6 788	8 290	8 290	8 290	8 290
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	1 174	1 609	1 609	1 609	1 609	1 609
Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	10 958	10 503	10 503	10 503	10 503	10 503
Sum	**18 739**	**18 900**	**20 402**	**20 402**	**20 402**	**20 402**

Beskriving av verksemda i dag

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. I mars 2017 vart Hornindal barnevernsteneste også ein del av den interkommunale barnevernstenesta. Frå 01.01.2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune.

Personalet er organisert og oppdelt i seksjonar, der ein arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Kvar seksjon har sin leiar.

Fleirtalet av dei fagtilsette i barnevernstenesta har grunnutdanning som barnevernspedagog eller sosionom. To tilsette har anna treårig høgskuleutdanning. Mange tilsette har vidareutdanning som er relevant for fagfeltet. I tenesta sitt familieteam er det lagt vekt på at dei tilsette har vidare - og etterutdanning som gir særleg kompetanse i høve endringsarbeid med familiar.

Utfordringar og strategi

Tenesta opplevde ein stor auke i meldingar siste del av 2020. Etter å ha fått orientering om dette, sette eigarkommunane raskt sett inn tiltak i form av ekstra personalressurs. Det er likevel knytt spaning til korleis auken i meldingar vil prega tida utover i 2022.

Statistikk frå Bufdir sin kommunemonitor viser at Volda kommune har fleire fristbrot enn fylket og landet. Dette kan sjåast i lys av ein sterk auke i talet på meldingar og/eller at same statistikk viser at Volda kommune har færre stillingar i tenesta, samanlikna med fylket og landet.

Oppvekstreforma vil gje barnevernstenesta fleire oppgåver, og det vil bli naudsynt å vurdere om tenesta er rett dimensjonert i forhold til fleire oppgåver og auka forventningar.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		41,9

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**18 900**	**18 900**	**18 900**	**18 900**
Budsjettendring i år					
Barnevernsvakt Ålesund kommune	Oppvekst	487	487	487	487
Sum Budsjettendring i år		**487**	**487**	**487**	**487**
Konsekvensjusteringer		**487**	**487**	**487**	**487**
Konsekvensjustert ramme		**19 387**	**19 387**	**19 387**	**19 387**
Nye tiltak					
Barnevern Volda kommune - Endringar som følge av barnevernsreforma	Oppvekst	1 015	1 015	1 015	1 015
Sum Nye tiltak		**1 015**	**1 015**	**1 015**	**1 015**
Nye tiltak og realendringer		**1 015**	**1 015**	**1 015**	**1 015**
Ramme 2022-2025		**20 402**	**20 402**	**20 402**	**20 402**

Budsjettendring i år

Barnevernsvakt Ålesund kommune

Barnevernsvakt Ålesund kommune, årleg kostnad.

Nye tiltak

Barnevern Volda kommune - Endringar som følge av barnevernsreforma

Når ny barnevernsreform vert gjeldande frå år 2022 kjem ikkje lenger øyremerka tilskot knytt til stillingar i barnevernet. Tilskotet vert frå og med år 2022 innlemma i kommunen sitt rammetilskot.

Helsestasjon

*Helsestasjon*Innledning

Helsestasjonen si verksemd vert styrt av helse- og omsorgstenestelova (avgrensa til helsestasjonsverksemd), helsepersonellova (avgrensa til helsestasjonsverksemd) og folkehelselova. Dette tyder svangerskaps- og barselsomsorg, helsestasjon og skulehelseteneste samt helsestasjon for ungdom og studentar. Kommunepsykologen er organisatorisk lagt til avdeling helsestasjon.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	9 903	8 597	9 380	9 380	9 380	9 380
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	647	689	1 439	1 439	1 439	1 439
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	10	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**10 559**	**9 286**	**10 819**	**10 819**	**10 819**	**10 819**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-284	-400	-400	-400	-400	-400
Refusjoner	-2 075	-210	-210	-210	-210	-210
Sum Driftsinntekter	**-2 359**	**-610**	**-610**	**-610**	**-610**	**-610**
Sum	**8 200**	**8 676**	**10 209**	**10 209**	**10 209**	**10 209**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	8 195	8 676	10 209	10 209	10 209	10 209
Sum	**8 200**	**8 676**	**10 209**	**10 209**	**10 209**	**10 209**

Beskriving av verksemda i dag

Helsestasjonen er ei teneste for alle mellom 0-20 år og omfattar svangerskaps- og barselomsorg, helsestasjonsteneste 0-5 år, skulehelseteneste 6-20 år og helsestasjon for ungdom (HFU). I tillegg får studentar opp til 25 år tilbod ved helsestasjon for ungdom og studentar, psykologteneste for dei opp til 23 år og mottakssamtalar/oppfølging av flyktningar.

Innbyggarar som ynskjer reisevaksinar og influensavaksinar er også brukarar av helsestasjonen.

Kommunehelsetenestelova og nasjonale faglege retningslinjer er førande for tenestene ved helsestasjonen.

Utfordringar og strategi

Det fysiske arbeidsmiljøet ved helsestasjonen er under oppgradering. Dei digitale verktya er fornya, og bygningsmessig er det teke nokre løft. Dårleg lydtetting mellom dei fleste av kontora er ei utfordring, og det er fare for brot på konfidensialitet under samtalar.

Det har vist seg vanskeleg å rekruttere helsesjukepleiarar ved sjukdom og vakansar. Dette sidan det vert utdanna for få helsesjukepleiarar i høve til behovet. Det gir grunn til å vurdere særskilde strategiar for å rekruttere kvalifiserte helsesjukepleiarar.

Særleg i samband med pandemien har talet på tilvisingar til kommunepsykologen auka. Den spesialiserte kompetansen vil ikkje åleine klare å kome i møte utfordringane. Sektoren fremjar difor eit tiltak som har som mål å koordinere tverrfagleg samhandling og tidleg innsats. Dette tiltaket vil få eit særskilt ansvar for å systematisere og strukturere kommunen sine tilbod og tiltak som skal sikre god tverrfagleg samhandling.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		11,7

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**8 676**	**8 676**	**8 676**	**8 676**
Konsekvensjustert ramme		**8 676**	**8 676**	**8 676**	**8 676**
Nye tiltak					
Koordinator tidleg innsats Helsestasjon	Oppvekst	750	750	750	750
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Oppvekst	91	91	91	91
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Oppvekst	692	692	692	692
Sum Nye tiltak		**1 533**	**1 533**	**1 533**	**1 533**
Nye tiltak og realendringer		**1 533**	**1 533**	**1 533**	**1 533**
Ramme 2022-2025		**10 209**	**10 209**	**10 209**	**10 209**

Nye tiltak

Koordinator tidleg innsats Helsestasjon

Det siste året har ein hatt tilskotsmidlar til å finansiere stilling som familie- og ungdomsrettleiar. Tiltaket har hatt som mål å bidra til å rettleie og støtte familiar som har behov for det. Vidare vere tilgjengeleg for ungdom som har utfordringar og behov for støtte og rettleiing. Tiltaket er eit lågterskeltilbod som avlastar både kommunepsykolog og helsesjukepleiarar.

Det vert tilrådd at det vert løyvd faste midlar til fast stilling. Kommunalsjef er i dialog med Korus om avtale for Volda kommune om innføring av BTI-modellen, som er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller uro til. BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan brot i oppfølginga. Ein ressurs med ansvar for koordinering av tidleg innsats vil få oppgåver knytt til innføring av BTI-modellen i Volda kommune. Erfaring frå mellom anna Ulstein kommune dokumenterer at dette har stor effekt som reduserer tyngre tiltak innanfor barnevernet.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Barnehage

*Barnehage*Innledning

Volda kommune har 13 barnehagar, 7 kommunale barnehagar og 6 private barnehagar som utfører oppgåver styrt av barnehagelova m. forskrift og rammeplan for barnehagen. Det er i tillegg ein open barnehage i kommunen. På grunn av pandemien så har den opne barnehagen ikkje hatt drift i 2021.

Det går 550 barn i barnehage. Av desse går 60 % i ein kommunal barnehage.

Volda kommune har ansvar for å tilby barn som bur i kommunen barnehageplass. Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av november har rett til ein barnehageplass innan utgangen av månaden barnet fyller eitt år. Retten gjeld alle som har søkt innan hovudfristen for opptak 1. mars.

Kommunen er lokal barnehagemynde, og skal sjå til at alle barn får eit pedagogisk og trygt barnehagetilbod i samsvar med barnehagelova og rammeplan. Kommunen har ansvar for planlegging, kvalitetsutvikling og tilsyn med heile barnehagesektoren i kommunen.

Det er barnehageeigar som har det overordna ansvaret for at barnehagen vert drive i samsvar med gjeldande lov og avtaleverk. Det fyl av eigaransvaret å ha ei forsvarleg styring, og nødvendige rammer for å kunne oppfylle krava i barnehagelova.

Spesialpedagogisk hjelp i barnehage, og støttetiltak er organisatorisk lagt til avdeling barnehage.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	64 174	59 886	68 573	68 573	68 573	68 573
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 081	2 376	3 038	2 838	2 838	2 838
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	44 164	41 422	38 584	38 034	38 034	38 034
Overføringsutgifter	147	0	0	0	0	0
Finansutgifter	0	0	0	-21	-20	-19
Sum Driftsutgifter	**110 566**	**103 683**	**110 195**	**109 424**	**109 425**	**109 426**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-8 165	-9 617	-11 799	-11 799	-11 799	-11 799
Refusjoner	-9 419	-350	-562	-562	-562	-562

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-17 585**	**-9 967**	**-12 361**	**-12 361**	**-12 361**	**-12 361**
Sum	**92 981**	**93 716**	**97 834**	**97 063**	**97 064**	**97 065**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Barnehage	87 373	86 063	89 320	88 020	88 020	88 020
Styrket tilbud til førskolebarn	5 669	7 653	8 513	9 063	9 063	9 063
Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)	0	0	0	-21	-20	-19
Sum	**92 981**	**93 716**	**97 834**	**97 063**	**97 064**	**97 065**

Beskriving av verksemda i dag

Barnehagelova med forskrifter og rammeplan for barnehage styrer aktiviteten i barnehagane. Utover dette er det visjonen som er drivkrafta: *Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer.*

Innan barnehageområdet vert det no arbeidd særskilt med:

- regionalt kompetanseutvikling i samarbeid med Sjustjerna og høgskulen i Volda. Satsingsområde er læringsmiljø,leik og språk

- bransjesatsing barnehage. Samarbeid med hovudtiliitsvalde, hovudverneombod, NAV, NAV-IA. Målet er å auke nærvær i barnehagane
- Arbeid med psykososialt læringsmiljø held fram og vi held på å utarbeide felles rutine for barnehagane i Volda kommune
- COS-kurs for nytilsette og foreldre. Det er planlagt 3 foreldrekurs i løpet av hausten.
- oppfølging av nytilsette barnehagelærarar

Koordinator for støttetiltak har prioritert tid til å vere ute i alle barnehagane. Barnehagane som har fått tildelt støttetiltak har fått ei særskilt oppfølging.

Avonova (tidl. Stamina) har dette året gjennomført ei støy- og akustikkvurderingar i dei kommunale barnehagane. Det kjem fram i rapporten at dei akustiske tilhøva ikkje er gode nok i dei fleste barnehagane. Fleire av bygga er gamle og held ikkje dagens krav til barnehagebygg, og fleire av dei tilsette har svart at dei opplever støy som ei vesntleg støybelastning.

Avonova si tilråding er å betre dei akustiske eigenskapar ved lokalar og inventar, tiltak mot støykjelder, samt god organisering av arbeidet. Forventa effekt av tiltaka er; betre trivsel, betre læringsmiljø, mindre grad av stress, betre søvn, meir overskot (også for barna), og mindre fråvær.

Utemiljøet i dei kommunale barnehagane har behov for opprusting for å stette krav om utforsking og fysisk aktivitet for barna.

Digital utvikling krev god digital infrastruktur. Fram til no har denne infrastrukturen ikkje vore god nok i alle barnehagar. Oppigarden barnehage står no for tur til å få betre nett, slik at ein i større grad kan nytte digitale verkty i det pedagogiske arbeidet med barna.

I 2022 vil det bli større merksemd på den digitale utviklinga barnehagane, og ein plan for dette arbeidet skal vere ferdig i løpet av våren 2022.

Utfordringar og strategi

Tiltak på tre område vil bidra til å betre kvaliteten på tilbodet til barn og tilsette:

1. Auka bemanning
2. Betre det fysiske miljø inne og ute
3. Digitale verkty - infrastruktur

Behova i barnehagen er meir samansette enn før både fordi det er fleire små barn, barn har lengre dagar i barnehagen og barna speglar kompleksiteten i samfunnet elles. Barn treng tett oppfølging som krev at personalet er tilgjengelege og kan vere tett på. Personaltettleik og kompetanse hos dei tilsette vil

påverke korleis samspelet mellom barn - barn og barn - vaksen, som igjen har noko å seie for barna sin trivsel og utvikling i barnehagen.

Kommunestyret sitt vedtak om å styrke bemanninga til dei yngste barna i barnehagen er eit steg i rett retning. Eit nytt steg der bemanninga mellom dei eldste også vert styrka vil auke kvaliteten i tilbodet, og det vert også å sjå på som eit tiltak i tråd med intensjonane i oppvekstreforma.

Volda kommune har høve til tilby barn barnehageplass gjennom året. Det er barn som etter lova ikkje har rett på plass eller som kjem flyttande til Volda i løpet av året. Det er hovudsakleg Bratteberg barnehage som kan gje plass ved behov, men då må på personalressursen dimensjonerast etter talet på nye barn som får plass. Dette er det ikkje teke høgde for i budsjettet for 2022.

Barnehagane har utfordringar med nærvær. Det gjer at det til tider er vanskeleg å ha nok tilsette på arbeid. Dette gir større slitasje på dei som er igjen på arbeid og det går ut over kvaliteten på tilbodet. Det blir arbeidd medvite for å auke nærveret mellom dei tilsette i barnehagane.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		101,6

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**93 716**	**93 716**	**93 716**	**93 716**
Vedtak forrige periode					
Sentralisering barnehage (Bratteberg og Sollia)	Oppvekst	-1 100	-2 200	-2 200	-2 200
Tidleg inn i barnehage - styrking	Oppvekst	0	550	550	550
Sum Vedtak forrige periode		**-1 100**	**-1 650**	**-1 650**	**-1 650**
Budsjettendring i år					
Bratteberg barnehage - driftskostnadar overført eigedom	Oppvekst	-412	-412	-412	-412
Revidert nasjonalbudsjett - ikkje endringar i pensjonspåslag og kapitaltilskudd private barnehagar	Oppvekst	688	688	688	688
Sum Budsjettendring i år		**276**	**276**	**276**	**276**
Konsekvensjusteringer		**-824**	**-1 374**	**-1 374**	**-1 374**
Konsekvensjustert ramme		**92 892**	**92 342**	**92 342**	**92 342**
Nye tiltak					
Arbeidsklær i barnehagen	Oppvekst	250	50	50	50
I budsjettframlegget er det lagt fram auke av driftsbudsjettet på 7 079 000kr. Av denne summen er 3,6 millionar relatert til auke i faste kostnadar og lønn, 624 000 kr i interne føringar, 650 000kr i reduserte inntekter på kino og resten på andre tiltak. Du ser dei ulike forslaga i tabellen "Driftsbudsjett med endringar" under *Nye tiltak*.

Budsjettframlegget signaliserer ny satsing innan kulturfeltet der ein vil styrkje kulturavdelinga med ressursar. Ei klar målsetjing med tiltaket er å bygge relasjonar og etablere relevante nettverk, medverke til samarbeid og samskaping på tvers av fagområde og tradisjonelle skiljelinjer og utvikle nye løysingar til beste for innbyggjarane. Det vert også forventa av avdelinga som ledd i dette søkjer tilskot til å auke aktivitet og styrke gjennomføringskraft på kulturfeltet.

Avdeling for brann og redning vert og styrka i budsjettforslaget og legg grunnlag for ei meir utadretta teneste og sikrar naudsynt oppfølging på fleire tiltaksområdet som har kapasitetsmangel. Vidare er det lagt vekt på utdanning av brannmannskapet med ei løyving på 800 000kr.

Innanfor ansvarsområde veg og park er det er lagt inn auke i vintervedlikehald med 900 000 kr

Ein har og funne grunnlag for å legge fram eit tiltak i økonomiplanperiode som utviklar lokale leikeplassar i kommunen. Det er forventa at tiltaket skal stimulere lokale velforeninger til å finne ulike samarbeidspartnarar til å utvikle plassane gjennom ulike samskapingsprosjekter.

Vedtak forrige periode

Austefjord skule

KOSTRA analyse viser at Volda kommune har høg samla prioritering (ressursbruk) innan eigedomsforvaltning, og forklaringa ligg til at kommunen eig/disponerer mykje areal. Potensiale for kostnadsreduksjon ligg til avhending og sal av kommunale bygg, altså antall m2 med bygningsmasse vert redusert.

Eigedomsavdelinga har arbeidd over tid med avhending av eldre kommunal bygningsmasse (skulebygg) som ein ikkje lenger har behov for i eigen regi. Saka som er sendt til kommunestyret i september 2020 gir rom for noko reduksjon av bygningsmasse i tillegg til dette tiltaket.

Endring i struktur der ein legg ned bygg med eigedomsdrift i dag og flyttar ledig kapasitet til andre bygg vil gi direkte sparing for kommunen. Endring i struktur vil være ein prosess knytt til den tenesta som er i bygget.

Tiltaket vart vedtatt i budsjettprosessen for 2021, men kommunestyret har i eiga sak i 2021 reversert tiltaket. Innsparingsgevinsten går derfor bort og midlane vert returnert til avdelinga.

Bytte ut gammal bilpark til elbil - 11 stk

11 av bilane til eigedom er skifta ut med elbil. Tiltaket er gjennomført og generell innsparing vert iverksatt i tråd med økonomiplanen.

Driftsutgifter ny svømmehall

Dette er stipulerte årlege driftskostnadar knytt til svømmeanlegg.

Energireduserande tiltak Prestegata

Det vart i 2021 investert i ny varmepumpe for Prestegata 33 og innsparingseffekten vert iverksatt i tråd med økonomiplanen.

Gebyr for graveløyve

Innføring av gebyr for handsaming av graveløyve vart innført i 2021. I tråd med budsjettvedtaket justerer ein opp inntektspotensialet.

Gradvis auke i gebyr plan og oppmåling

Tiltaket er ei oppfølging av budsjettvedtaket for 2021 der ein hevar gebyra innan fagområdet over tid og gjennom økonomiplanperioda. Det vert lagt fram eiga sak kring gebyra.

Privatisering av vegar

Administrasjonen har under utarbeiding ei sak der vi ser på aktuelle vegparsellar som kan nedklassifiserast og vi planlegg systematisk kartlegging av vegane som ein driftar.

KOSTRA analyse viser at Volda kommune har høg samla prioritering (ressursbruk) innan kommunale vegar og gater. Utgift pr kilometer veg er middels og dette betyr at forklaringa til den høg prioritering kjem av at kommunen har driftsansvar for mange kilometer med veg/gater.

Anbefalinga frå arbeidet knytt til KS analyse var at ny hovudplan for vegar må utarbeidast og at ein la fram liste over vegar som kunne nedklassifiserast.

Reduksjon straum veglys som følgje av utskifting HQL

Tiltaket er iverksatt og omfattar å skifte ut gamle HQL armaturar (kvikksølv damplampe) som står langs vegane i Volda kommune. Slike armaturar har ein langs kommunale, fylkeskommunale og riksvegar. HQL armaturane er ofte 25-40 år gamle, der mesteparten er over 30 år. Det er ikkje mogeleg å få nye standard pærer til desse, då pærene inneheld kvikksølv og er ulovlege å selje. Armaturane har høgt straumforbruk (snittet ligg på om lag 135W) og gjev relativt dårleg lysutbyte og difor dårleg trafikktryggleik.

Innsparingseffekt vert gjort gjeldande frå 2022.

Riving av gamle Folkestad skule

Dette var eit prioritert tiltak i år 2021 med ei ekstra kostnadsramme på 500 000 kr som vart lagt inn som styrking i rammene i det året. Tiltaket er ferdig og rammene må difor nedjusterast med tilsvarande beløp.

Strukturtiltak Utviklingsavdelinga

Tiltaket er ei vidareføring frå førre budsjettrunde som gir nedtrekk i lønsrammer for avdelinga.

Budsjettendring i år

Eigedom- drift av Bratteberg barnehage

Tidlegare år har Brattebrg barnehage fått tilskot utbetalt til å dekke ordinær barnehagedrift og drift av bygg. Når kommunen no overtar drifta av barnehagen er det Eigedomsavdelinga som frå kostnadar knytt til drift av bygget. Rammer til dette vert difor overført frå rammene tilskot til private barnehagar over til Samfunnsutvikling.

Kulturavdelinga vert overført frå Administrasjonsstab til Samfunnsutvikling

Kulturavdelinga vert formelt flytta over til Samfunnsutvikling 1. juli i år. For å unngå at delar av budsjett og rekneskap vert liggande på to sektorar i rekneskapsåret 2021 vel vi å flytte over heile budsjettet og rekneskapen til ny sektor. Dette gjer at også rammene som ligg i opprinneleg budsjett til sektorane Administrasjonstab og Samfunnsutvikling vert endra.

Prisauke forsikring flyttast til eigedom

I budsjett 2021 vart det avsett ein samla post knytt til prisauke forsikring. Delar av denne vert no overført til eigedom som har kostnaden på forsikring bygg.

Voldsfjordkryssing, vedtak frå 2020

I 2020 vart det gjort vedtak om tilføring av 2,5 mill kroner til tiltaket og planarbeid. Finansiert av disposisjonsfondet. Alt vart ikkje nytta i 2020 og vart derfor trekt attende. Midlane vert overført for å dekke kontrakt på planarbeidet som er i prosess

Nye tiltak

Auka driftsramme grunna prisstigning 110 sentralen og IUA, og lønsutgifter etter reforhandling av sentral særavtale for brann og redning

Tiltaket er to-delt.

Avgift til både Interkommunalt utval mot forureining og Møre og romsdal 110 sentral vil auke i 2022. Grunnlaget for kommunane si avgift er basert på folketal. Dermed får Volda i tillegg også auka utgift når studentar har meldt flytting til Volda.

Sentral særavtale SFS2304 for brannmannskap vart reforhandla mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane. Resultatet av denne vil gi brannavdelinga auka utgifter, berekna til omlag kr 300.000,-

Auke i forsikringspremie 2022

Vi har fått melding om auke i forsikringspremien inn mot år 2022. Spesielt er det stor auke på eigedom og på gruppelivs og yrkesskade.

Auke i ramme for vintervedlikehald

Basert på erfaringstal og kostnader frå tidlegare år, syner det at ein har fått overføringar på mellom 1,5 og 2,1mill kroner årleg grunna lågt budsjett til vintervedlikehald. Då er ikkje Bjørke og Hornindal medteke, noko som aukar kostnader monaleg. Unntaket er budsjettet/resultatet for 2020, som var

svært lågt grunna lite nedbør og difor låge kostnader. Vi har ein årleg beredskapskostnad på om lag kr 950.000,- (eks.mva.), dette uavhengig av snømengde.

Vi synleggjort kostnadar for vintervedlikehald ved å flytte det på eige ansvar i budsjettet og har internt justert budsjettet med kr 3,2 mill frå vegbudsjettet, noko som harmonerer med forbruket for tidlegare år når ein tek med årlege overføringar.

Vi meiner at om ein skal ligge i nærleiken av eit normal år, så må denne ramma aukast med minimum kr 900.000,- (eks.mva.) Då får ein eit samla budsjett på kr 4.100,000,- (eks.mva.) for vintervedlikehald.

Husleige Hamna ungdomsklubb

Tiltaket har eitt-års effekt då vi leiger på Hamna 20 i påvente av nytt lokale i samfunnshuset. Kulturavdelinga har overtatt leigekontrakt frå oppvekst.

Kontroll av alle bruer i kommunen

Det er snart 7 år sidan bruene i gamle Volda kommune vart kontrollerte. I ettertid har vi fått fleire nye bruer både i Bjørke området og i Hornindal. Desse har vi ikkje oversikt over og vi treng å få slik oversikt for å kunne planlegge framtidig vedlikehald og få oversikt over framtidige kostnader.

Leikeplassfond

Sommaren 2014 gjennomførte kommunen ei kartlegging og registrering av alle leike- og aktivitetsområda i kommunen. Dette registreringsarbeidet viser at ein har mange areal avsett til leikeareal i kommunen, men kvaliteten på områda varierar.

Det er mykje engasjement og dugnadsånd i Volda og det er fleire som vender seg til for å høyre om det er mogleg å få støtte til opparbeiding av areala som er avsett til leikeplass. Vi har dessverre ikkje noko midlar til dette i dag og med eit slikt leikeplassfond kunne vi hatt ei tilskotsordning der ein kunne søkt kommunen om støtte til til dømes eit leikeapparat eller anna form for opparbeiding. Dette støttar godt under ønskje om å vere ein samskapingskommunen.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Ny stilling prosjektleiar kultur

Tiltaket vil styrkje kulturavdelinga og barne- ungdomsarbeidet. Ein søkjer å legge til rette ei ny stilling 50% finansiert med eksterne prosjektmidlar likt det andre kommunar har gjort .

Ressursen skal leie samarbeidsprosjekt og tiltak som skal leggje til rette for auka frivilligheit, sosialt entreprenørskap og auka aktivitet innan kulturfeltet. Prosjekta vert gjort i nært samarbeid mellom

frivillige lag/organisasjonar, innbyggarar, næringsliv/entreprenørar, offentlege institusjonar og andre aktørar.

Prosjektleiar skal bygge relasjonar og etablere relevante nettverk, medverke til samarbeid og samskaping på tvers av fagområde og tradisjonelle skiljelinjer og utvikle nye løysingar til beste for innbyggjarane. Det vert også forventa at prosjektleiar som ledd i dette søkjer tilskot til å auke aktivitet og styrke gjennomføringskraft på kulturfeltet.

Nytt biblioteksystem

Biblioteka i Møre og Romsdal har behov å bytte biblioteksystem. Tilbakemeldingane frå Møre og Romsdal fylkeskommune som koordinerer innkjøp på vegne av kommunane er at kostnadane vil vere omlag: 200 000kr til investering i 2022 og ein årleg driftskostnad på 150 000kr frå 2023 som er 50 000,- meir enn eksisterande avtale.

Overføring av midlar frå vegbudsjettet

Dette er ei intern justering og medfører ikkje auka kostnadar.

Vi har fått nytt budsjett for vintervedlikehald frå og med år 2022. Vi overfører difor antatt årleg kostnad frå vegbudsjettet og til det nye vintervedlikehaldsbudsjettet frå 2 ulike kontoar. Frå konto 12400 = 2,5mill (eks.mva.) og frå konto 12500 = 0,7mill (eks.mva.). Samla overføring vert difor kr 3,2mill (eks.mva.)

Overføring av midlar til eige budsjett for vintervedlikehald

Dette er ei intern justering og medfører ikkje auka kostnadar.

Vi har fått nytt budsjett for vintervedlikehald frå og med år 2022. Vi overfører difor antatt årleg kostnad frå vegbudsjettet og til det nye vintervedlikehaldsbudsjettet frå 2 ulike kontoar. Frå konto 12400 = 2,5mill (eks.mva.) og frå konto 12500 = 0,7mill (eks.mva.). Samla overføring vert difor kr 3,2mill (eks.mva.)

Overføring av midlar til nytt budsjett for vintervedlikehald

Dette er ei intern justering og medfører ikkje auka kostnadar.

Vi har fått nytt budsjett for vintervedlikehald frå og med år 2022. Vi overfører difor antatt årleg kostnad frå vegbudsjettet og til det nye vintervedlikehaldsbudsjettet frå 2 ulike kontoar. Frå konto 12400 = 2,5mill (eks.mva.) og frå konto 12500 = 0,7mill (eks.mva.). Samla overføring vert difor kr 3,2mill (eks.mva.)

Overføring av tilskotmidlar frå Administrasjonsstab til Kultur

I samband med at Kulturavdelinga er overflytta til sektor for Samfunnsutvikling er det naturleg å overføre ein del av budsjettet knytt til tilskot etter vedtak også. Dette vil gi ei betre oversikt for kulturavdeling ved vurdering av søknadar av ulike formål og til utdeling av dei generelle kulturmidlane. Totalt er det kr. 974 300 som vert overført og er knytt til:

- Volda fotball:
  Leige av stadion kr 60 000
  Kapitaltilskot Mørehallen kr 160 000
- Grendalag kr 90 000 (årleg støtte)
- Grendahuset Vesttun kr 75 000 (gjeld til og med år 2022)
- Stiftinga gamlegymnaset Volda kr 25 000
- Frivillegpris kr 10 000
- Sunnmøre Friluftsråd kr 193 800
- TV-aksjon kr 10 500

Reduksjon av billettinntekter

Eksisterande budsjett for billettinntekter på Volda filmteater /kino ligg per i dag unaturleg høgt. Snitt besøk, også før korona, har vore lågare enn "tidlegare toppår".

Oppgradering av amfi i 2022 vil og innebere at kino vil halde stengt ei periode (mindre inntekter ca 2 mnd lagt inn for 2022).

Reduksjon driftstilskot frå staten - Frivilligsentralar

Kulturdepartementet har sendt forslag til ny forskrift for tilskot til frivilligsentralar på høyring med frist fredag 12. november 2021. Truleg vil den nye forskrifta innebere at Volda kommune får ca. 250 000,- mindre i tilskot til drift av frivilligsentralane årleg.

https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forskrift-for-tilskudd-til-frivilligsentraler/id2867310/?expand=horingsbrev

Reduksjon i tilskot er lagt inn i budsjettet

Reduksjon i leigeinntekter Ivar Aasen bygget

Eigedomane som Volda kommune hadde på campus i Volda er overført til Volda utvikling AS. Så lenge bygningane står vil leigeinntekter tilfalle Volda kommune. Ein forventar at prosjektet med å rive bygningane vil ta til i 2022 og ein signaliserer tap av leigeinntekter i økonomiplanperiode med dette tiltaket

Ressurs til beredskaps- og førebyggande arbeid

Brannavdelinga har eit stort ansvar for tryggleiken til innbyggarane i heile kommunen. Avdelinga har ansvar for drift av 2 brannstasjonar, 4 branndepot, 17 kjøretøy og har til saman 66 tilsette, dei fleste i små deltidsstillingar frå 12 til 40 timar pr år. I kommunen er det omlag 120 særskilte brannobjekt som skal ha tilsyn, i tillegg til tilsyn med fyringsanlegg, gasslager, fyrverkeriutsal mm.

Etter kommunesamanslåinga er alle administrative resursane som Hornindal kommune brukte til brannvern borte. I tillegg til eigne resursar leigde Hornindal feieteneste frå Stryn og Førebyggande teneste frå Ålesund, og så har også brannstyrken på Bjørke kome til. Alt dette må no same tal tilsette som"gamle" Volda hadde ta i tillegg utan auka resursar. Dette gjer at kommunen stadig vert liggande etter, og det vil ikkje vere mogeleg å rekke over alt og både materielle ting og tilsette får lite oppfylgjing.

Sal av tenester Investering

Dette tiltaket er ei årleg intern justering der to av stillingane skal finansierast frå investeringsprosjekt med 50 %.

Tilskot Museum

Tiltaket kjem som følgje av kommunestyret si godkjenning av ny samrbeidsavtale med Viti i sak 21/10678.

Modellen for finansiering av Musea på Sunnmøre er basert offentlege tilskot der staten yter vel 60%, Møre og Romsdal fylkeskommune vel 20 % og kommunane på Sunnmøre til saman 20 %, derav Ålesund kommune 10%.

Volda sin del av dette er kr 517 488. Berekningsgrunnlag er antal innbyggjarar (10781) x sats (kr 48)

Driftstilskotet skal regulerast i samsvar med KPI kvart år i avtaleperioden.

Vidare yter Volda kommune ein kompensasjon for husleige som Musea på Sunnmøre betalar til Volda kommune for lokala til Dalsfjord Fyrmuseum.

Volda kommune skal overføre ein årleg kompensasjon til dekning av desse husleigekostnadane som samsvarar med årleg husleige. I 2021 er denne leia på kr på kr 252 142 (kr 126 071 pr halvår). Denne husleiekompensasjonen kjem i tillegg til ordinært tilskot.

Med omsyn til Volda kommune har inngått ei avtale om sal av Anders Svor museum i Hornindal vil inntekt i noverande budsjett på 77 000,- gå ut.

Utdanning av brannmannskap

Som følge av kommunesamanslåinga, måtte det tilsettast mange nye brannmannskap. I tillegg er det også fleira av dei andre som heller ikkje har fått utdanning. Desse må gjennomføre lovpålagt utdanning etter inntil 2 års intern opplæring.

Utviding av kyrkjekontoret - auka tilskot til kyrkja

Eigedomsavdelinga har lagt inn investeringstiltak knytt til utviding av kyrkjekontoret. Ei utviding medfører auka husleige for kyrkja noko som dei ber om å få igjen gjennom auka tilskot frå kommunen. Tiltaket vert lagt inn med ei auke i overføringar frå år 2023 og ei forventa husleigeinntekt til eigedom frå same år

VA_Basert rå rammer Envidan og lønn

VA_Basert rå rammer Envidan og lønn

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Prioritet	2022	2023	2024	2025
Auke budsjett reinhald	1	200	200	200	200
Auke i beredskap mot skogbrann	4	200	200	0	0
Midlar til driftsoppgåver og feilretting	0	315	0	0	0
Ny driftsopperatør-vatn og avløp	1	1	1	1	1
Riving av Bjørkedal gamle skule	1	600	0	0	0
Tilsette 2 fagarbeidarar i seksjon vedlikehald og utvikling	0	1 120	1 120	1 120	1 120
Ungdomsråd	0	298	305	314	321
Vedlikehald av kommunale bygg	1	3 000	3 000	3 000	3 000
Sum		**5 734**	**4 826**	**4 635**	**4 642**

Nye tiltak

Auke i beredskap mot skogbrann

Klimaendringar gjer at faren for skogbrann i vår kommune har auka i seinare tid. Og det er tydelige signal om at dette er noko kommunane må vere førebudd på vil kunne bli utfordrande å handtere.

Skogbrann er ikkje noko som har vore særleg prioritert og det materiellet brannvernet disponerer er ikkje særleg eigna.

Vi må avskaffe lettare materiell som er råd å transportere med seg ut i terrenget, og er eigna til ein innsats ved brann i skog og mark.

Midlar til driftsoppgåver og feilretting

I kom budsjettet ligg kun dekning til drift , vedlikehald og feilrettingsavtale som vi har med Bkk Enotek AS. Vi ser at når det er mindre arbeid, (for eksempel knyting til eksisterande bygg) feil i nettet (vi hadde nettopp ei av graving av fiberkabel som kommunen sjølv har ansvaret for) så har vi ingen midlar til rådvelde for kjøp av tenester eller feilretting. Sum auke i tiltak = 155.000,- + mva.

Ny driftsopperatør- vatn og avløp

r Vatn og avløp vil i åra som kjem få stor aktivitet både på investering og drift. Ein ligg an til å ta over Høydal vassverk som også vil føre til auka driftsbehov og investering.

Driftsopperatørane er sentrale i kartleggingsarbeidet i forkant av prosjektgjennomføring og ved auka investeringstakt vil det gå ut over drifta av vatn og avløpsanlegga.

For å gjere involveringa frå drift så effektiv som mogleg har vi sett på å allokere ein driftsoperatør til meir driftsadministrativt arbeid. Dette vere seg innmåling av eksisterande leidningsnett, kartlegging og dokumentasjon i forkant av leidningsutskiftingsprosjekt, ansvar for vass og avløpsprøvetaking, støtte til den nye driftsingeniøren som begynner i Januar.

Ved å bygge avdelinga på denne måten meiner vi at vi kan få eit betre prosjekteringsgrunnlag som igjen vil føre til betre prising av prosjekt, fere endringsordra, meir effektiv prosjektgjennomføring og lågare kostnadar i prosjekta. Samtidig vil ei styrking i driftsavdelinga føre til at ein kan få eit betre underlag for prioritering av hvilke prosjekt ein skal gjennomføre først og dermed auke kost nytte effekten av prosjekta.

Stillinga vil ikkje føre til auka gebyr då ein frå 2021 til 2022 har tatt ned forbruksramma meir enn stillinga vil føre i auka lønnsutgifter. Dette er mogleg då avdelinga har fått eit klare slilke mellom drift og investering og dermed kan gjennomføre meir på investering av det ein tidligare gjennomførte på drift. Dette betyr at drifta allereie har blitt meir effektiv og at kostnadane blir ført der dei faktisk hører heime.

Riving av Bjørkedal gamle skule

Bjørkedal skule står i dag for forfall og vil etter kort tid bli til fare for omgivelsane og den idrettsplassen som ligg som ein del av tomta. skulen ligg innanfor aktsomheitssone for flaum og marin leire, noko som gjer at ein ikkje kan frådele tomta utan at det blir gjennomføre risikovurdering og kartlegging på tomta. Dette gjer også at det er restrikasjonar på vidare utvikling av tomta. Idrettsplassen er eit viktig samlingsområde for bygda som ynskjer å utvikle å bruke plassen også i framtida. Det har vore gjort ulike tiltak for å kunne frådele bygget utan at ein har lykkast. Det blir anbefalt at bygget no blir rive.

Tilsette 2 fagarbeidarar i seksjon vedlikehald og utvikling

Volda kommune har over fleire år hatt utfordringar med å få inn tilbod på nybygg og større rehabilitering/oppgradering av kommunal bygningsmasse (ca opp til 10 mill prosjekt). Dei siste eksempla vi ikkje har fått inn tilbod er ombygging Legesenter, ombygging sentralkjøkken omsorgssenteret, etablering av 4 et. omsorgssenteret og Volda næringssenter til Vikebygda skule. Det siste nemnte prosjektet måtte stå ferdig i løpet av sommar 2021 for skulestart. Eigedom gjennom seksjon vedlikehald og utvikling gjennomførte prosjektet med eigne prosjektleiarar, tømrarar og fagarbeidarar og ferdigstilte prosjektet til rett tid med godt resultat. Det vart nytta rammeavtalar innanfor spesialområde som elektro og VVS. Der kjem stadig fleire små og mellomstore prosjekt som eigedom må gjennomføre for å

få dette levert og ein treng meir personell slik at vi samstundes kan gjennomføre normalt vedlikehald som vi må flytte på ved prosjektgjennomføring i dag. Vi ynskjer ei forsiktig trinnvis opp-bemanning i seksjonen. Personell kan ved behov leigast ut til investeringsområdet.

Ungdomsråd

Ungdomsråd

Rolla som sekretær for politiske råd og utval kan variere. Det kan vere store forskjellar mellom kva erfarne vaksne politikarar treng og kva ein elev i 8. klasse eller på vgs. har behov for. Som sekretær for eit ungdomsråd er det viktig å ha eit særleg engasjement og forståing for ungdomssaker og politikk knytt til ungdom. Rolla som sekretær i ungsomsrådet inneber å vere ein koordinator, rettleiar og ein som legg til rette. Kommunikasjon, formidling, skape kontinuitet i rådsarbeidet, opplæring, nettverksskaping på tvers av kommunar er sentrale oppgåver for ein sekretær.

Det er viktig å klare balansegangen mellom å støtte (oppmuntre, hjelpe) og å gje relevante og passeleg store utfordringar. For å klare det må du vite kor ungdommane er seg, til dømes når det gjeld alder, kunnskap og erfaring.

Kulturavdelinga jobbar allereie tett med ungdom og har tilsette med kompetanse innan ungdomsarbeid og lang erfaring med medverknad og samarbeid med ungdom. Eit tettare samarbeid med ungdomsrådet vil gjere det lettare for oss å utvikle relevante og gode tenestene til ungdom og å utvikle og støtte ungdomsrådet i arbeidet som dei skal gjere.

Vedlikehald av kommunale bygg

Volda kommune har i dag ca. 81.500 m² bygg. Norm vedlikehald er Kr. 240 pr. M² , det er noko uklart om dette er inkludert kostnadar til personell. Desse talla er utarbeida av RIF Rådgivende Ingeniørers Foreining og er en del av bærekraftsmåla som vi i dag profilerer oss med. Det er retta ein førespurnad kring tema. Dersom ein ser vekk frå personellkostnad har Volda kommune eit avvik på Kr. 16,7 mill. Dersom ein rekna inn personell som arbeidar med vedlikehald har Volda kommune eit avvik på Kr. 15,3 mill på budsjettert vedlikehald *(tall vidare er tatt omsyn til at personell kostnad ligg inne i Kr. 240 pr. M²).* Noko av talla kan balanserast litt då ein del av vedlikehaldsetterslep blir tatt opp via investering der vi oppgraderar bygga planmessig. Justert for dette har vi eit avvik på Ca. Kr. 10.7 mill årlig i avsetning for vedlikehald av kommunale bygg. Dette sett mot forsikting vurdering av RIF.

For ein forsiktig auke på dette området har eg lagt til grunn at vi i 2022 aukar budsjett med Kr. 3 mill.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
Auke budsjett prosjekt 030066 - beredskap (naudstraum Hornindal omsorgssenter)	625	0	0	0	625
Avløpsanlegg	20 000	1 500	0	0	21 500
Bustadfelt - Garanti og sal	625	0	0	0	625
Bustadfelt under utbygging	15 035	18 975	0	0	34 010
Digital kartlegging	0	800	0	0	800
Elbilar og kommunal infrastruktur	11 000	0	0	0	11 000
Etablering av personalbase Bømarka 8	300	0	0	0	300
Etablering parkering Volda sentrum - Moritz marka	2 500	0	0	0	2 500
Etablering toppsystem SD anlegg Hornindal	650	0	0	0	650
Garantiansvar	1 250	0	0	0	1 250
Grunn og næringsutvikling	12 501	0	0	0	12 501
Innkjøp av ny GPS	400	0	0	0	400
Innreiing elektriske varebilar	425	0	0	0	425
Kommunale vegar	1 875	1 875	3 750	0	7 500
Kyrkjekontoret - ombygging fleire kontor	950	0	0	0	950
Ledningsprosjekt	9 000	21 970	42 470	0	73 440
Maskin og utstyr eigedom	679	0	0	0	679
Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp	940	0	0	0	940
Maskin, bilar og utstyr brann	0	1 375	0	0	1 375
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	4 294	1 955	2 375	0	8 624
Ny ungdomsskule	112 083	50 333	5 000	0	167 417
Nytt vassverk HB2	17 000	0	0	0	17 000
Ombygging og oppgradering av 3 et. rådhuset -	1 800	0	0	0	1 800
Ombygging og oppgradering av helsestasjon rådhuset	500	0	0	0	500
Områdeplan for Volda sentrum	625	0	0	0	625
Oppgradering kommunale bygg	19 416	4 625	4 625	0	28 666
Oppgradering og modernisering av brannførebyggande installasjonar og system kommunale bygg	1 200	0	0	0	1 200
Opprusting av samfunnshuset - ungdomsklubb	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Rehabilitering av kai på Yksnøya	250	0	0	0	250
Reinseanlegg legionella - sikre bygg etter	625	0	0	0	625

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
vannrapport 123 forebygging av legionella					
Renseanlegg VVS	190	0	0	0	190
varmeanlegg Hornindal helsehus					
Sentrum og friluftstiltak	10 785	0	0	0	10 785
Solskjerming kommunale bygg	2 500	2 500	2 500	0	7 500
Strategisk utvikling av kommunale utleigebustadar	1 500	24 000	25 000	25 000	75 500
Svømmehall	100 000	133 000	5 000	0	238 000
Tilsetting av prosjektleiar investering	450	918	0	0	1 368
Tiltak og utbetringar på vegar, bruer, gang/sykkelvegar samt mindre oppgraderingar	2 380	5 015	0	0	7 395
Trafikktrygging	2 000	1 250	1 250	0	4 500
Utbygging kommunale vegar	52 858	733	0	0	53 591
Utbyggingsavtalar	7 460	0	0	0	7 460
Utskifting av bil frå 1981 ved Hornindal stasjon	0	0	1 000	0	1 000
Utskifting av feiarbil	700	0	0	0	700
Utskifting av tankbil Hornindal. Sameige med VA	0	0	0	5 000	5 000
Utskifting av vaktbil for mannskap.	1	400	400	0	801
Vassverk	10 400	5 000	0	0	15 400
Sum investeringsprosjekt	**430 272**	**278 724**	**95 870**	**32 500**	**837 366**

Ønska investeringar

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
Bil til drift beredskap og forebyggande	900	0	0	0	900
Kjøleanlegg kommunale bygg (Fjordsyn, Barstadtun og Rådhus gamal del)	2 000	0	0	0	2 000
Kjøp av elektrisk minidumpar Samfunnsutvikling fellesbruk	320	0	0	0	320
LED - utskifting til LED kommunale bygg - berekraftmål	3 750	0	0	0	3 750
Leikeplassfond	100	50	50	50	250
Ny lift til Samfunnsutvikling - ansvarlig eigedom	1 100	0	0	0	1 100
Nye tiltak - veglys	1 195	0	0	0	1 195
Opparbeiding av p-plassar, sykkelparkering	1 000	1 000	0	0	2 000

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
og endring at uteareal knytt til Helse og omsorg					
Utskifting minitraktor eigedom	580	0	0	0	580
Sum investeringsprosjekt	**10 945**	**1 050**	**50**	**50**	**12 095**

Kjøleanlegg kommunale bygg (Fjordsyn, Barstadtun og Rådhus gamal del)

I samanheng med solskjerming av bygg i Volda kommune er det i enkelte bygg eit behov for kjøling i sommarhalvåret. Det er spesielt inn mot helse og omsorgsbygg dette viser seg gjeldande og med avvik i samanheng med vernerundar. Gamal del av rådhuset med solvendt fasade har høg temperatur i sommarhalvåret, det er i dag stor forskjell i klima på ny og gamal del i den varme delen av året.

Termisk inneklima har samanheng mellom komfort og helseproblem. Både høg og lav temperatur kan redusere muskelfunksjon og medfører til redusert arbeidsprestasjon og auka ulykkesrisiko, viser til teknisk forskrift §13-4.

Endring i klima og lengre periodar med varmt klima i Volda vil etterkvart framtvinge krav om kjøling på bygg som ikkje har dette i dag.

Kostandsrekning av enkelt prosjekt:

Volda rådhus: Rekna til omlag Kr. 700.000 eks. mva

Fjordsyn: Rekna til omlag Kr. 500.000 eks. mva

Barstadtun (her er ein stor del klargjort frå før): Rekna til omlag Kr. 500.000

Kjøp av elektrisk minidumpar Samfunnsutvikling fellesbruk

Overgang til det grønne skiftet så ynskjer ein innkjøp av elektrisk minidumper som kan nyttast på drift og investering. Maskin nyttast i samband med rehabilitering, nybygging på bygg og anlegg for forflytting av materiell og masser.

Det er behov for ein del masse forflytting innandørs der ein totalrenoverer kommunale bustadar og bunnledning skal skiftast ut. når det no er komt elektrisk minidumper på markedet kan dette også nyttast innandørs.

For øvrig kan dumparen nyttast til masse forflytting i utandørs anlegg i tillegg.

LED - utskifting til LED kommunale bygg - berekraftmål

Volda kommune er i ei tid der energisparing står høgt i fokus. Me har ei stor byggmasse som står for tur til utskifting av lysarmaturar, og mellom anna for å stette lyskrav i AML har dette høg prioritet hjå oss. Dette vil også vere i tråd med berekraftsmåla som Volda kommune har plukka ut. Det vil bidra til eit berekraftig samfunn, som fylgje av redusert energibruk, og kan vere eit bidrag til å stoppe klimaendringane. Det vil også fremje god helse grunna betre lys og arbeidsforhold hjå brukarar av bygga.

Straumprisane er spådde til å nå nye høgder i framtida, og straumrekninga er ei av dei største utgiftspostane som kan knytast til eit bygg. Ved å montere LED-belysning vel ein ei økonomisk og miljøvennlig løysing, som kan redusere energibehovet opptil 90% av den delen som er knytt til lysbehov.

Eigedom har gjennomført eit prosjekt på Volda omsorgssenter, der me har bytta ut nærare 1000 armaturar i gangsoner, og brukarstover. Dette viser godt igjen på behovet for drift, då me tidlegare har brukt store ressursar på pærebytte og vedlikehald av dei gamle lysarmaturane.

Dette er vere eit prosjekt som vil gå over fleire år framover, og Eigedom vil derfor be om midlar til dette kvart år framover.

Eksempel på effekt gjennomført utskifting:

Innsparing LED Volda omsorgssenter

Dette er eit døme der me har bytta 500 armaturar i gangsoner på Barstadmarka 2, Volda omsorgssenter.
Utrekninga viser antall kilowatt-timar ein sparer per år, ved å bytte ut denne typen armaturar til LED.

Antall skifta armaturar:		500	stk		
Anslått driftstimar pr. døgn:		16	timar		
Gammal armatur, 2x18w:					
Forbruk pr. armatur:	2 x 18W =	36	W		
Forbruk totalt:	500stk x 36W =	18 000	W	18	kW
Forbruk iløpet av eit driftsdøgn:	18 000W x 16 timar =	288 000	W	288	kW
Ny armatur, 13W LED:					
Forbruk pr. armatur:	13W				
Forbruk totalt:	500stk x 13W =	6 500	W	6,5	kW
Forbruk i løpet av eit driftsdøgn:	6500W x 16 timar =	104 000	W	104	kW
Innsparing per døgn:	288 000W - 104 000W =	184 000	W	184	kWt
Innsparing totalt per år:	**184 000W x 365 dagar =**	**67 160 000**	**W**	**67 160**	**kWt**

Leikeplassfond

Det står mange leikeplasser som ikkje er opparbeida eller er forfalt. Ved at kommunen hadde hatt eit fond som grendelag/publikum kunne ha søkt på kunne dette bidrege til fleire aktive leikeplassar og møteplassar.

Ny lift til Samfunnsutvikling - ansvarlig eigedom

Volda kommune har ei lift som ein delar på i Samfunnsutviking, det er eigedom som har største behovet og driftar denne. Lifta er utrangert og gammal og har fleire driftsstansar. Det er behov for å investere i ny lift som er driftssikker og som har fleire bruksområde sett mot dagens lift.

Nye tiltak - veglys

Nye veglys

Det har kome innspel frå fleire nye byggefelt/område, der kommunen ikkje har fullført veglys i samband med utbygginga. Det er og nokre stadar som heilt manglar veglys. Felles for desse områda som er medteke er at det er skuleveg eller busstopp for skuleborn og difor eit viktig tiltak for trafikktryggleiken. Vi har skifta mykje veglys i Volda og difor redusert monaleg på straumkostnadene sett i høve til tidlegare. Likevel vert mykje av dette "ete opp" av høge straumprisar. Vi har ikkje midlar på driftsbudsjettet til slike nyanlegg. Driftsbudsjettet går med til rep. av eksisterande anlegg, der kabelfeil er den høgste kostnaden. Ei investering i nye anlegg er difor naudsynt.

Bergsvegen: Det er sett nes fundament og lagt rør i samband med utbygging av byggefeltet ved Bergsvegen, men master og veglys har ikkje kome på plass. Innbyggarane etterlyser no framdrift i saka. Dette er mellom anna skulevegen for born i det nye feltet.

Månanessvingen: Mørenett har bygt om sitt leidningsnett til bakkenett. Volda kommune har teke over stolpane (brukbar kvalitet), men fleire av armaturane og leidningsnettet var ubrukeleg. Vi må erstatte desse med 4-5 nye LED armaturar og nytt leidningsnett.

Ytre Høydalen: Ved vegen Ytre Høydal var det ei gammal veglysstolpe som heldt på å rive ned muren langs vegen. Vi måtte demontere stolpen og strekket til neste stolpe er svært langt. Dette er ved krysset mot fylkesvegen og ein stad der born skal stå for å gå på skulebussen. I dag er der ikkje lys i det heile teke og vi ser for oss 3 -4 nye stolpar med veglys i eit vanskeleg terreng. Mest truleg vert det krav om målt anlegg og nytt styreskap må difor påreknast. Dette er anlegg vi ikkje har budsjettdekning for, mellom anna grunna sterkt aukande straumpris.

Timbreneset: Langs vegen Timbreneset i Austefjorden vart det lagt rør og sett ned fundament i samband med regulering og tilrettelegging for nytt byggefelt. Det vart ikkje bygt ferdig og innbyggarane etterlyser lys langs vegen då det er heilt mørkt vinterstida og utriveleg og farleg for borna som skal ta skuleskyss frå hovudvegen.

Myravegen: her vart det lagt rør og sett ned fundament for mange år sidan. Master og armaturar til det nye veglyset manglar. Gammalt veglys står enno (trestolpar), men bør bytast då det nærmar seg levetida for stolpane.

Ved studentheimane: Her har det kome opp 2 nye blokker, men den kommunale gangvegen mellom blokkene (Grønbakken) er mørklagd i den nedste delen. Her bør det vere samanheng i veglyset og det manglar.

Opparbeiding av p-plassar, sykkelparkering og endring at uteareal knytt til Helse og omsorg

Fjerne grøntareal ved frisør/fotpleie ved omsorgssenter og etablere parkering.
Opparbeide parkeringsplass ved Folkestadtun – parkering for tilsette og besøkande – helse vil komme med meir informasjon ang. plassering og tal plassar
Sykkelparkering under tak med moglegheit for lading – helse vil komme med meir informasjon om plassering og tal plassar
Generell utviding av parkeringsareal ved omsorgssenteret – grøntareal bak omsorgssenter. Ein bør og sjå på utvikling av området der Buset huset står (det vi kjøpte).

Utskifting minitraktor eigedom

Bytte inn minitraktor som ein har i dag til ein ny type som er meir funksjonell mot dagens drift av uteområde. Dagens traktor har blir nesten ikkje brukt grunna sterkt begrensa bruksområde og kapasitet. Til dømes har lasteapparatet utan skuffe, som er avgjerande for effektiv utnytting av traktoren, ei løfteevne på 34 kg før vektgrensa på traktoren vert overskriden. Den beskjedne bruken som har vore på traktoren syner at ergonomien for førar er uhaldbar, både i sittestilling og betjening. Det er tenkt innbytte av dagens traktor og utstyr som er merketilpassa, mot ein meir tilpassa arbeidsmaskin med tilsvarande utstyr.

Stab samfunnsutvikling

Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru

Meistringorientert leiing: Retning - definerer roller, krav og mål. Meining - motivere og inspirere til måloppnåiing Individuell merksemd og støtt Meistringsklima: Arbeidsmiljø der tilsette blir motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode. Delingskultur. Meistringstru: Kvar enkelt si tiltru til eiga kompetanse og moglegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanheng

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	1 605	2 136	1 444	1 444	1 444	1 444
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	132	6 699	6 699	6 699	6 699	6 699
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	0	350	350	350	350	350
Sum Driftsutgifter	**1 738**	**9 184**	**8 493**	**8 493**	**8 493**	**8 493**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-2	0	0	0	0	0
Refusjoner	-86	-8 510	-8 510	-8 510	-8 510	-8 510
Sum Driftsinntekter	**-87**	**-8 510**	**-8 510**	**-8 510**	**-8 510**	**-8 510**
Sum	**1 651**	**674**	**-18**	**-18**	**-18**	**-18**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Administrasjon	1 280	-694	-655	-655	-655	-655
Tilrettelegging og bistand for næringslivet	56	350	350	350	350	350
Kommunale veier	229	222	222	222	222	222
Sum	**1 651**	**-123**	**-84**	**-84**	**-84**	**-84**

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		5,3

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**674**	**674**	**674**	**674**
Budsjettendring i år					
Sum Budsjettendring i år		**0**	**0**	**0**	**0**
Konsekvensjustert ramme		**674**	**674**	**674**	**674**
Nye tiltak					
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Samfunnsutvikling	-692	-692	-692	-692
Sum Nye tiltak		**-692**	**-692**	**-692**	**-692**
Nye tiltak og realendringer		**-692**	**-692**	**-692**	**-692**

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
Ramme 2022-2025		**-18**	**-18**	**-18**	**-18**

Budsjettendring i år

Kulturavdelinga vert overført frå Administrasjonsstab til Samfunnsutvikling

Kulturavdelinga vert formelt flytta over til Samfunnsutvikling 1. juli i år. For å unngå at delar av budsjett og rekneskap vert liggande på to sektorar i rekneskapsåret 2021 vel vi å flytte over heile budsjettet og rekneskapen til ny sektor. Dette gjer at også rammene som ligg i opprinneleg budsjett til sektorane Administrasjonstab og Samfunnsutvikling vert endra.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2022	2023	2024	2025	2022-25
Samfunnsutvikling					
Bustadfelt - Garanti og sal	625	0	0	0	625
Bustadfelt under utbygging	15 035	18 975	0	0	34 010
Elbilar og kommunal infrastruktur	11 000	0	0	0	11 000
Grunn og næringsutvikling	12 500	0	0	0	12 500
Ny ungdomsskule	112 083	50 333	5 000	0	167 417
Oppgradering kommunale bygg	2 346	0	0	0	2 346
Rehabilitering av kai på Yksnøya	250	0	0	0	250
Sentrum og friluftstiltak	10 185	0	0	0	10 185
Svømmehall	100 000	133 000	5 000	0	238 000
Sum Samfunnsutvikling	**264 024**	**202 308**	**10 000**	**0**	**476 332**
Sum investeringsprosjekt	264 024	202 308	10 000	0	476 332

Bustadfelt - Garanti og sal

Hovudprosjektet omfattar avsette midlar til garanti og utbetringar i tida etter ferdigstilling. Midlane vert justert i tråd utløp av garantiperiode og vert vurdert årleg i samband med budsjettarbeidet.

Prosjekt som er omfatta:

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030015	Utbygging bustadfelt K10, Klepp
030084	Bustadfelt Fyrde
030085	Bustadfelt Gôtene, Lid
030086	Bustadfelt Myragjerdet - utbyggingsavtale
030087	Bustadfelt på bygdene
030089	Diverse bustadfelt sentrum
030090	Håmyra bustadfelt - overtaking 1
030092	Fannemel
030093	Kirkhornbakkane
030135	Næringsområde i Furene

Bustadfelt under utbygging

I tida framover vil ein utvikle kommunale bustadtomter i Volda sentrum. Fokus vil på kort sikt vere retta mot feltet i Urbakkfoten og i første omgang mot område som kommunen eig og disponerer i Heltne/Bratteberg. I førre budsjettrunde la ein ei samla ramme på 50 millioner kroner eksklusiv grunnerverv.

Volda kommune sine kalkyler for utbygging av bustadfelt B58 Øvre Heltne (30083) er stipulert til 32,5 mill eksklusiv grunnerverv. Som første byggesteg vil kommune bygge ut det kommune eig og det vil vere behov for å fullfinansiere denne delen av prosjektet i 2022.



Del av bustadfelt ein vurderer å bygge ut som første byggesteg.

Bustadfelt Urbakkfoten (30088) har ei kalkyle på 15 mill eksklusiv grunnerverv Prosjektet heng saman med sambindingsveg Håmyra-Engesetgeila. Ein forventar oppstart av prosjekt i midten av 2022.

Urbakkfoten

Prosjekt som inngår i dette hovudprosjektet:

Prosjekt 030049 er ferdigstilt og vil gå ut.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030049	Opparbeiding Løvland bustadfelt
030083	Bustadfelt Bratteberg
030088	Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra

Elbilar og kommunal infrastruktur

Tiltaket omfattar både utbygging av ladeinfrastruktur mot kommunal verksemd og tilrettelegging av ladeløysingar som opne for alle. Eit første ledd i dette er etablering av ladepark i 2022 på Rotset. Det må vidare arbeidast for same type tilbod i sentrum og ein håper at plan- og utviklingsprosjekt i sentrum vil bidra til at dette vert realisert innan kort tid.

Vidare er utskifting av fossil bilpark knytt til dette hovudprosjektet og det står for tur ei større utskifting av bilar i sektorane. Frå sentrale myndigheiter er det nyleg sendt på høyring ny forskrift om energi- og miljøkrav ved anskaffing av kjøretøy. Frå samferdselsdepartementet si side er det føreslått å innføre nullutslepp ved offentleg anskaffing av kjøretøy og at dette skal tre i kraft frå 01.01.2022

Grunn og næringsutvikling

Hovudprosjektet omfattar i hovudsak midlar til strategisk grunnerverv. Vidare vil kostnadar til etablering og sal av næringsområde vere ført mot dette hovudprosjektet.

Av nye tiltak vil planlegging av siste næringsområde på øvre Rotset (ØRN 3)kome inn under dette prosjektet.

Prosjekt 030030, 0300136 og 0300137 er ferdigstilt og vil gå ut.

Prosjekt 030038 gjeld strategisk grunnerverv.

Prosjekt 030066 er knytt til omsorgsenteret på Grodås og sikrar nødstrøm.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030030	Infrastruktur Volda Campus Arena
030038	Strategisk eigedomsutvikling
030063	Ny veg Ytrehorn- skulen
030066	Aggregat til beredskap
030136	Øvre Rotset Næringsområde 1 - sal av tomter
030137	Øvre Rotset Næringsområde 2 - ferdig opparbeidd

Ny ungdomsskule

Prosjektet er under utførelse og finansiering av ny ungdomskule er lagt inn med 170,8 mill.

Oppgradering kommunale bygg

Hovudprosjektet omfattar investeringsprosjekt på kommunale bygg.

Frå førre år er det lagt til grunn desse prosjekta. Prosjekt 030008 er ferdigstilt og går ut, dei andre er i under utførelse.

I vedlegg ligg ein **førebels** rapport for investeringsprogrammet 2022. Her er det tatt med overhengande prosjekt frå 2021 som blir fullført i 2022, samt nye prosjekt for 2022.

Rød understreking= prosjekt er flytta til eigne hovudprosjekt som nye tiltak.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030004	Leikeplassar, skular og barnehagar
030007	Oppgradering kommunale bygg
030008	4. etg omsorgsenteret
030048	Kino, oppgradering amfi
030076	Kommunale bygg lønn
030077	Oppgradering Sevrinhaugen 5
030078	Oppgradering Monsvegen 7A og 7B
030095	Oppgradering helsestasjon
030097	Vaskeri
030123	Oppgradering rådhuset
030143	Samfunnshuset, rehabilitering
030146	Bratteberg skule, oppgradering
030147	Mork barnehage, oppgradering

Rehabilitering av kai på Yksnøya

Volda kommune har hatt ei allmenn kai som er regulert i ein festeavtale på Yksnøya. Festeavtalen er utgått, men det har vore dialog med grunneigar med omsyn til å forlenge avtalen og soleis legge til rette for at kaia vidare kan nyttast som før. Kai har primært sin misjon mot for på legge til rette for aktivitet for høgskule og reiseliv . EIn kan heller ikkje utelukke at den kan nyttast som ei beredskapskai for øya.

Kaia må utbetrast og grunneigarlaget har fått laga ein enkel beskrivelse på arbeid som bør utførast og har henta inn ein estimert pris.

Sentrum og friluftstiltak

ovudprosjektet omfattar alle sentrum- og friluftstiltak som vert gjennomført av utviklingsavdelinga.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030011	Tiltak i friluftslivsområde/eigendel tilskotsprosjekt
030013	Sentrumsprosjektet inkl Friluftsområdet Andaneset
030039	Venterom Morizmarka og Kjøs bru
030072	Offentleg toalett sentrum nord

Servicebygg og amfi ved moloen i sentrumshamna:

Det er gitt byggeløyve for tiltaket på moloen og Nordplan AS som prosjekterer for kommunen vil lyse ut konkurranse for oppdraget.

Tiltaket omfattar servicebygg med vaskerom, tørkerom, dusj og toalett. Skråninga på moloen mot elva skal rehabiliterast og det skal byggast eit amfi med trappetrinn av naturstein slik at publikum kan ferdast ned til elva/fjorden og oppnå «kontakt med elementet»

Det er søkt om tettstadmidlar frå fylkeskommunen på kr 968 000,- og tilskot er gitt av fylkeskommunen ved Kultur, næring og folkehelseutvalet i møte 27.okt.

Siste vurdering er at ein vil trenge 1,4 mill til etablering av servicebygg og 3,7 mill til bygging av amfi (trappetrinnpark på moloen ned mot osen av Øyraelva) totalt ca **5,1 mill**.

Ved fyrlykta på moloen

Toalett og venterom Moritzmarka

Det planleggast bygging av venterom og toalett ved Moritzmarka. Kostnad: **1,4 mill**

Røysgata
leik/park
inn- og utkøyring
bubilparkering
10,0 X 6,55 m
bubilparkering
leik/park
inn- og utkøyring
lødemuren vurderast
å stå att
(i skravert område)
venterom - toalett
avløp/vatn

Dette prosjektet må sjåast i sammenheng med nytt tiltak der vi riv bygningar på gnr 19 bnr 1002 og der ein legg tilrette for midlertidig bruk av området til bubilparkering i påvente av eit større sentrumsutviklingsprosjekt. Rivingskostnadar kan transporterast til seinare utbygging.

Kjøp av nye benkar til sentrum:

Det planleggast innkjøp av nye benkar til Volda sentrum. Kostnad: **1 mill**

Møringsbåt i sentrum:

Ein er ikkje i mål med avtale om driftsansvar for Møringsbåt i sentrum. Kommunen har fått tilbod om kjøp av aktuell båt til ein pris langt under kostnadane med å bygge ny. Så snart driftsavtale med Bjørkedal kystlag er på plass er det såleis mogleg å realisere prosjektet innanfor ei ramme på **kr 500 000,-.**

Straum til Prestholmen:

Det er gjort vedtak om kommunal finansiering av straum til Prestholmen. Kostnad: **kr 200 000,-**

Friluftslivstiltak Botnasanden

Bygging av parkeringsplan og turveg ved Botnasanden friluftslivsområde er ferdig. Det er fundamentert, lagt fram kabel og avløp for sanitærbygg ved parkeringsplassen.

Det er aktuelt å søkje om tilskot til bygging av sanitærbygg neste år (2022). Truleg vil ein kunne oppnå 50 % tilskot frå Miljødirektoratet/fylkeskommunen frå ordninga «tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde»

Kostnad sanitærbygg: 1,3 mill. Behov for løyving på kommunen sitt budsjett 2022: **kr 650 000,-**

Parkeringsplass for dagsturhytta på Nakkebruna

Det er behov for å finansiere innløysing av grunn og etablering av parkeringsplass ved Ytrehornsvegen for dagsturhytta på Nakkebruna. Avtale om kjøp av grunn er under utarbeiding. Det er aktuelt å søkje om tilskot frå ordninga «tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde» der ein truleg oppnår 50% .

Totalkostnad 1 mill. Behov for midlar på budsjettet 2022: **kr 500 000,-**



Friluftslivstiltak Andaneset

Det er behov for etablering av omkledningsrom/kvilebud ved badstova på Andaneset. Kostnad 850 000. Det er aktuelt å søkje om 50% tilskot frå Miljødirektoratet/fylkeskommunen «tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde». Behov for midlar på budsjettet 2022: **kr 425 000,-**

Andaneset

Parkeringsplass Høydalen

Kommunen har motteke tilsegn om kr 477 000,- til bygging av parkeringsplass i Høydalen, som utgangspunkt for turar i fjellområdet ved Matøskja (1332 moh). Tilskotet utgjer 50% av kostnadane og det er såleis behov for at kommunen løyver **kr 477 000,-** på budsjettet for 2022 for å kunne gjennomføre tiltaket.

Svømmehall

Prosjektet er i ei førebuingsfase og ein vil i januar 2022 legge fram ei sak for kommunestyre der prosjektet får si godkjenning før ein går vidare i ei samspelfase.

Finansiering av nytt symjeanlegg (alternativ 3) er lagt inn med 188,9 mill.

Eigedom

Innledning

Volda kommune eigedom forvaltar i dag omlag 81.000 m² bygningsmasse med svært ulike teneste behov. Det er gjennomført, og ein held på med større rehabiliteringar og nybygg i kommunen. Endring i behov og eldre bygningsmasse krev stort vedlikehald og utvikling av bygningsmassen.

Eigedom er i dag fordelt i 4 seksjonar. Seksjon forvaltning og drift, seksjon reinhald, seksjon vedlikehald og utvikling, samt prosjektleiing bygg.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	24 023	23 193	25 281	25 281	25 281	25 281
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	23 219	20 604	20 938	22 938	25 938	25 938
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	87	103	103	103	103	103
Overføringsutgifter	86	0	0	0	0	0
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**47 415**	**43 900**	**46 322**	**48 322**	**51 322**	**51 322**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-19 449	-19 461	-19 461	-18 411	-18 411	-18 411
Refusjoner	-3 519	-600	-1 570	-1 570	-1 570	-1 570
Overføringsinntekter	-19	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-22 987**	**-20 061**	**-21 031**	**-19 981**	**-19 981**	**-19 981**
Sum	**24 428**	**23 839**	**25 291**	**28 341**	**31 341**	**31 341**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	6 905	23 979	25 054	25 054	25 054	25 054
Administrasjonslokaler	2 889	968	932	932	932	932
Barnehage	100	0	412	412	412	412
Voksenopplæring	152	495	510	510	510	510
Førskolelokaler og skyss	2 888	865	1 793	1 793	1 793	1 793
Skolelokaler	14 571	9 676	8 503	8 503	8 503	8 503
Aktiviserings- og sevicetjen. overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelse	341	333	326	326	326	326
Diagnose, behandling, re-/habilitering	398	1	1	1	1	1
Institusjonslokaler	7 222	4 343	4 674	4 674	4 674	4 674
Kommunalt disponerte boliger	-9 647	-13 443	-13 377	-13 377	-13 377	-13 377
Tilrettelegging og bistand for næringslivet	-3 293	-3 523	-3 523	-2 323	-2 323	-2 323
Rekreasjon i tettsted	71	38	39	39	39	39
Beredskap mot branner og andre ulykker	561	225	239	239	239	239
Kino	163	209	216	216	216	216
Idrett og tilskudd til andres idrettslag	71	-299	-299	-299	-299	-299
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	153	-252	-442	1 558	4 558	4 558
Kommunale kulturbygg	451	222	231	231	231	231
Den norske kirke	13	0	0	-150	-150	-150
Sum	**24 428**	**23 836**	**25 289**	**28 339**	**31 339**	**31 339**

Beskriving av verksemda i dag

Oppdraget til eigedom er å levere gode og trygge bygg for innbyggarar og tilsette i kommunen, med strategisk og arealeffektiv eigedomsforvaltning. Gjennom effektiv organisering med god oversikt over den kommunale bygningsmassen, har ein oversikt over behov for vedlikehald og oppgradering. Med svært avgrensa midlar til vedlikehald blir vedlikehaldet prioritert gjennom tilstandsanalyse av bygga med TG/KG grad i avdekka avvik. Planlegging genererer plan for vedlikehald og oppgradering gjennom drift og investering.

Utfordringar og strategi

Gjennom fleire år har det vore ein trend at det er svært vanskeleg å få inn tilbod til gjennomføring av oppgradering/ombygging/bygging av kommunale bygg i kostnadsklasse opp mot 10 mill. NOK. Dette har medført krevjande prosessar for kontrahering av utførande, samt utlyste prosjekt måtte blitt gjennomført med eigne ressursar. Dette vil naturleg føre til endring og vesentlege forsikelsar i andre tiltak. Siste utlyste prosjektet som eigedom har gjennomført i eigenregi er Læringssenteret Vikebygda skule. Prosjektet blei gjennomført av eigne ressursar med samarbeid i rammeavtalepartnarar, og vart levert med god kvalitet til rett tid.

Det er i budsjettarbeidet vurdert tiltak for å styrke seksjon vedlikehald og utvikling, samt prosjektleiing bygg for å kunne for å kunne løyse dei oppgåvene som kommunen står ovanfor.

Avdelinga følgjer opp kontrollutvalet sitt vedtak der kontrollutvalet har bede om at revisjonen gjennomfører ein forvaltningsrevisjon i eigedomsavdelinga med fokus på forvalting, drift og vedlikehald.

Målsettinga med prosjektet forvaltningsrevisjon er å vurdere om Volda kommune har etablert overordna målsettingar og eit system som legg til rette for forvaltning, drift og vedlikehald. Det vil også vere naturleg å samanlikne vedlikehaldsnivået i høve normtal, KOSTRA og evt. samanliknbare kommunar.

Ein vil sjå nærare på :

- overordna plan og målsetting for den kommunale bygningsmassen, og blir dette følgt og rapportert til kommunestyret?
- har Volda kommune tilfredsstillande planleggings- og styringssystem for forvaltning, drift og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen?
- har Volda kommune etablert tilfredsstillande rutinar kring rapportering av vedlikehald og planlegging/forvaltning av den kommunale bygningsmassen? - Tilstandsrapportar - Vedlikehaldsplan
- er vedlikehaldsnivået tilfredsstillande i høve normtal, KOSTRA- tal, evt. samanliknbare kommunar?

Prosjektet starta opp i oktober 2021.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		42,7

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**23 839**	**23 839**	**23 839**	**23 839**
Vedtak forrige periode					
Austefjord skule	Samfunnsutvikling	-200	-200	-200	-200
Austefjord skule	Samfunnsutvikling	200	200	200	200
Bytte ut gammal bilpark til elbil - 11 stk	Samfunnsutvikling	-118	-118	-118	-118
Driftsutgifter ny svømmehall	Samfunnsutvikling	0	2 000	5 000	5 000
Energireduserande tiltak Prestegata	Samfunnsutvikling	-25	-25	-25	-25
Riving av gamle Folkestad skule	Samfunnsutvikling	-500	-500	-500	-500
Sum Vedtak forrige periode		**-643**	**1 358**	**4 358**	**4 358**
Budsjettendring i år					
Eigedom- drift av Bratteberg barnehage	Samfunnsutvikling	412	412	412	412
Prisauke forsikring flyttast til eigedom	Samfunnsutvikling	425	425	425	425
Sum Budsjettendring i år		**837**	**837**	**837**	**837**
Konsekvensjusteringer		**195**	**2 195**	**5 195**	**5 195**
Konsekvensjustert ramme		**24 033**	**26 033**	**29 033**	**29 033**
Nye tiltak					
Auke i forsikringspremie 2022	Samfunnsutvikling	140	140	140	140
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Samfunnsutvikling	523	523	523	523
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Samfunnsutvikling	1 565	1 565	1 565	1 565
Reduksjon i leigeinntekter Ivar Aasen bygget	Samfunnsutvikling	0	1 200	1 200	1 200
Sal av tenester Investering	Samfunnsutvikling	-970	-970	-970	-970
Utviding av kyrkjekontoret - auka tilskot til kyrkja	Samfunnsutvikling	0	-150	-150	-150
Sum Nye tiltak		**1 258**	**2 308**	**2 308**	**2 308**
Nye tiltak og realendringer		**1 258**	**2 308**	**2 308**	**2 308**

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Ramme 2022-2025		**25 291**	**28 341**	**31 341**	**31 341**

Vedtak forrige periode

Austefjord skule

KOSTRA analyse viser at Volda kommune har høg samla prioritering (ressursbruk) innan eigedomsforvaltning, og forklaringa ligg til at kommunen eig/disponerer mykje areal. Potensiale for kostnadsreduksjon ligg til avhending og sal av kommunale bygg, altså antall m2 med bygningsmasse vert redusert.

Eigedomsavdelinga har arbeidd over tid med avhending av eldre kommunal bygningsmasse (skulebygg) som ein ikkje lenger har behov for i eigen regi. Saka som er sendt til kommunestyret i september 2020 gir rom for noko reduksjon av bygningsmasse i tillegg til dette tiltaket.

Endring i struktur der ein legg ned bygg med eigedomsdrift i dag og flyttar ledig kapasitet til andre bygg vil gi direkte sparing for kommunen. Endring i struktur vil være ein prosess knytt til den tenesta som er i bygget.

Tiltaket vart vedtatt i budsjettprosessen for 2021, men kommunestyret har i eiga sak i 2021 reversert tiltaket. Innsparingsgevinsten går derfor bort og midlane vert returnert til avdelinga.

Bytte ut gammal bilpark til elbil - 11 stk

11 av bilane til eigedom er skifta ut med elbil. Tiltaket er gjennomført og generell innsparing vert iverksatt i tråd med økonomiplanen.

Driftsutgifter ny svømmehall

Dette er stipulerte årlege driftskostnadar knytt til svømmeanlegg.

Energireduserande tiltak Prestegata

Det vart i 2021 investert i ny varmepumpe for Prestegata 33 og innsparingseffekten vert iverksatt i tråd med økonomiplanen.

Riving av gamle Folkestad skule

Dette var eit prioritert tiltak i år 2021 med ei ekstra kostnadsramme på 500 000 kr som vart lagt inn som styrking i rammene i det året. Tiltaket er ferdig og rammene må difor nedjusterast med tilsvarande beløp.

Budsjettendring i år

Eigedom- drift av Bratteberg barnehage

Tidlegare år har Brattebrg barnehage fått tilskot utbetalt til å dekke ordinær barnehagedrift og drift av bygg. Når kommunen no overtar drifta av barnehagen er det Eigedomsavdelinga som frå kostnadar knytt til drift av bygget. Rammer til dette vert difor overført frå rammene tilskot til private barnehagar over til Samfunnsutvikling.

Prisauke forsikring flyttast til eigedom

I budsjett 2021 vart det avsett ein samla post knytt til prisauke forsikring. Delar av denne vert no overført til eigedom som har kostnaden på forsikring bygg.

Nye tiltak

Auke i forsikringspremie 2022

Vi har fått melding om auke i forsikringspremien inn mot år 2022. Spesielt er det stor auke på eigedom og på gruppelivs og yrkesskade.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Reduksjon i leigeinntekter Ivar Aasen bygget

Eigedomane som Volda kommune hadde på campus i Volda er overført til Volda utvikling AS. Så lenge bygningane står vil leigeinntekter tilfalle Volda kommune. Ein forventar at prosjektet med å rive bygningane vil ta til i 2022 og ein signaliserer tap av leigeinntekter i økonomiplanperiode med dette tiltaket

Sal av tenester Investering

Dette tiltaket er ei årleg intern justering der to av stillingane skal finansierast frå investeringsprosjekt med 50 %.

Utviding av kyrkjekontoret - auka tilskot til kyrkja

Eigedomsavdelinga har lagt inn investeringstiltak knytt til utviding av kyrkjekontoret. Ei utviding medfører auka husleige for kyrkja noko som dei ber om å få igjen gjennom auka tilskot frå kommunen. Tiltaket vert lagt inn med ei auke i overføringar frå år 2023 og ei forventa husleigeinntekt til eigedom frå same år

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Prioritet	2022	2023	2024	2025
Auke budsjett reinhald	1	200	200	200	200
Riving av Bjørkedal gamle skule	1	600	0	0	0
Tilsette 2 fagarbeidarar i seksjon vedlikehald og utvikling	0	1 120	1 120	1 120	1 120
Vedlikehald av kommunale bygg	1	3 000	3 000	3 000	3 000
Sum		**4 920**	**4 320**	**4 320**	**4 320**

Nye tiltak

Riving av Bjørkedal gamle skule

Bjørkedal skule står i dag for forfall og vil etter kort tid bli til fare for omgivelsane og den idrettsplassen som ligg som ein del av tomta. skulen ligg innanfor aktsomheitssone for flaum og marin leire, noko som gjer at ein ikkje kan frådele tomta utan at det blir gjennomføre risikovurdering og kartlegging på tomta. Dette gjer også at det er restrikasjonar på vidare utvikling av tomta. Idrettsplassen er eit viktig samlingsområde for bygda som ynskjer å utvikle å bruke plassen også i framtida. Det har vore gjort ulike tiltak for å kunne frådele bygget utan at ein har lykkast. Det blir anbefalt at bygget no blir rive.

Tilsette 2 fagarbeidarar i seksjon vedlikehald og utvikling

Volda kommune har over fleire år hatt utfordringar med å få inn tilbod på nybygg og større rehabilitering/oppgradering av kommunal bygningsmasse (ca opp til 10 mill prosjekt). Dei siste eksempla vi ikkje har fått inn tilbod er ombygging Legesenter, ombygging sentralkjøkken omsorgssenteret, etablering av 4 et. omsorgssenteret og Volda næringssenter til Vikebygda skule. Det siste nemnte prosjektet måtte stå ferdig i løpet av sommar 2021 for skulestart. Eigedom gjennom seksjon vedlikehald og utvikling gjennomførte prosjektet med eigne prosjektleiarar, tømrarar og fagarbeidarar og ferdigstilte prosjektet til rett tid med godt resultat. Det vart nytta rammeavtalar innanfor spesialområde som elektro og VVS. Der kjem stadig fleire små og mellomstore prosjekt som eigedom må gjennomføre for å få dette levert og ein treng meir personell slik at vi samstundes kan gjennomføre normalt vedlikehald som vi må flytte på ved prosjektgjennomføring i dag. Vi ynskjer ei forsiktig trinnvis opp-bemanning i seksjonen. Personell kan ved behov leigast ut til investeringsområdet.

Vedlikehald av kommunale bygg

Volda kommune har i dag ca. 81.500 m² bygg. Norm vedlikehald er Kr. 240 pr. M² , det er noko uklart om dette er inkludert kostnadar til personell. Desse talla er utarbeida av RIF Rådgivende Ingeniørers Foreining og er en del av bærekraftsmåla som vi i dag profilerer oss med. Det er retta ein førespurnad kring tema. Dersom ein ser vekk frå personellkostnad har Volda kommune eit avvik på Kr. 16,7 mill. Dersom ein rekna inn personell som arbeidar med vedlikehald har Volda kommune eit avvik på Kr. 15,3 mill på budsjettert vedlikehald *(tall vidare er tatt omsyn til at personell kostnad ligg inne i Kr. 240 pr. M²).* Noko av talla kan balanserast litt då ein del av vedlikehaldsetterslep blir tatt opp via investering der

vi oppgraderar bygga planmessig. Justert for dette har vi eit avvik på Ca. Kr. 10.7 mill årlig i avsetning for vedlikehald av kommunale bygg. Dette sett mot forsikting vurdering av RIF.

For ein forsiktig auke på dette området har eg lagt til grunn at vi i 2022 aukar budsjett med Kr. 3 mill.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
Samfunnsutvikling					
Auke budsjett prosjekt 030066 - beredskap (naudstraum Hornindal omsorgssenter)	625	0	0	0	625
Etablering av personalbase Bømarka 8	300	0	0	0	300
Etablering parkering Volda sentrum - Moritz marka	2 500	0	0	0	2 500
Etablering toppsystem SD anlegg Hornindal	650	0	0	0	650
Garantiansvar	1 250	0	0	0	1 250
Innreiing elektriske varebilar	425	0	0	0	425
Kyrkjekontoret - ombygging fleire kontor	950	0	0	0	950
Maskin og utstyr eigedom	679	0	0	0	679
Ombygging og oppgradering av 3 et. rådhuset -	1 800	0	0	0	1 800
Ombygging og oppgradering av helsestasjon rådhuset	500	0	0	0	500
Oppgradering kommunale bygg	17 070	4 625	4 625	0	26 320
Oppgradering og modernisering av brannførebyggande installasjonar og system kommunale bygg	1 200	0	0	0	1 200
Reinseanlegg legionella - sikre bygg etter vannrapport 123 forebygging av legionella	625	0	0	0	625
Renseanlegg VVS varmeanlegg Hornindal helsehus	190	0	0	0	190
Solskjerming kommunale bygg	2 500	2 500	2 500	0	7 500
Strategisk utvikling av kommunale utleigebustadar	1 500	24 000	25 000	25 000	75 500
Tilsetting av prosjektleiar investering	450	918	0	0	1 368
Sum Samfunnsutvikling	**33 214**	**32 043**	**32 125**	**25 000**	**122 382**

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2022	2023	2024	2025	2022-25
Sum investeringsprosjekt	33 214	32 043	32 125	25 000	122 382

Auke budsjett prosjekt 030066 - beredskap (naudstraum Hornindal omsorgssenter)

I samband med etablering av naudstraumsaggregat ved Hornindal omsorgssenter manglar ein finansiering til delar av prosjektet. Aggregat må plasserast ved teknisk rom og det må gravast og lage tilbygg til aggregatet, samt kjøp og montering av aggregat.

Etablering av personalbase Bømarka 8

Bømarka 8 har i dag personalbase i eit av husværa. Personalbasen stettar ikkje krav til arbeidsmiljø og har ikkje plass til fasilitetar for dei tilsette. Behovet for fleire bustadar er pressande og husværet må frigjerast til dette.

Tomta tilhøyrande Bømarka 8 er relativt romsleg og er utforma slik at ein ser føre seg ei påbygging på sida mot Rotsethornet. Det vil være behov for planlegging/prosjektering, samt dispensasjon for tilbygget. Grunna kapasiet for utføring og behov for kartlegging er det forslått Kr. 300.000 for planlegging og prosjektering i 2022. Ein vil komme attende i budsjettarbeid for 2023 med kostnad og plan for gjennomføring i 2023.

Etablering parkering Volda sentrum - Moritz marka

Volda kommune har tatt over Mortitz marka og bygningane på tomta. Det er i dag bygg som står til fare for omgjevnadane med fare for skade på materiell og personell som ferdast i området.

Området er eit strategisk område for Volda sentrum og utvikling, som første steg blir det etablert parkeringsplass. Bygga som står der i dag blir rivne og parkeringsplass blir etablert.

Etter etablering av parkeringsplass vil ein sjå på midlertidige og faste tiltak i området gjennom samarbeid med fleire kommunale prosjekt. I samband med straum til bobilparkering vil ein etablere faste laddepunkt for el-bil, samt etablering av toalett og tømmestasjon for bobilar i same området. Ein vil førsøke å legge tilrette for installasjonar for barn og unge i samband med sentrumsprosjektet.

Etablering toppsystem SD anlegg Hornindal

Toppsystem til bygg i Hornindal er defekt etter at Flash opphøyrde. SD anlegget er knytta mot VA server og var eit sjølvstendig system tidligare. No når Flash er ute må ein ut på kvart enkelt bygg i Hornindal for å sjekke anlegga, feilsøke og styre VVS, ventilasjon, lys, varme osv. Volda kommune har i dag SD system gjennom Sauter og det er naudsynt å knytte bygga i Hornindal opp mot det etablerte SD anlegget. Der er enkelte styringssystem som er heilt ute som gjer at ein ikkje kan styre bygget pr. i dag, men må vente til

denne oppgraderinga er gjennomført. Når dette er gjennomført har vi full dekning i felles anlegg for heile kommunen.

Garantiansvar

Hovudprosjektet omfattar avsette midlar til garanti og utbetringar i EPC prosjektet og kjøkken ved omsorgsenteret. Midlane vert justert i tråd utløp av garantiperiode og vert vurdert årleg i samband med budsjettarbeidet

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030006	EPC gjennomføringstiltak
030051	Omsorgsenter-sentralkjøkken

Innreiing elektriske varebilar

Elektriske varebilar er kjøpt inn og bilane fungera godt. Det er vanskelig å halde bilar i god orden, samt ha kontroll på utstyr og oversikt for effektiv utføring av arbeid. Ein ser behov for å innreie bilane på lik linje med bilar i det privat som t.d elektrikartenester, rørleggartenester og driftstenester for effektiv drift.

Kyrkjekontoret - ombygging fleire kontor

Kyrkjekontoret har behov for fleire kontorplassar. samstundes har tannlegen som leiger i tilstøytane lokalar signalisert at dei ønsker redusering i sine lokalar og husleige.

Det blir difor fremja forslag om å etablere 3 nye kontor for kyrkjekontoret og tilkomst frå kyrkja sine lokaler.

Maskin og utstyr eigedom

Prosjektet omfattar innkjøp av biler til eigedom. Bilar er bestilt , men vert mest truleg ikkje levert i 2021. Midlane vert derfor ført over.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030109	Bil seksjon vedlikehald og utvikling
030111	Køyretøy seksjon forvaltning og drift

Ombygging og oppgradering av 3 et. rådhuset -

Bakgrunn for prosjektet er at 3. etg. i rådhuset ikkje vart renovert i forbindelse med gjenoppbygging etter brannen i 2010. Utfordringar i dagens lokalar er at det er stor lydgjennomgang mellom kontora, pga. underdimensjonerte lydveggar, og ei konevektorkasse som går uavbrutt gjennom heile etasjen på ytterveggane.

Vidare er det no ikkje lenger råd å få tak i lyskilder som passar i den gamle himling frå 1979. Oppheng av nye lampar og skrivebordsbelysning er vanskelig å feste pga. dårleg innfesting av himling som står i fare for å ramle ned dersom ein belastar denne. Vår vurdering er at renovering av 3. etg. vil gi eit meir fleksibelt kontorbygg med fleire kontorplassar og auka kapasitet på møterom. Samtaler av konfidensiell art vil kunne gjennomførast på ein sikker måte.

Ein ser for seg ei tostegs utbygging og at kostnaden kan fordelast over to-år. Dei førebelse planane viser at etasjen vert utvida med 5 møterom og 5 ekstra kontor på same areal som idag.

Kommunedirektøren signaliserer ved å løfte fram dette tiltaket at ein ynskjer at ein internt iverksetter tiltak og prosjektering for å nå målsetjingane som er lagt til grunn. I den vidare prosessen må det tenkjast nytt, alternativt og syte for å optimalisere prosjektet både med omsyn til innhald og kostnadsnivå.

Ombygging og oppgradering av helsestasjon rådhuset

Helsestasjon er frå byggeår og har svært lite oppgradering. Det er gjort enkelte avbøtande tiltak. Det er svært lytt mellom kontora som gir brot på personvernet kvar einaste dag. Det er dårlig lys i lokala og det er ikkje lenger mogleg å skaffe armatur til gamal himling, dette fordrar utskiftig av himling og overgang til LED. Ei hovudombygging og oppgradering av lokala må til for å tilfredsstille krav til arbeidsmiljø og gode arbeidsvilkår.

Ein ser for seg ei tostegs utbygging og at kostnaden kan fordelast over to-år. Dei førebelse planane viser at det er behov for ei totalrenovering av lokala og ein må sjå på planløysing som stettar dagens behov.

Kommunedirektøren signaliserer ved å løfte fram dette tiltaket at ein ynskjer at ein internt iverksetter tiltak og prosjektering for å nå målsetjingane som er lagt til grunn. I den vidare prosessen må det tenkjast nytt, alternativt og syte for å optimalisere prosjektet både med omsyn til innhald og kostnadsnivå

Oppgradering kommunale bygg

Hovudprosjektet omfattar investeringsprosjekt på kommunale bygg.

Frå førre år er det lagt til grunn desse prosjekta. Prosjekt 030008 er ferdigstilt og går ut, dei andre er i under utførelse.

I vedlegg ligg ein **førebels** rapport for investeringsprogrammet 2022. Her er det tatt med overhengande prosjekt frå 2021 som blir fullført i 2022, samt nye prosjekt for 2022.

Rød understreking= prosjekt er flytta til eigne hovudprosjekt som nye tiltak.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030004	Leikeplassar, skular og barnehagar
030007	Oppgradering kommunale bygg
030008	4. etg omsorgsenteret
030048	Kino, oppgradering amfi
030076	Kommunale bygg lønn
030077	Oppgradering Sevrinhaugen 5
030078	Oppgradering Monsvegen 7A og 7B
030095	Oppgradering helsestasjon
030097	Vaskeri
030123	Oppgradering rådhuset
030143	Samfunnshuset, rehabilitering
030146	Bratteberg skule, oppgradering
030147	Mork barnehage, oppgradering

Oppgradering og modernisering av brannførebyggande installasjonar og system kommunale bygg

Tiltaket gjeld oppgradering av brannførebyggande installasjonar i kommunale bygg. Oppgradering er i tråd med regelverk, avvik til betre og ny standard med god og effektiv FDV.

Sikkerheita til brukarar og bebuarar av bygga er viktig og tiltak mot lite funksjonelle eller ikkje-eksisterande anlegg for brann og evakuering står først.

Dette kan vere kritisk dersom det skulle oppstå ein naudsituasjon, der kvart sekund tel. Ved å montere moderne naudanlegg til både brannvarsling og belysning vil ein til ei kvar tid vere betre rusta, og i stand til rask evakuering. I tillegg til å sikre personar, er ein med på å førebygge skadar på byggmasse som kan oppstå. Dette ved at rett personell vert tidleg varsla ved ein naudsituasjon. Volda kommune vil lukke avvik knytt mot brannområdet ved desse oppgraderingane.

Reinseanlegg legionella - sikre bygg etter vannrapport 123 forebygging av legionella

Volda kommune har utarbeida nye og betre retningslinjer kring legionella førebygging i Volda kommune. For å kunne klare å ha eit tilfredsstillande system for legionellaførebygging er det særdeles viktig at dei sentrale bygga får montert anlegg som hindrar legionella oppblomstring i bygga. Det er ikkje tilstrekkeleg med lokal manuell førebygging på sentrale bygg som Omsorgssenter, større kommunale utleige bustadar som Fjordsyn, symjeanlegg mm. På sentrale bygg må kommunen montere anlegg på vatn inntak som reinsar vatnet for legionella. Viser til vannrapport 123, samt lovverk knytt mot området.

Renseanlegg VVS varmeanlegg Hornindal helsehus

Hornindal helsehus har i dag vannboren varme. Det vart ikkje montert reinseanlegg på vannborenvarme anlegget. ved etablering, dette medfører groe i anlegget og korrusjon. Over tid vil anlegget ikkje lenger forsyne bygget med varme og ein vil få store avvik og store kostnadar med utskrifting av store delar av anlegget. Dersom ein monterar renseanlegg som vi har på dei andre bygga med vannboren varme vil ein eliminere problemet og reverser det som har skjedd til no. Anlegget vil då fungere normalt i tida framover. Anlegget som er tenkt montert har kommunen god erfaring på gjennom uttesting over fleire år på andre bygg.

Solskjerming kommunale bygg

Eigedomsavdelinga har siste tida fått fleire avvik på manglande solskjerming på kommunale bygg, særleg frå bygg der det oppheld seg folk gjennom dagen. Eigne erfaringar frå bygg der screening (solskjerming) har blitt gjennomført, syner gode opplevde erfaringar på temperatur og inneklima. Når sola står på gjennom ein heil dag i eit lokale, får ein store utfordringar med inneklimaet, ein ser at screening dempar sollyset effektivt, men ein har likevel utsyn, og inneklimaet er betraktelig meir kontrollerbart. Ei positiv bi-effekt av screening er at innsynet vert minimalisert så god som ned mot -0.

På skular betrar det visualisering på undervisingsflater som tavler og smartboard betraktelig.

Helse og omsorg har mange avvik på vernerundar knytt mot solskjerming og oppvarma bygg i sommarhalvåret.

Det blir lagt opp til ei årlig oppgradering av solskjerming på kommunale bygg fram til alle avvik er lukka. Det vil være kommunedirektøren si leiargruppe som prioriterar rekkefølgje i lukking av avvik.

Strategisk utvikling av kommunale utleigebustadar

Det vart i 2020 utarbeida ein rapport frå ei arbeidsgruppe som har vurdert ulike strategiar for utviklinga av området med kommunale gjennomgangsbustadar i Røyslida. I samband med å vurdere strategien for området har arbeidsgruppa også måtte tatt stilling til behovet for kommunale gjennomgangsbustadar og tilstand og plassering av dei bustadane kommunen har i dag. I etterkant av utarbeiding av rapporten,

har det vore arbeida vidare med å lage ein strategi for utvikling av området i Røyslida, samt ein heilheitleg strategi for dei kommunale gjennomgangsbustadane i kommunen.

Det visast til vedlagt rapport, samt vedlagt notat «Strategi kommunale gjennomgangsbustadar». Med bakgrunn i tilstanden til og utforminga av bustadane i Røyslida, er det konkludert med at det er behov for ei endring både med tanke på tal på bueiningar og utforming. Det er vidare vurdert at ein anbefaler å gå vidare med ein samarbeidsmodell for utviklinga av området, der ein brukar ein modell med offentleg/privat samarbeid for å få ei heilheitleg utvikling av området med både kommunale og private bustadar. Det vert også anbefalt at ein brukar utviklinga av uteområdet som eit verkemiddel til å gi heile bumiljøet i området eit løft. I notatet vert det foreslått ei utvikling i 2 trinn og der ein etablerer 2 nye kommunale bygg i området.

Ut frå det behovet for kommunale gjennomgangsbustadar ein har kartlagt gjennom arbeidet med rapporten, er det vurdert at kommunen kan tilfredsstille behovet gjennom ei utbygging i Nygardsvegen i tillegg til den skisserte utbygginga i Røyslidaområdet. Totalt sett vert det anbefalt ein slik strategi for dei kommunale gjennomgangsbustadande i kommunen:

Som belyst i vedlagt notat, er det anbefalt at ein etablerer bueiningane i Nygardsvegen før ein startar riving og bygging i Røyslida. Dette for å kunne dekke betre opp for behovet for kommunale gjennomgangsbustadar gjennom ei byggefase i Røyslida. Det vil likevel vere fornuftig å starte opp planleggingprosessen i Røyslida så snart som mogleg dersom det skal vere klart for bygging på tomta når bygget i Nygardsvegen er ferdigstilt.

Einehusvære

Plassering og utforming av einehusvære er ein vanskeleg prosess då bebuarane i slike bustadar har spesielle og individuelle behov. For kvar bebuar som er aktuell for ein slik type bustad må det gjerast individuelle vurderingar ut frå det einskilde behovet. Eit alternativ til å etablere nye bueiningar med permanent plassering, er å sjå på ei løysing med bruk av flyttbare hus (hus på hjul). På denne måten låser ein seg ikkje til ei permanent plassering og ein har større fleksibilitet til å vurdere plasseringa med utgangspunkt i bebuar sine behov. Administrasjonen vil vurdere slike løysingar i det vidare arbeidet.

Framdrift

På grunn av at det no pågår 2 større byggeprosjekt i kommunen, fleire mindre prosjekt og samstundes utleige av ressurs til Volda utvikling AS, er ressurskapasiteten på leiing av byggeprosjekt i administrasjonen redusert. Dette vil seie at ein, med dagens ressursar, ikkje vil ha vesentleg kapasitet til arbeidet før i 2024, noko som vil tilseie ein byggestart i Røyslidområdet frå rundt 2025/2026.

Dersom ein skal kunne halde framdrifta for utbetring av Røyslida slik det er skissert i vedlagt notat, er ein avhengig av å få inn ny prosjektleiarressurs til å drive prosjekta i Nygardsvegen og Røyslida. Ei ny prosjektleiarstilling ligg som tiltak i budsjettet.

Tilsetting av prosjektleiar investering

Volda kommune har fleire mellomstore og store investeringsprosjekt og idag har ein 2 prosjektleiarar som arbeidar med slike prosjekt i sektoren.

Ser ein på prosjektportefølje som ein ynskjer å realisere må ein enten styrke prosjektleiarressursen med eit årsverk eller vurdere å utsetje investeringane ut i tid. Dersom ein vel å tilsetje ein ekstra ressurs vil arbeidet vere relatert til oppfølging av nye investeringsprosjekt. som i ligg som forslag i økonomiplanen. Ein ny prosjektleiar skal også kunne leie mindre og mellomstore investeringsprosjekt knytt mot seksjon vedlikehald og utvikling.

Utvikling

Innledning

Utviklingsavdelinga har ansvar for:

- Overordna samfunnsplanlegging (kommuneplanarbeid)
- Handsaming av plan-, bygg- og delesaker
- Klima- og miljøsaker
- Kart- og oppmåling
- Utskriving av eigedomsskatt

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	8 169	7 932	7 693	7 737	7 737	7 737
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 826	1 432	1 591	1 265	1 265	1 265
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 563	2 167	2 167	2 167	2 167	2 167
Overføringsutgifter	80	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**13 638**	**11 532**	**11 452**	**11 169**	**11 169**	**11 169**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-3 284	-3 075	-3 155	-3 215	-3 215	-3 215
Refusjoner	-659	-42	-42	-42	-42	-42
Sum Driftsinntekter	**-3 942**	**-3 116**	**-3 196**	**-3 256**	**-3 256**	**-3 256**
Sum	9 695	8 415	8 255	7 912	7 912	7 912

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Administrasjon	368	182	182	182	182	182
Plansaksbehandling	5 484	4 434	3 579	3 286	3 286	3 286
Byggesaksbehandling og eierseksjonering	249	413	971	971	971	971
Kart og oppmåling	1 669	1 377	1 464	1 414	1 414	1 414
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	1 912	2 025	2 025	2 025	2 025	2 025
Naturforvaltning og friluftsliv	-15	-16	-16	-16	-16	-16
Idrett og tilskudd til andres idrettslag	0	0	50	50	50	50
Sum	**9 695**	**8 415**	**8 255**	**7 912**	**7 912**	**7 912**

Beskriving av verksemda i dag

Avdelinga har totalt 9 stillingsheimlar som er fordelt slik:

- Ein leiar som også jobbar ein god del med byggjesak og eigedomsskatt
- Ein kommuneplanleggar som har overordna koordineringsansvar for alt kommuneplanarbeid
- To planleggarar som i hovudsak har sakshandsaming av reguleringsplanar og dispensasjonar
- Ein plan- og miljørådgjevar som vil ha kombinert stilling (midt i tilsetjingsprosess no). Klimasaker vil også vere ein del av stillinga.
- Ein byggjesakshandsamar som også har ansvar for eigarseksjoneringar
- To landmålarar som gjennomførar oppmålingsforretningar og ajourføring av kartdata
- Ein prosjektleiar for sentrumsutviklingsprosjektet som også handsamar delesaker

I tillegg så kjøper vi inn noko teneste innafor plan og byggjesak frå tidlegare til tilsett som no er pensjonist.

Skog- og landbrukstenester vert kjøpt frå Ørsta kommune der dei er vertskommune for felles landbrukskontor.

Utfordringar og strategi

På grunn av mange store byggeprosjekt under planlegging i Volda kommune så har det vore stort arbeidspress på avdelinga i lang tid og det vil det også vere framover. I tillegg har arbeidet med ny kommunedelplan for tidlegare Volda kommune teke mykje tida til planleggarane våre dei siste åra. No er ein i gang med ny revisjon av ny samfunnsdel for heile kommunen og ein ny områdeplan for Volda sentrum. Vi har dyktige fagmiljø, men desse er små og sårbare ved sjukmelding/permisjonar.

Vi har som mål å effektivisere meir både gjennom digitalisering og måten vi arbeidar på. Det er investert i ein god del digitale verktøy som har automatisert nokon tenester. Til dømes er kartsal og kjøp av eigedomssopplysningar no sjølvbetjeningsbasert, men det er store potensial for meir automatisering i åra framover. Innafor byggjesak vert det frå sentrale mynde jobba mykje med dette og ein har kome eit stykke på veg, men slike prosessar tek ofte lenger tid enn ein tenker i utgangspunket. Når det gjeld plan så har ikkje prosessen kome like langt som byggjesak.

1.januar i år vart det innført ei autorisasjonsordning for landmålarar. Det betyr at det no er krav til både relevant utdanning og praksis for å utføre landmåling. Sjølv om det er ei overgangsordning på 3 år så vil det vere utfordrande for mange av dei mindre kommunane, og da også for oss, å oppfylle krava for godkjenning. Det kan derfor vere behov for noko etterutdanning dei neste åra.

Oppdrag

Namn på org.einingar	Kategori	Oppdrag	Beskriving av status	Ansvarleg	Frist	Status
Volda kommune	Verbalvedtak	Eigedomsskatt	-	Jørgen Vestgarden	31.12.2022	Ikke startet

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		9,0

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**8 415**	**8 415**	**8 415**	**8 415**
Vedtak forrige periode					
Gradvis auke i gebyr plan og oppmåling	Samfunnsutvikling	-80	-140	-140	-140
Strukturtiltak Utviklingsavdelinga	Samfunnsutvikling	-302	-585	-585	-585
Sum Vedtak forrige periode		**-382**	**-725**	**-725**	**-725**
Budsjettendring i år					
Sum Budsjettendring i år		**0**	**0**	**0**	**0**
Konsekvensjusteringer		**-382**	**-725**	**-725**	**-725**

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Konsekvensjustert ramme		**8 033**	**7 690**	**7 690**	**7 690**
Nye tiltak					
Leikeplassfond	Samfunnsutvikling	50	50	50	50
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Samfunnsutvikling	13	13	13	13
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Samfunnsutvikling	159	159	159	159
Sum Nye tiltak		**222**	**222**	**222**	**222**
Nye tiltak og realendringer		**222**	**222**	**222**	**222**
Ramme 2022-2025		**8 255**	**7 912**	**7 912**	**7 912**

Vedtak forrige periode

Gradvis auke i gebyr plan og oppmåling

Tiltaket er ei oppfølging av budsjettvedtaket for 2021 der ein hevar gebyra innan fagområdet over tid og gjennom økonomiplanperioda. Det vert lagt fram eiga sak kring gebyra.

Strukturtiltak Utviklingsavdelinga

Tiltaket er ei vidareføring frå førre budsjettrunde som gir nedtrekk i lønsrammer for avdelinga.

Budsjettendring i år

Voldsfjordkryssing, vedtak frå 2020

I 2020 vart det gjort vedtak om tilføring av 2,5 mill kroner til tiltaket og planarbeid. Finansiert av disposisjonsfondet. Alt vart ikkje nytta i 2020 og vart derfor trekt attende. Midlane vert overført for å dekke kontrakt på planarbeidet som er i prosess

Nye tiltak

Leikeplassfond

Sommaren 2014 gjennomførte kommunen ei kartlegging og registrering av alle leike- og aktivitetsområda i kommunen. Dette registreringsarbeidet viser at ein har mange areal avsett til leikeareal i kommunen, men kvaliteten på områda varierar.

Det er mykje engasjement og dugnadsånd i Volda og det er fleire som vender seg til for å høyre om det er mogleg å få støtte til opparbeiding av areala som er avsett til leikeplass. Vi har dessverre ikkje noko midlar til dette i dag og med eit slikt leikeplassfond kunne vi hatt ei tilskotsordning der ein kunne søkt kommunen om støtte til til dømes eit leikeapparat eller anna form for opparbeiding. Dette støttar godt under ønskje om å vere ein samskapingskommunen.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
Samfunnsutvikling					
Digital kartlegging	0	800	0	0	800
Grunn og næringsutvikling	1	0	0	0	1
Innkjøp av ny GPS	400	0	0	0	400
Områdeplan for Volda sentrum	625	0	0	0	625
Sum Samfunnsutvikling	**1 026**	**800**	**0**	**0**	**1 826**
Sum investeringsprosjekt	**1 026**	**800**	**0**	**0**	**1 826**

Digital kartlegging

Behov for ny digital kartlegging (ortofoto ol) av kommunen. Sist kartlegging var i 2019. Tiltaket er i tråd med kartleggingsplanen for Møre og Romsdal som vert gjennomført av Statens kartverk. Gode kart er avgjerande for kommunen og for samfunnet generelt sett. Tiltaket er i samsvar med framdriftsplan lagt til 2023.

Grunn og næringsutvikling

Hovudprosjektet omfattar i hovudsak midlar til strategisk grunnerverv. Vidare vil kostnadar til etablering og sal av næringsområde vere ført mot dette hovudprosjektet.

Av nye tiltak vil planlegging av siste næringsområde på øvre Rotset (ØRN 3)kome inn under dette prosjektet.

Prosjekt 030030, 0300136 og 0300137 er ferdigstilt og vil gå ut.

Prosjekt 030038 gjeld strategisk grunnerverv.

Prosjekt 030066 er knytt til omsorgsenteret på Grodås og sikrar nødstrøm.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030030	Infrastruktur Volda Campus Arena
030038	Strategisk eigedomsutvikling
030063	Ny veg Ytrehorn- skulen
030066	Aggregat til beredskap
030136	Øvre Rotset Næringsområde 1 - sal av tomter
030137	Øvre Rotset Næringsområde 2 - ferdig opparbeidd

Innkjøp av ny GPS

Innkjøp av ny GPS til oppmåling

Noverande GPS er 11 år gamal og utadatert. Ved ein ny GPS vil ein få betre og meir nøyaktige målingar. Det vil også vere lettare å få gode nok signal for måling. I tillegg er svært dårleg batterikapasitet på dagens GPS som gjer at ein ikkje kan nytte han på fleire oppdrag på same dag utan å få lada.

Områdeplan for Volda sentrum

Prosjektet omfattar utarbeiding av områdeplan for utvikling av Volda sentrum. Dette er ei vidareføring frå arbeidet med volumanalyse som vert ferdigstilt desember 2021. Tiltaket er særs viktig med omsyn til transformasjon og utvikling for sentrum i Volda. I det vidare planarbeidet vil det vere ulik detaljeringsgrad mellom områder som er inkludert i planarbeidet og ein ser derfor for seg at noko av kostnadane kan takast på investering og transporterast til eitt seinare utbyggingsprosjekt der kommunen er ein sjølvstendig part eller partner i ei større utbygging. Midlane er å sjå som delfinansiering av tiltaket saman med omdisponering av budsjett internt i Utviklingsavdelinga.



Avgrensing av områdeplan for Volda sentrum

Brann/feiing

Innledning

I samband med kommunesamanslåinga vart det vedteke ny brannordning for Volda kommune. Grunnlaget for denne er heimla i "brannlova / dimensjoneringsforeskrifta" der kommunen sine plikter er beskrive.

Kommunen er pliktig til ha ei brannordning basert på den risiko som er i kommunen. I samband med dette vart det gjennomført ei fullstendig ROS-analyse, inklusive både beredskaps- og forebyggande analyse, som la grunnlaget for den nye brannordninga. Til hjelp for dette arbeidet vart det nytta ekstern ekspertise for å sikre at kommunen har ei brannordning i tråd med gjeldande foreskrift.

Etter den vedtekne brannordninga skal brannvernet ha 4 stillingar til beredskap og forebyggande arbeid, der 0,45 ligg til feietenesten. I dag har vi 3, der 0,65% ligg til feietenesten. I praksis betyr dette at det manglar 1,2 stillingar for å tilfredstille brannordninga.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Lønn	10 763	10 442	10 543	10 543	10 543	10 543
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 475	2 245	3 545	3 545	3 245	2 745
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 304	1 148	1 548	1 548	1 548	1 548
Overføringsutgifter	0	0	0	0	0	0
Finansutgifter	538	22	22	22	22	22
Sum Driftsutgifter	**14 080**	**13 856**	**15 658**	**15 658**	**15 358**	**14 858**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-2 708	-2 075	-2 075	-2 075	-2 075	-2 075
Refusjoner	-282	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-54	-54	-54	-54	-54
Sum Driftsinntekter	**-2 990**	**-2 129**	**-2 129**	**-2 129**	**-2 129**	**-2 129**
Sum	**11 090**	**11 727**	**13 529**	**13 529**	**13 229**	**12 729**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Forebygging av branner og andre ulykker	0	303	453	453	453	453
Beredskap mot branner og andre ulykker	11 090	11 424	13 075	13 075	12 775	12 275
Sum	**11 090**	**11 727**	**13 529**	**13 529**	**13 229**	**12 729**

Beskriving av verksemda i dag

Etter kommunesamanslåinga fekk brannavdelinga betydelig auka ansvar. Frå "gamle" Volda med ein brannstasjon, 3 branndepot og 44 tilsette, vart det i "nye" Volda 2 brannstasjonar, 4 branndepot og 66 tilsette. Altså ei auke på over 30%. Tal objekt som skal ha tilsyn frå brannvernet auka frå omlag 100 til 125.

Dei ressursane som tidligare Hornindal kommune brukte på brannvern er no borte, noko som har ført til ein svært utfordrande situasjon. I praksis har ikkje brannavdelinga i dag meir resursar til drift av begge stasjonane, 4 depot og forebyggande arbeid, enn det kommunen ville skulle ha med berre ein brannstasjon.

Utfordringar og strategi

Utfordringar og muligheiter

Å ha god beredskap er viktig for innbyggarane sin tryggleik. Og det er viktig at kommunen har høg fokus på førebyggande arbeid slik at ein gjer det som er mulig for å unngå at uønska hendingar oppstår. Brannstatistikken er tydelig, eldre over 70 år er vesentleg meir utsett for å omkome i brann enn befolkninga ellest. Tal heimebuande eldre vil auke i komande år, og strategien til kommunen er satsing på heimebasert omsorg framfor institusjonsplassar. Pr i dag har brannavdelinga ingen resursar til førebyggande arbeid blant risikoutsette grupper. Einaste tilsyn som vert utført er tilsyna av fyringsanlegg kvart 4-5 år. Mange i Volda bur i dag i leiligheiter utan fyringsanlegg, og får såleis ingen oppfylging frå brannvernet. Ei auka satsing på tilsyn og informasjon blant risikoutsette grupper vil vere svært viktig for tryggleiken til innbyggarane, då særskilt heimebuande eldre.

Kommunen er også vertskap for sjukehus, høgskule, fleire tusen studentar og mange tunnelar som vi har beredskapsansvar for. Mykje av dette er krevjande objekt, både med tanke på tilsyn og beredskap. Og å ivareta tryggleiken til studentane i bygda på ein god måte er viktig.

Skal vi vere sikra ein tilfredsstillande beredskap er det heilt naudsynt at det er resursar til drift av stasjonar, depot og ikkje minst oppfylgjing av brannmannskapet. Med den auken som vart i oppgåver ved kommunesamanslåinga, har vi ingen muligheit til å rekke over med dei ressursane som brannavdelinga har i dag.

Det er betydelige krav til utdanning, trening og sertifisering av brannmannskap, og kommunen ligg langt på etterskot i dag. Å utdanne ein brannkonstabel i dag, har ein kostnad på omlag kr 150 - 200.000,-, utrykningsleiarar enno meir. Det vil vere god økonomi å syte for gode arbeidstilhøve og trivsel slik at ein unngår gjennomtrekk. Og både stasjonar og materiell er kostbare eigedelar som er viktig å ta godt vare på så ein er trygg på at dei til ei kvar tid fungerer til hensikta og utan fare for personskader.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		5,0

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**11 727**	**11 727**	**11 727**	**11 727**
Konsekvensjustert ramme		**11 727**	**11 727**	**11 727**	**11 727**
Nye tiltak					
Auka driftsramme grunna prisstigning 110 sentralen og IUA, og lønsutgifter etter reforhandling av sentral særavtale for brann og redning	Samfunnsutvikling	400	400	400	400
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Samfunnsutvikling	46	46	46	46
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Samfunnsutvikling	55	55	55	55
Ressurs til beredskaps- og førebyggande arbeid	Samfunnsutvikling	500	500	500	500
Utdanning av brannmannskap	Samfunnsutvikling	800	800	500	0
Sum Nye tiltak		**1 801**	**1 801**	**1 501**	**1 001**
Nye tiltak og realendringer		**1 801**	**1 801**	**1 501**	**1 001**
Ramme 2022-2025		**13 529**	**13 529**	**13 229**	**12 729**

Nye tiltak

Auka driftsramme grunna prisstigning 110 sentralen og IUA, og lønsutgifter etter reforhandling av sentral særavtale for brann og redning

Tiltaket er to-delt.

Avgift til både Interkommunalt utval mot forureining og Møre og romsdal 110 sentral vil auke i 2022. Grunnlaget for kommunane si avgift er basert på folketal. Dermed får Volda i tillegg også auka utgift når studentar har meldt flytting til Volda.

Sentral særavtale SFS2304 for brannmannskap vart reforhandla mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane. Resultatet av denne vil gi brannavdelinga auka utgifter, berekna til omlag kr 300.000,-

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Ressurs til beredskaps- og førebyggande arbeid

Brannavdelinga har eit stort ansvar for tryggleiken til innbyggarane i heile kommunen. Avdelinga har ansvar for drift av 2 brannstasjonar, 4 branndepot, 17 kjøretøy og har til saman 66 tilsette, dei fleste i små deltidsstillingar frå 12 til 40 timar pr år. I kommunen er det omlag 120 særskilte brannobjekt som skal ha tilsyn, i tillegg til tilsyn med fyringsanlegg, gasslager, fyrverkeriutsal mm.

Etter kommunesamanslåinga er alle administrative resursane som Hornindal kommune brukte til brannvern borte. I tillegg til eigne resursar leigde Hornindal feieteneste frå Stryn og Førebyggande teneste frå Ålesund, og så har også brannstyrken på Bjørke kome til. Alt dette må no same tal tilsette som"gamle" Volda hadde ta i tillegg utan auka resursar. Dette gjer at kommunen stadig vert liggande

etter, og det vil ikkje vere mogeleg å rekke over alt og både materielle ting og tilsette får lite oppfylgjing.

Utdanning av brannmannskap

Som følge av kommunesamanslåinga, måtte det tilsettast mange nye brannmannskap. I tillegg er det også fleira av dei andre som heller ikkje har fått utdanning. Desse må gjennomføre lovpålagt utdanning etter inntil 2 års intern opplæring.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Prioritet	2022	2023	2024	2025
Auke i beredskap mot skogbrann	4	200	200	0	0
Sum		**200**	**200**	**0**	**0**

Nye tiltak

Auke i beredskap mot skogbrann

Klimaendringar gjer at faren for skogbrann i vår kommune har auka i seinare tid. Og det er tydelige signal om at dette er noko kommunane må vere førebudd på vil kunne bli utfordrande å handtere.

Skogbrann er ikkje noko som har vore særleg prioritert og det materiellet brannvernet disponerer er ikkje særleg eigna.

Vi må avskaffe lettare materiell som er råd å transportere med seg ut i terrenget, og er eigna til ein innsats ved brann i skog og mark.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2022	2023	2024	2025	2022-25
Samfunnsutvikling					
Maskin, bilar og utstyr brann	0	1 375	0	0	1 375
Utskifting av bil frå 1981 ved Hornindal stasjon	0	0	1 000	0	1 000
Utskifting av feiarbil	700	0	0	0	700
Utskifting av tankbil Hornindal. Sameige med VA	0	0	0	5 000	5 000
Utskifting av vaktbil for mannskap.	1	400	400	0	801
Sum Samfunnsutvikling	**701**	**1 775**	**1 400**	**5 000**	**8 876**
Sum investeringsprosjekt	701	1 775	1 400	5 000	8 876

Maskin, bilar og utstyr brann

Hovudprosjektet omfattar investeringar på maskiner øg kjøretøy i avdeling for brann og redning

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030103	Fy bil til feiar
030104	Skifte av brannbil

Utskifting av bil frå 1981 ved Hornindal stasjon

Det vil vere behov ut i økonomiplanperiode å sikre transport for utrykningspersonell ved Hornindal stasjon. Tiltaket vil erstatte ein eldre bil.

Utskifting av feiarbil

Tiltaket er finansiert over sjølvkost og styrker HMS knytt til utføring av tenesta ved at ein får rein/skitten sone for feiarane.

Utskifting av tankbil Hornindal. Sameige med VA

Det vil vere behov for å skifte ut ein eldre tankbil og ein har lagt det inn i slutten av økonomiplanperiode. Tiltaket vil ha effekt for beredskap både for vassforsyning og brann og vert delvis finansiert over sjølvkost.

Utskifting av vaktbil for mannskap.

Ut i økonomiplanperiode er det lagt til grunn å skifte ut deler av bilparken på brannvern. Tiltaket vert lagt inn, men vurdert i seinare budsjettrunder

Veg/park

*Avdeling Veg & Park - utfordringar og mogelegheiter***Innledning**

Avdelinga yter service og tenester innanfor alle kommunale vegar, veglys på alle offentlege vegar i kommunen, kommunale hamner/kaier, kommunalt ekom-nett, kommunale parkar og utomhus områder, samt drift av 9 kyrkjegardar (etter avtale med kyrkjeleg fellesråd)

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	8 831	8 645	8 970	8 970	8 970	8 970
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 943	9 380	10 075	10 075	10 075	10 075
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	250	0	0	0
Overføringsutgifter	8	0	0	0	0	0
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**16 783**	**18 024**	**19 295**	**19 045**	**19 045**	**19 045**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-685	-218	-268	-318	-318	-318
Refusjoner	-836	-710	-710	-710	-710	-710
Sum Driftsinntekter	**-1 521**	**-928**	**-978**	**-1 028**	**-1 028**	**-1 028**
Sum	**15 262**	**17 096**	**18 317**	**18 017**	**18 017**	**18 017**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	0	45	45	45	45	45
Samferdselsbedrifter/transporttiltak	-289	23	23	23	23	23
Kommunale veier	12 124	12 701	13 770	13 470	13 470	13 470
Rekreasjon i tettsted	2 351	3 060	3 212	3 212	3 212	3 212
Gravplasser og krematorier	1 045	1 014	1 014	1 014	1 014	1 014

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Sum	15 262	16 842	18 063	17 763	17 763	17 763

Beskriving av verksemda i dag

Arbeidsområde og omfang har stor breidde der vi og dekkjer eit stort geografisk arbeidsområde. Vi er svært synlege i det vi gjer, då dei fleste av oss som innbyggarar har ein relasjon til det avdeling har ansvaret for. Vi mottek relativt mange henvendingar om mange ulike problemstillingar og set vår ære i å svare innbyggarane våre tydeleg og konstruktivt.

Vi har vore svært heldige og fått rekruttert gode fagfolk som utfører arbeid med høg kvalitet. Dette kombinert med moderne maskinpark gjer at vi har auka effektiviteten vår monaleg

Utfordringar og strategi

Av og til kan dette vere utfordrande, då vi ikkje har midlar til å løyse på langt nær dei oppgåvene som innbyggarane forventar av oss. Det kan og vere utfordrande å "drifte" fleire vegar, utomhusområder, veglys med meir, når vi samstundes skal kutte prosentvis ganske mykje i kostnader. Siste 2 åra har det blitt kutta med i overkant av 7,5% på driftsbudsjettet. Auka lønskostnader og generell kostnadsauke er då ikkje teke omsyn til.

Gjennom nokre år har vi fått høve til å investere i nytt og moderne materiell. Dette gjeld både større maskiner og mindre hjelpemiddel med moderne teknologi som til dømes robotklipparar. Hovudårsaka til investeringane er at med meir å drifte med færre driftsmidlar, så må vi vere meir effektive. Det har vi synt at vi klarer. Utan slike investeringar og effektivisering, ville vi ikkje klart å drifte kommunen vår slik vi gjer i dag. Det er avgjerande for oss at det er vilje til å halde fram med slik satsing og fornying.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		13,0

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**17 096**	**17 096**	**17 096**	**17 096**
Vedtak forrige periode					
Gebyr for graveløyve	Samfunnsutvikling	-50	-100	-100	-100
Privatisering av vegar	Samfunnsutvikling	-75	-75	-75	-75
Reduksjon straum veglys som følgje av utskifting HQL	Samfunnsutvikling	-150	-150	-150	-150
Sum Vedtak forrige periode		**-275**	**-325**	**-325**	**-325**
Konsekvensjusteringer		**-275**	**-325**	**-325**	**-325**
Konsekvensjustert ramme		**16 821**	**16 771**	**16 771**	**16 771**
Nye tiltak					

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Auke i forsikringspremie 2022	Samfunnsutvikling	20	20	20	20
Auke i ramme for vintervedlikehald	Samfunnsutvikling	900	900	900	900
Kontroll av alle bruer i kommunen	Samfunnsutvikling	250	0	0	0
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Samfunnsutvikling	148	148	148	148
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Samfunnsutvikling	178	178	178	178
Overføring av midlar frå vegbudsjettet	Samfunnsutvikling	3 200	3 200	3 200	3 200
Overføring av midlar til eige budsjett for vintervedlikehald	Samfunnsutvikling	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Overføring av midlar til nytt budsjett for vintervedlikehald	Samfunnsutvikling	-700	-700	-700	-700
Sum Nye tiltak		**1 496**	**1 246**	**1 246**	**1 246**
Nye tiltak og realendringer		**1 496**	**1 246**	**1 246**	**1 246**
Ramme 2022-2025		**18 317**	**18 017**	**18 017**	**18 017**

Vedtak forrige periode

Gebyr for graveløyve

Innføring av gebyr for handsaming av graveløyve vart innført i 2021. I tråd med budsjettvedtaket justerer ein opp inntektspotensialet.

Privatisering av vegar

Administrasjonen har under utarbeiding ei sak der vi ser på aktuelle vegparsellar som kan nedklassifiserast og vi planlegg systematisk kartlegging av vegane som ein driftar.

KOSTRA analyse viser at Volda kommune har høg samla prioritering (ressursbruk) innan kommunale vegar og gater. Utgift pr kilometer veg er middels og dette betyr at forklaringa til den høg prioritering kjem av at kommunen har driftsansvar for mange kilometer med veg/gater.

Anbefalinga frå arbeidet knytt til KS analyse var at ny hovudplan for vegar må utarbeidast og at ein la fram liste over vegar som kunne nedklassifiserast.

Reduksjon straum veglys som følgje av utskifting HQL

Tiltaket er iverksatt og omfattar å skifte ut gamle HQL armaturar (kvikksølv damplampe) som står langs vegane i Volda kommune. Slike armaturar har ein langs kommunale, fylkeskommunale og riksvegar. HQL armaturane er ofte 25-40 år gamle, der mesteparten er over 30 år. Det er ikkje mogeleg å få nye standard pærer til desse, då pærene inneheld kvikksølv og er ulovlege å selje. Armaturane har høgt straumforbruk (snittet ligg på om lag 135W) og gjev relativt dårleg lysutbyte og difor dårleg trafikktryggleik.

Innsparingseffekt vert gjort gjeldande frå 2022.

Nye tiltak

Auke i forsikringspremie 2022

Vi har fått melding om auke i forsikringspremien inn mot år 2022. Spesielt er det stor auke på eigedom og på gruppelivs og yrkesskade.

Auke i ramme for vintervedlikehald

Basert på erfaringstal og kostnader frå tidlegare år, syner det at ein har fått overføringar på mellom 1,5 og 2,1mill kroner årleg grunna lågt budsjett til vintervedlikehald. Då er ikkje Bjørke og Hornindal medteke, noko som aukar kostnader monaleg. Unntaket er budsjettet/resultatet for 2020, som var svært lågt grunna lite nedbør og difor låge kostnader. Vi har ein årleg beredskapskostnad på om lag kr 950.000,- (eks.mva.), dette uavhengig av snømengde.

Vi synleggjort kostnadar for vintervedlikehald ved å flytte det på eige ansvar i budsjettet og har internt justert budsjettet med kr 3,2 mill frå vegbudsjettet, noko som harmonerer med forbruket for tidlegare år når ein tek med årlege overføringar.

Vi meiner at om ein skal ligge i nærleiken av eit normal år, så må denne ramma aukast med minimum kr 900.000,- (eks.mva.) Då får ein eit samla budsjett på kr 4.100,000,- (eks.mva.) for vintervedlikehald.

Kontroll av alle bruer i kommunen

Det er snart 7 år sidan bruene i gamle Volda kommune vart kontrollerte. I ettertid har vi fått fleire nye bruer både i Bjørke området og i Hornindal. Desse har vi ikkje oversikt over og vi treng å få slik oversikt for å kunne planlegge framtidig vedlikehald og få oversikt over framtidige kostnader.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Overføring av midlar frå vegbudsjettet

Dette er ei intern justering og medfører ikkje auka kostnadar.

Vi har fått nytt budsjett for vintervedlikehald frå og med år 2022. Vi overfører difor antatt årleg kostnad frå vegbudsjettet og til det nye vintervedlikehaldsbudsjettet frå 2 ulike kontoar. Frå konto 12400 = 2,5mill (eks.mva.) og frå konto 12500 = 0,7mill (eks.mva.). Samla overføring vert difor kr 3,2mill (eks.mva.)

Overføring av midlar til eige budsjett for vintervedlikehald

Dette er ei intern justering og medfører ikkje auka kostnadar.

Vi har fått nytt budsjett for vintervedlikehald frå og med år 2022. Vi overfører difor antatt årleg kostnad frå vegbudsjettet og til det nye vintervedlikehaldsbudsjettet frå 2 ulike kontoar. Frå konto 12400 = 2,5mill (eks.mva.) og frå konto 12500 = 0,7mill (eks.mva.). Samla overføring vert difor kr 3,2mill (eks.mva.)

Overføring av midlar til nytt budsjett for vintervedlikehald

Dette er ei intern justering og medfører ikkje auka kostnadar.

Vi har fått nytt budsjett for vintervedlikehald frå og med år 2022. Vi overfører difor antatt årleg kostnad frå vegbudsjettet og til det nye vintervedlikehaldsbudsjettet frå 2 ulike kontoar. Frå konto 12400 = 2,5mill (eks.mva.) og frå konto 12500 = 0,7mill (eks.mva.). Samla overføring vert difor kr 3,2mill (eks.mva.)

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Prioritet	2022	2023	2024	2025
Midlar til driftsoppgåver og feilretting	0	315	0	0	0
Sum		**315**	**0**	**0**	**0**

Nye tiltak

Midlar til driftsoppgåver og feilretting

I kom budsjettet ligg kun dekning til drift , vedlikehald og feilrettingsavtale som vi har med Bkk Enotek AS. Vi ser at når det er mindre arbeid, (for eksempel knyting til eksisterande bygg) feil i nettet (vi hadde nettopp ei av graving av fiberkabel som kommunen sjølv har ansvaret for) så har vi ingen midlar til rådvelde for kjøp av tenester eller feilretting. Sum auke i tiltak = 155.000,- + mva.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2022	2023	2024	2025	2022-25
Samfunnsutvikling					
Kommunale vegar	1 875	1 875	3 750	0	7 500
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	4 294	1 955	2 375	0	8 624
Sentrum og friluftstiltak	600	0	0	0	600
Tiltak og utbetringar på vegar, bruer, gang/sykkelvegar samt mindre oppgraderingar	2 380	5 015	0	0	7 395
Trafikktrygging	2 000	1 250	1 250	0	4 500
Utbygging kommunale vegar	52 858	733	0	0	53 591
Sum Samfunnsutvikling	**64 007**	**10 828**	**7 375**	**0**	**82 210**
Sum investeringsprosjekt	**64 007**	**10 828**	**7 375**	**0**	**82 210**

Kommunale vegar

Hovudprosjektet omfattar investeringar knytt til asfaltering av kommunale vegar .

Maskin, bilar og utstyr Veg og Park

Ein har vurdert behovet for investeringar og rår til at ein deler opp innkjøp av utstyr over år i økonomiplanperiode-

Tiltak for 2022:

Ny traktor Myrtun-

Den eine av to traktorar på Myrtun er ein 2007 modell som har gått over 8600 timar. Køyretyet er no så gammalt at mange større reparasjonar står for døra. Kost/nytteverdien er no negativ i høve alder/manglar. Vi er heilt avhengig av traktoren då den går i brøyting og kantklipping heile året rundt. Ei kritisk investering. Ved havari er vi svært sårbare. Innbyte av gammal traktor er trekt frå i summen for investering. Sum investering = 2.600.000,- + mva.

Robotklipparar-

I 2021 testa vi ut robot klipparar på 4 ulike stadar i kommunen. Etter ein del innkøyringsproblem har desse etter kvart synt seg tenlege. Vi vil prøve å utvide dette med 4-5 i tillegg, for å redusere manuell klipping og rekke over meir av det vi ikkje får gjort i dag (mellom anna stell av parkar). Sum investering = 300.000,- + mva.

Biltransporthengar-

Vi har 2 biltransport hengarar som vi nyttar til frakt av plentraktorar og klippeutstyr. Den eine er ikkje godkjend biltilsynet (for stort overheng bak) og vi må byte den ut med ein nyare modell. Den er brukt gjennom mange år, men stettar ikkje nyare krav. Kritisk investering. Sum investering = 110.000,- + mva.

Plentraktor-

Vi har framleis ein traktorklippar av den gamle typen som trengs fornying på. Det er ikkje fornuftig å reparere meir på denne, då den er såpass gammal at det er tungvint å få tak i deler og noko går sundt ofte. Sum investering = 125.000,-

Snøfres-

Vi manglar front/bakmontert snøfres til den eine traktoren i høve vinterdrift. Dette har medført ein del ekstraarbeid og dårlegare kvalitet på arbeidet vi utfører ved større snømengder. Slik snøfres vil gjere oss meir effektive. Sum investering = 300.000,- + mva.

Sentrum og friluftstiltak

ovudprosjektet omfattar alle sentrum- og friluftstiltak som vert gjennomført av utviklingsavdelinga.

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030011	Tiltak i friluftslivsområde/eigendel tilskotsprosjekt
030013	Sentrumsprosjektet inkl Friluftsområdet Andaneset
030039	Venterom Morizmarka og Kjøs bru
030072	Offentleg toalett sentrum nord

Servicebygg og amfi ved moloen i sentrumshamna:

Det er gitt byggeløyve for tiltaket på moloen og Nordplan AS som prosjekterer for kommunen vil lyse ut konkurranse for oppdraget.

Tiltaket omfattar servicebygg med vaskerom, tørkerom, dusj og toalett. Skråninga på moloen mot elva skal rehabiliterast og det skal byggast eit amfi med trappetrinn av naturstein slik at publikum kan ferdast ned til elva/fjorden og oppnå «kontakt med elementet»

Det er søkt om tettstadmidlar frå fylkeskommunen på kr 968 000,- og tilskot er gitt av fylkeskommunen ved Kultur, næring og folkehelseutvalet i møte 27.okt.

Siste vurdering er at ein vil trenge 1,4 mill til etablering av servicebygg og 3,7 mill til bygging av amfi (trappetrinnpark på moloen ned mot osen av Øyraelva) totalt ca **5,1 mill**.

Ved fyrlykta på moloen

Toalett og venterom Moritzmarka

Det planleggast bygging av venterom og toalett ved Moritzmarka. Kostnad: **1,4 mill**

Røysgata
leik/park
inn- og utkøyring
bubilparkering
10,0 X 6,55 m
bubilparkering
leik/park
inn- og utkøyring
lødemuren vurderast
å stå att
(i skravert område)
venterom - toalett
avløp/vatn

Dette prosjektet må sjåast i sammenheng med nytt tiltak der vi riv bygningar på gnr 19 bnr 1002 og der ein legg tilrette for midlertidig bruk av området til bubilparkering i påvente av eit større sentrumsutviklingsprosjekt. Rivingskostnadar kan transporterast til seinare utbygging.

Kjøp av nye benkar til sentrum:

Det planleggast innkjøp av nye benkar til Volda sentrum. Kostnad: **1 mill**

Møringsbåt i sentrum:

Ein er ikkje i mål med avtale om driftsansvar for Møringsbåt i sentrum. Kommunen har fått tilbod om kjøp av aktuell båt til ein pris langt under kostnadane med å bygge ny. Så snart driftsavtale med Bjørkedal kystlag er på plass er det såleis mogleg å realisere prosjektet innanfor ei ramme på **kr 500 000,-.**

Straum til Prestholmen:

Det er gjort vedtak om kommunal finansiering av straum til Prestholmen. Kostnad: **kr 200 000,-**

Friluftslivstiltak Botnasanden

Bygging av parkeringsplan og turveg ved Botnasanden friluftslivsområde er ferdig. Det er fundamentert, lagt fram kabel og avløp for sanitærbygg ved parkeringsplassen.

Det er aktuelt å søkje om tilskot til bygging av sanitærbygg neste år (2022). Truleg vil ein kunne oppnå 50 % tilskot frå Miljødirektoratet/fylkeskommunen frå ordninga «tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde»

Kostnad sanitærbygg: 1,3 mill. Behov for løyving på kommunen sitt budsjett 2022: **kr 650 000,-**

Parkeringsplass for dagsturhytta på Nakkebruna

Det er behov for å finansiere innløysing av grunn og etablering av parkeringsplass ved Ytrehornsvegen for dagsturhytta på Nakkebruna. Avtale om kjøp av grunn er under utarbeiding. Det er aktuelt å søkje om tilskot frå ordninga «tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde» der ein truleg oppnår 50% .

Totalkostnad 1 mill. Behov for midlar på budsjettet 2022: **kr 500 000,-**



Friluftslivstiltak Andaneset

Det er behov for etablering av omkledningsrom/kvilebud ved badstova på Andaneset. Kostnad 850 000. Det er aktuelt å søkje om 50% tilskot frå Miljødirektoratet/fylkeskommunen «tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde». Behov for midlar på budsjettet 2022: **kr 425 000,-**

Andaneset

Parkeringsplass Høydalen

Kommunen har motteke tilsegn om kr 477 000,- til bygging av parkeringsplass i Høydalen, som utgangspunkt for turar i fjellområdet ved Matøskja (1332 moh). Tilskotet utgjer 50% av kostnadane og det er såleis behov for at kommunen løyver **kr 477 000,-** på budsjettet for 2022 for å kunne gjennomføre tiltaket.

Tiltak og utbetringar på vegar, bruer, gang/sykkelvegar samt mindre oppgraderingar

Prosjektet omfattar ei rekkje underprosjekt knytt til område veg. Fleire tiltaka er flytta ut i økonomiplanperiode og med nokre sentrale endringar.

Desse endringane er at Jutdalsvegen er fylkesveg og tatt ut av tiltakslista. Asfaltering er tatt ut med visning til at ein følgjer eksisterande økonomiplan og i tillegg har ein gjort forskyving i forhold til kartlegginga inn mot bruer

Desse tiltaka vert vurdert utført i 2022:

- Den øvste delen av Lønnevegen manglar autovern. Her var det tidlegare forsøk å få til dette, men stoppa opp grunna Mørenett AS sine kablar langs vegen. Denne strekninga (100 - 125m) vert ofte påpeika av våre mannskap som direkte farleg, spesielt vinterstida. Sum investering = 150.000,- + mva.
- I Bjørkevegen (frå Askevegen og austover) er det ikkje ført opp autovern. Dette vert påpeika av eigne mannskap som ei farleg strekning, spesielt om vinteren. Nytt autovern her (100-125m), vil sikre vegen på ein god måte. Sum investering = 150.000,- + mva.
- I Løvland byggefelt er ikkje dei interne kommunale vegane asfalterte. Dette medfører vanskelegare sal av tomter og spørsmål frå potensielle kjøparar om når asfaltering vert realisert.

Ei asfaltering av dagens grusvegar med minimum 1 lag, er difor fornuftig. Sum investering = 900.000,- + mva.

- Volda kommune har inngått avtale med 2 grunneigarar om ferdigstilling av veg og montering av rekkverk i samsvar med reguleringsplan for Bergsvegen. Dette er ikkje gjort. Vidare er det fornuftig å lenge denne vegen slik at den kan gje tilkomst til tomt på nedsida av vegen som kommunen no har selt, men som ikkje har god tilkomst. I tillegg må det opparbeidast snu hammar, veglys og autovern langs vegen . Delar av dette må vi gjennomføre då det er skriftleg avtala med grunneigarar, men all klokskap tilseier at vi må fullføre heile prosjektet. Sum investering = 700.000,- + mva.

Andre tiltak som ikkje er prioritert i 2022:

- Rekkverket på brua over øyra elva (Myravegen) er i dårleg forfatning grunna rust/korrosjon. Det er og ein fare for både mjuke trafikantar og bilistar ved påkøyrsel. Dette bør skiftast og monterast nytt på begge sider. Sum investering = 450.000,- + mva.
- Jutdalskrysset er ei arm som går ut frå RV15 like ved kontrollstasjonen ved Kjøs. Krysset gjev svært dårleg sikt spesielt mot vest når ein kjem frå Jutdalen og skal inn på RV15. Punktet har vore omtala i samråd med Statens vegvesen tidlegare og eit felles tiltak med dei er truleg naudsynt. Sum investering = 900.000,- + mva.
- I samband med den førestående nye utbygginga i Prestegata, står det att om lag 120m fortau for å knyte områda saman med eksisterande fortau ved Sagvegen. Nokre veglys må flyttast langs strekninga. Tiltaket vil gje ein auke i trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Sum investering = 460.000,- + mva.
- Takta på reasfaltering i Volda kommune er svært låg. Med dagens løyvingar (kr 1.500.000,- + mva.) har vi ei utskiftingstakt på om lag 60 år. Tilrådd intervall på reasfaltering er 15-20 år. Med ein auke i løyvingar er det mogeleg å meir enn halvere dagens takt for reasfaltering og gjere vegane både tryggare og mindre utsette for skader og ertstatningskrav. Sum investering = 3.950.000,- + mva.
- Liskogvegen er svært sliten og relativt lang. Her er dårleg asfalt dekke, manglande grøfter fleire stader og framleis parti som har dårleg/manglar autovern. Heile vegen bør vurderast for oppgradering. Det har blitt skifta autovern på øvste partiet (verste delen) av vegen, men tidlegare løyvingar gjev ikkje rom for naudsynt utbetring. Eit førebels anslag for utbetring ligg til grunn. Sum investering = 2.200.000,- + mva.
- Langs starten på Knutdalsvegen er autovernet brote ned og vegkanten er ikkje sikra. Dette medfører fare ved påkøyrsel autovern. Utbetring av vegen og nytt autovern vil redusere faren for alvorleg ulukke monaleg. Sum investering = 900.000,- + mva.

Trafikktrygging

Hovudprosjektet omfattar investeringar og tiltak for trafikktrygging. Midlane vert disponert og nytta i tråd med handlingsdelen i trafikktryggingsplanen. Sak om prioritering av tildelte midlar vert lagt fram for TFU årleg.

Utbygging kommunale vegar

Hovudprosjektet omfattar utbygging og utbetring av kommunale vegar i kommunen.

I 2021 og 2022 vil **Engesetvegen** ha prioritet og prosjektet inneber opprusting av eksisterande kommunal veg. Vegtraséen strekkjer seg frå rundkøyringa til Storgata og Lerkane i sør, og opp til kryss mot Kleppevegen i nord. Dette vegstrekket er i dårleg standard og i kurvaturen forbi Volda omsorgssenter er vegen ikkje brei nok til ei tilfredstillande trafikkavvikling. Særskild for bussar og annan tungbiltransport er vegen ei utfordring pr. i dag. Prosjektet er fullfinansiert, tildelt og opp-start vil skje i 2021.

Illustrasjon samleveg Urbakkfoten

Samleveg Urbakkfoten vil starte opp i 2022 under forutsetning at grunnerverv kjem på plass. Det skal byggast om lag 515 meter veg (P595 – P1110) inkludert einsidig fortau, gangveg, busslomme og eksisterande avkøyrsler skal tilpassast ny situasjon. Vegen og fortauet skal tilknytast eksisterande gate Engesetgeila/ Kleppevegen i vest, eksisterande eigedomar i vest skal tilpassast mot "ny veg". Avkøyrslene til bustadane lengst aust i Engesetgeila får ny tilknyting til sambindingsvegen. Normalprofilet for vegen er i samsvar med vegnormalane, vegklasse S2 med lokal tilpassing. Vegen er definert som samleveg og fartsgrensa skal settast til 40km/t.

Etter at samleveg Urbakkfoten er ferdigstilt vil ein måtte vurdere å utbetre **Raudemyrvegen** før Kleppevegen vert utbetra. Raudemyrvegen bør rustast opp og utvidast og etter planen er dette tenkt etter opning av samleveg over Håmyra og Urbakkfoten. Ein vil gjennomføre eitt mindre reguleringsarbeid basert på intern prosjektering av anlegget. Utbygging vil starte når samlevegen gjennom Urbakkfoten kan opnast for trafikk, då denne vert omkøyringsveg for Solhøgda og Håmyra.

Opprusting veg Lida og Kleppevegen vil ikkje kunne startast opp før 2023/24 og vert vurdert i seinare budsjettrunder.

Vatn/Avløp

Innledning

Avdeling for Vatn og avløp har som oppgåve å sikre forsvarleg og forskriftsmessig reinsing av avløpsvatnet og sikre innbyggarane med reint og trygt drikkevatn.

Volda kommune har 12 kommunale vassverk å drifte og avdelinga har i dag 5 administrative stillingar og 8 driftsoperatørar som vedlikeheld og oppgraderer anlegga.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	9 729	10 067	11 265	11 265	11 265	11 265
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 567	10 159	7 669	7 669	7 669	7 669
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 511	1 468	1 717	1 717	1 717	1 717
Finansutgifter	27 551	15 956	15 921	15 921	15 921	15 921
Sum Driftsutgifter	**46 358**	**37 650**	**36 572**	**36 572**	**36 572**	**36 572**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-37 433	-37 652	-36 572	-36 572	-36 572	-36 572
Refusjoner	-515	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-8 410	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-46 358**	**-37 652**	**-36 572**	**-36 572**	**-36 572**	**-36 572**
Sum	**0**	**-2**	**0**	**0**	**0**	**0**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Produksjon av vann	0	2 573	1 593	1 593	1 593	1 593
Distribusjon av vann	0	-2 904	-1 593	-1 593	-1 593	-1 593
Avløpsrensing	0	1 141	1 200	1 200	1 200	1 200
Avløpsnett/innsamling av avløpsvann	0	-811	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Sum	**0**	**-2**	**0**	**0**	**0**	**0**

Beskriving av verksemda i dag

Vatn og avløp skal vere med å legge til rette for samfunnsutvikling og levere trygt og godt drikkevatn til alle abonnentane. Ei viktig utfordring og oppgåve er den store utskiftinga av leidningsnettet på vatn og avløp. Vi arbeidar idag med store oppgraderingar innan vassverk- og avløps-reinseanlegg i kommunen.

For å sikre ei effektiv, økonomisk og prosjektportefølje som er realistisk ser ein det som viktig å legge innsats i å kartlegge og planlegge arbeidet betre i forkant av utlysing av prosjekt. Dette krev ressursar og tid. I ein pressa kvardag har vi ikkje alltid nok ressursar til normal drift og slikt kartleggingsarbeid.

Utfordringar og strategi

Ein ser at utfordringane og aktiviteten innan ansvarsområdet krev nye tiltak og måter å organisere arbeidet på . Avdelinga ynskjer og har som mål å ta i bruk og vere leiande på bruk av teknologi i regionen for å få effektiv og rasjonell drift.

Med redusert kapasitet over tid er det utfordrande med å halde framdrift på prosjekt, men også lengre sakshandsamingstid for dei som har søkt om ulike løyve som eksempelvis sanitærabonnement og utsleppsløyve.

Avdelinga merkar at Volda er i vekst og det har vore eit spesielt år med svært mykje privat utbygging og oppstart av store byggeprosjekt.

EIn kan nemne Voldaportalen, næringsområdet Øvre Rotset, Røystun Panorama, Strandfeltet, Rotset Panorama, Fjellvegen, Heltnemarka , Rotsetfjøra og Langeteigen. Alle desse prosjekta krev at avdelinga er involvert i større eller mindre grad og ein er aktiv med å legge til rette for ulike tiltak som leidningar inn og ut av byggeområdet, utbyggingsavtalar med meir.

Samla sett har vi hatt eit stabilt driftsår utan alvorlege hendingar med unntak av kokvarselet som vi måtte sende ut for heile Volda sentrum, inkludert Mork og Furene. Det er heldigvis sjeldant at vi har slike hendingar og vi har tatt grep i etterkant på ei rekkje områder for å hindre slike hendingar.

Vi har hatt fokus på at gjennom tilsettingar skal ein bygge opp avdelinga slik at ein står betre rusta både på drift og investering i åra som kjem.

Å sikre stabile og gode reinseanlegg for vatn har prioritet i investeringsbudsjettet og arbeidet med nytt høgdebasseng, vassverk og nytt hovudreinseanlegg i Volda sentrum følgjer reviderte framdriftsplanar som er satt.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		14,4

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**-2**	**-2**	**-2**	**-2**
Konsekvensjustert ramme		**-2**	**-2**	**-2**	**-2**
Nye tiltak					
VA_Basert rå rammer Envidan og lønn	Samfunnsutvikling	2	2	2	2
Sum Nye tiltak		**2**	**2**	**2**	**2**
Nye tiltak og realendringer		**2**	**2**	**2**	**2**
Ramme 2022-2025		**0**	**0**	**0**	**0**

Nye tiltak

VA_Basert rå rammer Envidan og lønn

VA_Basert rå rammer Envidan og lønn

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Prioritet	2022	2023	2024	2025
Ny driftsopperatør-vatn og avløp	1	1	1	1	1
Sum		**1**	**1**	**1**	**1**

Nye tiltak

Ny driftsopperatør- vatn og avløp

r Vatn og avløp vil i åra som kjem få stor aktivitet både på investering og drift. Ein ligg an til å ta over Høydal vassverk som også vil føre til auka driftsbehov og investering.

Driftsopperatørane er sentrale i kartleggingsarbeidet i forkant av prosjektgjennomføring og ved auka investeringstakt vil det gå ut over drifta av vatn og avløpsanlegga.

For å gjere involveringa frå drift så effektiv som mogleg har vi sett på å allokere ein driftsoperatør til meir driftsadministrativt arbeid. Dette vere seg innmåling av eksisterande leidningsnett, kartlegging og dokumentasjon i forkant av leidningsutskiftingsprosjekt, ansvar for vass og avløpsprøvetaking, støtte til den nye driftsingeniøren som begynner i Januar.

Ved å bygge avdelinga på denne måten meiner vi at vi kan få eit betre prosjekteringsgrunnlag som igjen vil føre til betre prising av prosjekt, fere endringsordra, meir effektiv prosjektgjennomføring og lågare kostnadar i prosjekta. Samtidig vil ei styrking i driftsavdelinga føre til at ein kan få eit betre underlag for prioritering av hvilke prosjekt ein skal gjennomføre først og dermed auke kost nytte effekten av prosjekta.

Stillinga vil ikkje føre til auka gebyr då ein frå 2021 til 2022 har tatt ned forbruksramma meir enn stillinga vil føre i auka lønnsutgifter. Dette er mogleg då avdelinga har fått eit klare slilke mellom drift og investering og dermed kan gjennomføre meir på investering av det ein tidligare gjennomførte på drift. Dette betyr at drifta allereie har blitt meir effektiv og at kostnadane blir ført der dei faktisk hører heime.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2022	2023	2024	2025	2022-25
Samfunnsutvikling					
Avløpsanlegg	20 000	1 500	0	0	21 500
Ledningsprosjekt	9 000	21 970	42 470	0	73 440
Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp	940	0	0	0	940
Nytt vassverk HB2	17 000	0	0	0	17 000
Utbyggingsavtalar	7 460	0	0	0	7 460
Vassverk	10 400	5 000	0	0	15 400
Sum Samfunnsutvikling	**64 800**	**28 470**	**42 470**	**0**	**135 740**

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2022	2023	2024	2025	2022-25
Sum investeringsprosjekt	64 800	28 470	42 470	0	135 740

Avløpsanlegg

Hovudprosjektet omfattar investeringar på reinseanlegga for avløp i kommunen.

Ledningsprosjekt

Dei siste åra har ein arbeidd for at investeringar og drift innan ansvarsområdet skal legge til grunn ei gebyrutvikling som er forutsigbar for den einskilde og sikrar økonomi til å halde framdrift i store og viktige prosjekt for Volda. Det har vore lagt til grunn at gebyrområde skal vere 100% sjølvkost.

Det er lagt til grunn å auke gebyret på avløp med 7,1% i 2022. Det er sjølvkostfondet innan ansvarsområdet, der ein kan setje av og hente midlar til driftsbudsjettet basert på om rekneskapen går med overskot eller underskot, som bidreg til at ein kan halde ei jamn gebyrutvikling. Reglane for slike sjølvkostfond er at dei skal gå i null i løpet av ei fem-årsperiode.

Ledningsprosjekter:

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030055	Samankopling Holebakkanse og Harevadet
030060	Reduksjonsventilar og brannventilar
030061	Reduksjonskum og spylekum ved Mork senter
030065	Vatn Raudemel
030115	Pumpeleidning frå E39 bustadar til Nordalsvegen
030116	Samankopling av Ytrehorn og Gausemel
030117	Leidningsutskifting Heltne
030118	Leidningsutskifting Furene
030119	Pumpestasjon x2 Hornindal avløp
030120	Botnasanden APS
030121	Andanesvegen APS
030122	Samankopling av Grodås og Holebakkan
030124	Oppgradering av Fremmerlida pumpestasjon
030125	Driveklepp pumpestasjon
030126	Ytrestøylen aggregat
030127	Fyrde avløpspumpestasjon - oppgradering
030131	Vatn uforutsette hendingar
030132	Avløp uforutsette hendingar
030133	Utskifting av farlege kummar
030134	Brannventilar og reduksjonsventilar
030139	Torvmyrvegen

Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp

Hovudprosjektet omfattar investeringar på maskiner og kjøretøy i avdeling for vatn og avløp.

Nytt vassverk HB2

For å støtte krava i drikkevassforskrifta angåande leveringsikkerheit skal kommunen sikre forsyninga til innbyggjarane. Som eit ledd i dette skal det byggjast eit nytt høgdebasseng med eit samla bassengvolum på omlag 7200 m3, fordelt på to kammer som kvar har eit volum på 3600 m3.

Arbeidet er starta opp i 2021 og vil vere ferdigstilt i 2022.

Vidare vil arbeidet med å modernisere dagens reinseanlegg for vatn ved HB2 starte opp i 2022.

Utbyggingsavtalar

Hovudprosjektet omfattar investeringar og forpliktelsar som er knytt til utbyggingsavtalar som kommunen har med andre partar.

Av utbyggingsavtalar som ligg inne idag er det Strandfeltet og Rotset panorama

Vassverk

Dei siste åra har ein arbeidd for at investeringar og drift innan ansvarsområdet skal legge til grunn ei gebyrutvikling som er forutsigbar for den einskilde og sikrar økonomi til å halde framdrift i store og viktige prosjekt for Volda. Det har vore lagt til grunn at gebyrområde skal vere 100% sjølvkost.

Det er lagt opp til ein profil å halde gebyra relativt uendra fram til 2024, men frå 2024 vil ein måtte forvente ei større auke i gebyra. Årsak er relatert til at større investeringsprosjekt vert ferdige og kapitalkostnadane byrjer å gjere seg gjeldande.

Tidlegare vedteke prosjekt på hovudprosjekt vassverk

Prosjektkode	Prosjektnavn*
030018	Vatn samleinvestering
030056	Oppgradering av Lauvstad Vassverk
030057	Rehabilitering av Berkneset Vassverk
030058	Nytt reduksjonshus på Hoggen
030059	Oppgradering av Dravlaus Vassverk
030082	Nytt borehol Holebakkane vassverk
030106	Overtaking Høydal vassverk
030128	Oppgradering av Grodås vassverk
030141	Nytt renseanlegg i eksisterande bygg vd HB2

Kultur

Innledning

Kulturtenesta i Volda kommune har per i dag ca. 8 årsverk. Vi driv bibliotektenester, frivilligsentral, utlånssentral, kino og ungdomsklubb.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	0	0	6 222	6 222	6 222	6 222
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	0	2 441	2 161	2 161	2 161
Overføringsutgifter	0	0	1 756	1 756	1 756	1 756
Sum Driftsutgifter	**0**	**0**	**10 419**	**10 139**	**10 139**	**10 139**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	0	0	-632	-770	-770	-770
Refusjoner	0	0	-595	-595	-595	-595
Sum Driftsinntekter	**0**	**0**	**-1 227**	**-1 365**	**-1 365**	**-1 365**

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Sum	**0**	**0**	**9 192**	**8 774**	**8 774**	**8 774**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Aktivitetstilbud barn og unge	0	0	1 428	1 148	1 148	1 148
Bibliotek	0	0	3 454	3 454	3 454	3 454
Kino	0	0	712	574	574	574
Muséer	0	0	832	832	832	832
Idrett og tilskudd til andres idrettslag	0	0	624	624	624	624
Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	0	0	2 143	2 143	2 143	2 143
Sum	**0**	**0**	**9 192**	**8 774**	**8 774**	**8 774**

Beskriving av verksemda i dag

Kultur

Ansvarsområdet dekkjer store delar av innbyggjarane sitt tilbod innan offentlege tenester på kultur. Tenesta har etter Kulturlova som føremål å følgje opp kommunen sitt ansvar for å fremja og legge til rette for eit bredt spekter av kulturverksemd, slik at alle har høve til å delta aktivt i kulturlivet og

oppleva eit mangfald av kulturuttrykk. Avdelinga har mellom anna ansvar for drift av ungdomsklubb, frivilligsentralar, utlånssentralar, bibliotekteneste og kino.

Utfordringar og strategi

Kulturtilbodet og teneste innan kultur har i Volda, har på same måte som andre steder i lande vore hardt råka av pandemien. Restriksjonar har mellom anna ført til ei kraftig reduksjon i tilbodet som det har vore mulig å tilby. Billettinntektene spesielt på Volda filmteater har vore kraftig reduserte.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		8,4

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**0**	**0**	**0**	**0**
Budsjettendring i år					
Kulturavdelinga vert overført frå Administrasjonsstab til Samfunnsutvikling	Samfunnsutvikling	6 201	6 201	6 201	6 201
Sum Budsjettendring i år		**6 201**	**6 201**	**6 201**	**6 201**
Konsekvensjusteringer		**6 201**	**6 201**	**6 201**	**6 201**
Konsekvensjustert ramme		**6 201**	**6 201**	**6 201**	**6 201**
Nye tiltak					
Husleige Hamna ungdomsklubb	Samfunnsutvikling	430	0	0	0
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Samfunnsutvikling	26	26	26	26
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Samfunnsutvikling	433	433	433	433
Ny stilling prosjektleiar kultur	Samfunnsutvikling	400	550	550	550
Nytt biblioteksystem	Samfunnsutvikling	50	50	50	50
Overføring av tilskotmidlar frå Administrasjonsstab til Kultur	Samfunnsutvikling	624	624	624	624
Reduksjon av billettinntekter	Samfunnsutvikling	650	512	512	512
Reduksjon driftstilskot frå staten - Frivilligsentralar	Samfunnsutvikling	250	250	250	250
Tilskot Museum	Samfunnsutvikling	127	127	127	127
Sum Nye tiltak		**2 991**	**2 573**	**2 573**	**2 573**
Nye tiltak og realendringer		**2 991**	**2 573**	**2 573**	**2 573**
Ramme 2022-2025		**9 192**	**8 774**	**8 774**	**8 774**

Budsjettendring i år

Kulturavdelinga vert overført frå Administrasjonsstab til Samfunnsutvikling

Kulturavdelinga vert formelt flytta over til Samfunnsutvikling 1. juli i år. For å unngå at delar av budsjett og rekneskap vert liggande på to sektorar i rekneskapsåret 2021 vel vi å flytte over heile budsjettet og

rekneskapen til ny sektor. Dette gjer at også rammene som ligg i opprinneleg budsjett til sektorane Administrasjonstab og Samfunnsutvikling vert endra.

Nye tiltak

Husleige Hamna ungdomsklubb

Tiltaket har eitt-års effekt då vi leiger på Hamna 20 i påvente av nytt lokale i samfunnshuset. Kulturavdelinga har overtatt leigekontrakt frå oppvekst.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Ny stilling prosjektleiar kultur

Tiltaket vil styrkje kulturavdelinga og barne- ungdomsarbeidet. Ein søkjer å legge til rette ei ny stilling 50% finansiert med eksterne prosjektmidlar likt det andre kommunar har gjort .

Ressursen skal leie samarbeidsprosjekt og tiltak som skal leggje til rette for auka frivilligheit, sosialt entreprenørskap og auka aktivitet innan kulturfeltet. Prosjekta vert gjort i nært samarbeid mellom frivillige lag/organisasjonar, innbyggarar, næringsliv/entreprenørar, offentlege institusjonar og andre aktørar.

Prosjektleiar skal bygge relasjonar og etablere relevante nettverk, medverke til samarbeid og samskaping på tvers av fagområde og tradisjonelle skiljelinjer og utvikle nye løysingar til beste for innbyggjarane. Det vert også forventa at prosjektleiar som ledd i dette søkjer tilskot til å auke aktivitet og styrke gjennomføringskraft på kulturfeltet.

Nytt biblioteksystem

Biblioteka i Møre og Romsdal har behov å bytte biblioteksystem. Tilbakemeldingane frå Møre og Romsdal fylkeskommune som koordinerer innkjøp på vegne av kommunane er at kostnadane vil vere omlag: 200 000kr til investering i 2022 og ein årleg driftskostnad på 150 000kr frå 2023 som er 50 000,- meir enn eksisterande avtale.

Overføring av tilskotmidlar frå Administrasjonsstab til Kultur

I samband med at Kulturavdelinga er overflytta til sektor for Samfunnsutvikling er det naturleg å overføre ein del av budsjettet knytt til tilskot etter vedtak også. Dette vil gi ei betre oversikt for kulturavdeling ved vurdering av søknadar av ulike formål og til utdeling av dei generelle kulturmidlane. Totalt er det kr. 974 300 som vert overført og er knytt til:

- Volda fotball:
  Leige av stadion kr 60 000
  Kapitaltilskot Mørehallen kr 160 000

- Grendalag kr 90 000 (årleg støtte)
- Grendahuset Vesttun kr 75 000 (gjeld til og med år 2022)
- Stiftinga gamlegymnaset Volda kr 25 000
- Frivillegpris kr 10 000
- Sunnmøre Friluftsråd kr 193 800
- TV-aksjon kr 10 500

Reduksjon av billettinntekter

Eksisterande budsjett for billettinntekter på Volda filmteater /kino ligg per i dag unaturleg høgt. Snitt besøk, også før korona, har vore lågare enn "tidlegare toppår".

Oppgradering av amfi i 2022 vil og innebere at kino vil halde stengt ei periode (mindre inntekter ca 2 mnd lagt inn for 2022).

Reduksjon driftstilskot frå staten - Frivilligsentralar

Kulturdepartementet har sendt forslag til ny forskrift for tilskot til frivilligsentralar på høyring med frist fredag 12. november 2021. Truleg vil den nye forskrifta innebere at Volda kommune får ca. 250 000,- mindre i tilskot til drift av frivilligsentralane årleg.

https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forskrift-for-tilskudd-til-frivilligsentraler/id2867310/?expand=horingsbrev

Reduksjon i tilskot er lagt inn i budsjettet

Tilskot Museum

Tiltaket kjem som følgje av kommunestyret si godkjenning av ny samrbeidsavtale med Viti i sak 21/10678.

Modellen for finansiering av Musea på Sunnmøre er basert offentlege tilskot der staten yter vel 60%, Møre og Romsdal fylkeskommune vel 20 % og kommunane på Sunnmøre til saman 20 %, derav Ålesund kommune 10%.

Volda sin del av dette er kr 517 488. Berekningsgrunnlag er antal innbyggjarar (10781) x sats (kr 48)

Driftstilskotet skal regulerast i samsvar med KPI kvart år i avtaleperioden.

Vidare yter Volda kommune ein kompensasjon for husleige som Musea på Sunnmøre betalar til Volda kommune for lokala til Dalsfjord Fyrmuseum.

Volda kommune skal overføre ein årleg kompensasjon til dekning av desse husleigekostnadane som samsvarar med årleg husleige. I 2021 er denne leia på kr på kr 252 142 (kr 126 071 pr halvår). Denne husleiekompensasjonen kjem i tillegg til ordinært tilskot.

Med omsyn til Volda kommune har inngått ei avtale om sal av Anders Svor museum i Hornindal vil inntekt i noverande budsjett på 77 000,- gå ut.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Prioritet	2022	2023	2024	2025
Ungdomsråd	0	298	305	314	321
Sum		**298**	**305**	**314**	**321**

Nye tiltak

Ungdomsråd

Ungdomsråd

Rolla som sekretær for politiske råd og utval kan variere. Det kan vere store forskjellar mellom kva erfarne vaksne politikarar treng og kva ein elev i 8. klasse eller på vgs. har behov for. Som sekretær for eit ungdomsråd er det viktig å ha eit særleg engasjement og forståing for ungdomssaker og politikk knytt til ungdom. Rolla som sekretær i ungsomsrådet inneber å vere ein koordinator, rettleiar og ein som legg til rette. Kommunikasjon, formidling, skape kontinuitet i rådsarbeidet, opplæring, nettverksskaping på tvers av kommunar er sentrale oppgåver for ein sekretær.

Det er viktig å klare balansegangen mellom å støtte (oppmuntre, hjelpe) og å gje relevante og passeleg store utfordringar. For å klare det må du vite kor ungdommane er seg, til dømes når det gjeld alder, kunnskap og erfaring.

Kulturavdelinga jobbar allereie tett med ungdom og har tilsette med kompetanse innan ungdomsarbeid og lang erfaring med medverknad og samarbeid med ungdom. Eit tettare samarbeid med ungdomsrådet vil gjere det lettare for oss å utvikle relevante og gode tenestene til ungdom og å utvikle og støtte ungdomsrådet i arbeidet som dei skal gjere.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2022	2023	2024	2025	2022-25
Samfunnsutvikling					
Opprusting av samfunnshuset - ungdomsklubb	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Sum Samfunnsutvikling	**2 500**	**2 500**	**2 500**	**2 500**	**10 000**

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2022-25**
Sum investeringsprosjekt	**2 500**	**2 500**	**2 500**	**2 500**	**10 000**

Opprusting av samfunnshuset - ungdomsklubb

Kommunestyret har gjennom budsjettvedtak bedt om at det vert lagt fram sak som sikrar ei langsiktig løysing for ungdomsklubben. Det er også gjort vedtak knytt til sak med vurderinger av framtidig bruk av Samfunnshuset, og uteområdet rundt.

Arbeidet er i prosess og tiltaket følgjer opp kommunestyret sine intensjonar i førre vedtak frå juni 2021.

Kommunestyret ynskjer at det skal etablerast varige lokaler for ungdomsklubb i Volda samfunnshus og ber Kommunedirektøren arbeide vidare med planane.Kommunestyret legg vekt på at ungdommen sjølv skal vere sterkt delaktige i utarbeiding av konseptskisseKommunestyret har forventning om at sak om ungdomsklubb i Volda Samfunnshus vert lagt fram for kommunestyret til endelig vedtak i løpet av hausten 2021.Kommunestyret løyver kr. 200.000,- til forprosjekt. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.2: Kommunestyret ber om at ein oppgraderer/rehabiliterer fasaden på samfunnshuset slik det går fram av saksutgreiinga. Tiltaket vert finansiert ved å omprioritere 3,8 millionar kroner eks.mva frå prosjekt 030006 EPC

Helse og Omsorg

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	316 620	281 702	311 049	312 049	312 049	312 049
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	25 649	31 100	28 475	24 939	27 145	27 651
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	21 235	26 602	26 722	26 722	26 722	26 722
Overføringsutgifter	7 006	8 126	8 126	8 126	8 126	8 126
Finansutgifter	24	200	200	200	200	200
Sum Driftsutgifter	**370 533**	**347 731**	**374 573**	**372 037**	**374 243**	**374 749**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-25 367	-27 349	-27 349	-27 349	-27 349	-27 349
Refusjoner	-63 321	-56 025	-53 730	-55 730	-55 730	-55 730
Overføringsinntekter	-1 862	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-161	-100	-100	-100	-100	-100
Sum Driftsinntekter	**-90 712**	**-83 473**	**-81 178**	**-83 178**	**-83 178**	**-83 178**
Sum	**279 822**	**264 257**	**293 395**	**288 858**	**291 064**	**291 570**

Fordeling per ansvarsområde

Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Stab Helse og Forvaltning	23 658	26 996	24 217	18 825	21 025	21 525
Legeteneste	24 537	19 876	22 804	22 804	22 804	22 804
Institusjonstenester	84 888	80 176	85 692	82 692	82 692	82 692
Heimetenester	62 069	63 416	69 374	69 374	69 374	69 374
Bu- og habiliteringstenester	61 222	52 381	66 696	66 696	66 696	66 696
Rus- og psysisk helse	23 448	21 412	24 611	28 467	28 473	28 479
Sum	**279 822**	**264 257**	**293 395**	**288 858**	**291 064**	**291 570**

Fordeling per teneste

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Administrasjon	1 212	9 183	-819	-819	-819	-819
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	149	134	138	138	138	138
Annet forebyggende helsearbeid	1 792	1 594	1 694	1 694	1 694	1 694
Aktiviserings- og sevicetjen. overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelse	17 611	14 538	18 489	16 823	16 829	17 335
Diagnose, behandling, re-/habilitering	28 960	24 578	27 125	27 125	27 125	27 125
Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	3 644	3 250	3 250	3 250	3 250	3 250
Tilbud til personer med rusproblemer	2 496	2 260	3 208	3 208	3 208	3 208
Helse- og omsorgstjenester i institusjon	82 471	92 664	100 066	96 866	96 866	96 866
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	131 046	105 156	129 313	129 643	131 843	131 843

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tilbud om øyeblikkelig hjelp døgnopphold i kommunene	829	1 040	1 071	1 071	1 071	1 071
Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	916	760	760	760	760	760
Kvalifiseringsordningen	1 214	1 320	1 320	1 320	1 320	1 320
Ytelse til livsopphold	6 352	7 780	7 780	7 780	7 780	7 780
Sum	**279 822**	**264 257**	**293 395**	**288 858**	**291 064**	**291 570**

Beskriving av verksemda i dag

Sektor helse- og omsorg har omfattande oppgåver knytt til barn, unge, vaksne og eldre i kommunen. Vi er opptekne av å vite "kva er viktig for deg", når ein innbyggar har oppsøkt oss eller søkt om ei teneste. Vi er opptatt av å tilby likeverdige tenester til innbyggarane og har utarbeidd kvalitetsstandard for dei ulike helse- og omsorgstenestene. Denne skal vere ein peikepinn og rettesnor for kva innbyggarane kan forvente av tenesteapparatet og kva forventningar tenesteapparatet har til mottakar av tenester.

Helse- og omsorgstenestetilbodet er i endring, både lokalt og nasjonalt. Vi må tilpasse oss nye føresetnader, både knytt til lov og forskrift, men også knytt til demografiske og samfunnsmessige endringar. Det krev evne til omstilling og ofte må vi tilnærme oss oppgåver på ein annan måte enn tidlegare. Vi har fokus på å styrke førebyggande arbeid og er opptekne av å tilpasse tiltak lågt i omsorgstrappa med tanke på å skape best mogleg berekraft i tenestetilbodet.

Sektoren er i ein prosess med utarbeiding av ny helse- og omsorgsplan, men erfarer at det er krevjande å halde fart på prosess og framdrift. I planen vil ein inkludere St.melding nr 15, "Leva heile livet". Dei fem innsatsområda i "Leva heile livet" ; eit aldresvennleg Norge, aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp og samanheng i tenestene er alle viktige tema som naturleg er med i den nye helse- og omsorgsplanen.

Forrige regjering la føringar for at samhandlinga mellom kommunane og helseforetak skulle styrkast. Gjennom ein avtale mellom regjering og KS, vart det lagt føringar for korleis dette skulle gjerast og begrepet "helsefellesskap" er nemning på dette. I samhandlingsavtalen er samhandlingsstrukturen tydeleg skissert og der forgår eit omfattande samhandlingsarbeid både gjennom mange fagutval og på meir overordna strategisk nivå.

Samhandling er også nøkkelen internt i sektoren og ut mot dei andre tenesteområda i kommunen for å kunne løyse oppgåvene. Men ikkje minst er innsatsen frå pårørande og frivillege svært viktig for å tilby dei tenestene vi har i Volda i dag.

Årsverk	**År 2022**
Stab helse og forvaltning	30,7
Legetenesta	29,8
Institusjonstenester	98,7
Heimetenester	78,6
Bu og habilitering	79,8
Rus og psykisk helse	26,8
Helse og omsorg	**344,3**

Utfordringar og strategi

Det vert dagleg gjort mange prioriteringar for å styre tenestene etter dei rammene som er gitt. Nokre innbyggarar vil nok merke at utfallet av ein søknad om tenester vart annleis enn ein hadde forventa. Terskelen for å få tildelt dei mest kostnadskrevjande tenestene våre er i endring. Samstundes jobbar vi for å finne løysingar som kan gi gevinstar som kan utsette behov eller endre behov. Bruk av ulike former for velferdteknologi er vi godt i gang med, men i historisk samanheng er vi berre i startgropa endå. Vi har aktivt jobba med å dreie tenester for å kunne nå flest mogleg der dei bur og nokre tenester har gjort organisatoriske endringar for å kunne utnytte ressursane betre. Men, uansett er det "du" som skal vere i fokus når tenestebehov oppstår og vi stiller derfor spørsmålet “kva er viktig for deg”.

Helseplattforma har kommunen nettopp fatta avropsvedtak på og i 2022 skal vi tilsette ein prosjektleiar for innføring av dette nye digitale pasientjournalsystemet, som gir nye moglegheiter for samhandling mellom helseaktørar til beste for pasienten og med pasienten. Innføringa av Helseplattforma er eit stort organisasjonsutviklingsprosjekt og vi startar prosessen med tydelegare gevinstdefinering ved årsskiftet.

I kommunebarometeret vert kommunen vurdert om bruken av institusjonsplassar. Det vert trekk i vurderinga om ein brukar for lite av kapasiteten til korttidsopphald sett i forhold til talet langtidsplassar. Det er forventa at kommunen må omstille seg til å bruke fleire av romma til korttidsopphald, bli avklart/ rehabilitert for så å kunne reise heim eller til anna kommunal teneste med lågare omsorgsnivå. I budsjettvedtak frå i fjor, skal Volda omsorgssenter nedbemanne ei bugruppe med ni plassar for langtidspasientar. Dette arbeidet vil starte no i 2022 med tanke på å vere i mål til 2023, slik den politiske bestillinga er.

Det ligg inne føresetnader om innsparing på vaskeritenester på 1,4 mill. i 2022. I politisk vedtak vart det bedt om at administrasjonen skulle søkje interkommunalt samarbeid om vaskeri og kommunen hadde møter og synfaring i Ørsta om dette. Det som vi trudde kunne bli eit samarbeid stoppa opp på grunn av at arealbehovet ikkje kunne stettast der vaskeriet på Ørstaheimen ligg. Ei kommunal vaskeriløysing må etablerast om innsparingsmålet skal bli nådd. Lokalisering i Hornindal eller Volda.

Busetjing av vanskelegstilte i kommunale gjennomgangsbustader og fokus på oppvekstmiljø for barn og unge har blitt jobba med i administrasjonen og ein har definert behov for ulike typer bustader ein har i kommunen. Med eksiterande bustadmasse, spesielt i Røyslida, vil det vere umogleg å betre dette utan å gjere vesentlege endringar. I dette utfordringsbiletet er også å finne forsvarleg løysing for midlertidig bustadtilbod for huslause samt lokalisering for busetjing som krev særskild tilrettelegging.

Sektoren ser behov for å gjere ei grundig kartlegging av behovet for omsorgsbustader/ samlokaliserte omsorgsbustader til personar med vedvarande omsorgsbehov. Det er fleire yngre personar som nærmar seg ein alder der det i løpet av nokre år vil vere aktuelt å flytte ut av foreldreheimen. For kommunen er det viktig å legge gode strategiar med tanke på korleis tenestebehov kan stettast på ein trygg og god måte. Kommunen må vere ein aktiv part for å få best mogleg planlegging omkring dette.

Helse- og omsorgssektoren har over tid opplevd store endringar i etterspurnad på teneste, både i høve kvalitet og kvantitet. Kommunen har fått nye og endra oppgåver og er heile tida i ein prosess med ending. Ein fundamental føresetnad for å løyse desse oppgåvene er å ha kompetent arbeidskraft til å utføre dette. Våre operative fagfolk er avgjerande for å levere forsvarlege tenester, men vi opplever at det er krevjande å behalde og rekruttere naudsynt arbeidskraft. Dette vil truleg tilspisse ytterlegare i tråd med nye og krevjande oppgåver kommunen får. Heiltidskultur er del av denne problemstillinga og viktig at kommunen har eit aktivt forhold til å sikre seg viktig kompetanse.

Satsingsområde:Livskvalitet og meistring

Livskvalitet og meistring er eit satsingsområde inn mot FN sine berekraftsmål

3 – God helse og livskvalitet
4 – God utdanning
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane sjølve og alle sektorane i kommunen tek aktivt del i folkehelsearbeidet og jobbar for at alle skal meistre liva sine og nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Kommunen har ei viktig rolle i å bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: At dei meistrar tilværet, sjølve livet.

Folkehelse handlar om førebyggande arbeid innan alle kommunen sine verksemder, og det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenkjer "helse i alt vi gjer". Samarbeid på tvers av fagområda og med innbyggjarar er viktig for å sikre livskvalitet og meistring.

Hovudmål

- Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar

Mål

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Volda kommune planlegg og legg til rette for at innbyggjarane kan bu lengst mogleg i eigen heim	Alder ved tildeling av døgnbemanna omsorgsbustadar for eldre.	84,5	85,0	85,4	85,7	
		Alder ved tildeling av langtidsopphald i institusjon	85,5	86,0	86,3	86,6	
		Alt i alt, kor fornøgd er du med helse- og omsorgstenestene du har hatt siste året	5,4	5,4	5,5	5,5	
		Sakshandsamingstid for søknader om heimebaserte tenester og praktisk bistand	24,0	22,0	20,0	19,0	

Satsingsområde:Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

9– Industri, innovasjon og infrastruktur
11- Berekraftige byar og lokalsamfunn
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

For Volda kommune er det viktig å stimulere til eit breitt samarbeid for å løyse samfunnsutfordringar i innovative partnerskap med ulike samfunnsaktørar, næringslivet og sosiale entreprenørar.

Det er viktig å sikre fysisk og digital infrastruktur av høg kvalitet som knyt saman små og store bu- og arbeidsmarknadsregionar, og ta i bruk ny teknologi og nye digitale løysingar i utvikling av tenestene.

For å sikre eit lokalsamfunn i utvikling må ein legge til rette for vekst i arbeidsplassar og bulyst.

Volda kommune er ein aktiv utviklar av eit lokalsamfunn som er attraktivt for handel, tenesteyting, næringsutvikling og busetnad. Eit velfungerande sentrum er avgjerande for å oppretthalde Volda sin regionale funksjon i framtida.

Hovudmål

- Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.

For Volda kommune er det viktig å stimulere til eit breitt samarbeid for å løyse samfunnsutfordringar i innovative partnerskap med ulike samfunnsaktørar, næringslivet og sosiale entreprenørar. Det er viktig å sikre fysisk og digital infrastruktur av høg kvalitet som knyt saman små og store bu- og arbeidsmarknadsregionar, og ta i bruk ny teknologi og nye digitale løysingar i utvikling av tenestene.

For å sikre eit lokalsamfunn i utvikling må ein legge til rette for vekst i arbeidsplassar og bulyst. Volda kommune er ein aktiv utviklar av eit lokalsamfunn som er attraktivt for handel, tenesteyting, næringsutvikling og busetnad. Eit velfungerande sentrum er avgjerande for å oppretthalde Volda sin regionale funksjon i framtida.

Mål

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.	Gjennom samskaping med innbyggjarar og næringsliv legg Volda kommune til rette for blomstrande kultur og møter mellom folk både ute og inne.	Tal aktive Aktivitetsvennar og Besøksvennar for eldre	30,0	35,0	40,0	45,0	

Satsingsområde:Grøn omstilling

Grøn omstilling er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

13– Stoppe klimaendringar
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Volda kommune skal gjennom si planlegging, verksemd og i samhandling med andre sikre redusert klimaavtrykk. Vidare legge til rette for at innbyggjarane kan ta miljøvennlege val.

Kommunen skal arbeide målretta med samfunnstryggleik for at innbyggjarane skal kjenne seg trygge, og arbeide for å ivareta naturverdiar og økosystem.

Hovudmål

- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.

Volda kommune skal gjennom si planlegging, verksemd og i samhandling med andre sikre redusert klimaavtrykk. Vidare legge til rette for at innbyggjarane kan ta miljøvennlege val. Kommunen skal arbeide målretta med samfunnstryggleik for at innbyggjarane skal kjenne seg trygge, og arbeide for å ivareta naturverdiar og økosystem.

Mål

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.	Volda kommune er klimavenleg i sine innkjøp	Endring person- og varebilpark til el-bil	30,0 %	40,0 %	50,0 %	75,0 %	
		Klimakrav i anbod og kontrakt	Ja	Ja	Ja	Ja	
	Volda kommune sikrar sjølve og gjennom sitt renovasjonsselskap at avfall gir verdi	Kildesortering mat-papir-plast	Ja	Ja	Ja	Ja	

Satsingsområde:Organisasjonsutvikling

Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde i Volda kommune som er forankra i kommunen sine verdiar

Raus

Modig

Kompetent

Lærande

For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane er involvert i demokratiske prosessar som er prega av openheit og tillit. Representasjon i den politiske deltakinga skal spegle samfunnet.

Volda kommune skal vere ein føreseieleg og attraktiv arbeidsgjevar som er tydeleg i sine forventningar, der dei tilsette meistrar, trivest og får nytta ressursane sine.

Hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.

Mål

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Gj.sn. Kostra gr
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Sjukefråvær	9,0 %	8,5 %	8,0 %	8,0 %	
		Talet på heiltidsstillingar					
		Høg rolleklarheit	4,1		4,2		
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4,2		4,3		
		Meistringsorientert leiing	4,0		4,0		
		Meistringsklima	4,0	4,0	4,0	4,0	
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjettramme	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
		Investering i samsvar med budsjettrammer	95,0 %	95,0 %	97,0 %	98,0 %	
	Volda kommune sitt beredskapsarbeid trygger samfunnet.						

Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru

Meistringorientert leiing: Retning - definerer roller, krav og mål. Meining - motivere og inspirere til måloppnåiing Individuell merksemd og støtt Meistringsklima: Arbeidsmiljø der tilsette blir motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode. Delingskultur. Meistringstru: Kvar enkelt si tiltru til eiga kompetanse og moglegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanheng

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		344,3

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**264 257**	**264 257**	**264 257**	**264 257**
Vedtak forrige periode					
EL bil effekt	Helse og Omsorg	0	-1 440	-1 440	-1 440
Etablere kommunalt vaskeri	Helse og Omsorg	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400
Helseplattforma	Helse og Omsorg	0	0	2 200	2 200
Reduksjon av ei bugruppe Volda omsorgsenter som konsekvens av lenger heimebuande	Helse og Omsorg	0	-3 000	-3 000	-3 000
Slå saman kjøkkendrift Volda og Hornindal	Helse og Omsorg	-500	-500	-500	-500
Sum Vedtak forrige periode		**-1 900**	**-6 340**	**-4 140**	**-4 140**
Budsjettendring i år					
Ressurskrevjande tenester- redusert inntekt	Helse og Omsorg	5 950	5 950	5 950	5 950
Sum Budsjettendring i år		**5 950**	**5 950**	**5 950**	**5 950**
Konsekvensjusteringer		**4 050**	**-390**	**1 810**	**1 810**
Konsekvensjustert ramme		**268 307**	**263 867**	**266 067**	**266 067**
Nye tiltak					
1:1 tiltak, samarbeid bu- og habilitering med rus- og psykisk helseteneste	Helse og Omsorg	880	880	880	880
1:1 Tiltak, samarbeid rus- og psykisk helse med bu og habilitering	Helse og Omsorg	820	820	820	820
Auka personalressurs Hornindal Omsorgssenter	Helse og Omsorg	310	310	310	310
Auke i bemanningsressurs - Heimetenester	Helse og Omsorg	1 100	1 100	1 100	1 100
Auke personal ressurs i bu- og habilitering, Verslavegen	Helse og Omsorg	200	200	200	200
Blåsekjøle	Helse og Omsorg	210	0	0	0
Einetiltak, psykisk helsevern	Helse og Omsorg	0	2 000	2 000	2 000
El syklar	Helse og Omsorg	80	0	0	0
Internkontroll program	Helse og Omsorg	275	25	25	25
Inventar og utstyr i sektor helse- og omsorg	Helse og Omsorg	600	0	0	0
Kommunalt rusarbeid, prosjektmidler som fell bort	Helse og Omsorg	495	495	495	495
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Helse og Omsorg	1 510	1 510	1 510	1 510
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Helse og Omsorg	16 292	16 292	16 292	16 292
Låsesystem på vaktroma på Volda omsorgssenter	Helse og Omsorg	200	0	0	0
Prisvekst, endring i kostnader og kjøp av tenester	Helse og Omsorg	284	140	146	152
Samhandlingskoordinator for 7-stjerna i helsefellesskapet	Helse og Omsorg	180	180	180	180

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Skaphengar	Helse og Omsorg	52	0	0	0
Supplement til sjukesignalanlegg	Helse og Omsorg	60	0	0	0
Utskifting av kvite- og brunevarer	Helse og Omsorg	500	0	0	500
Velferdsteknologi - Opprette fast 60% stilling som koordinator og serviceavtalar	Helse og Omsorg	780	780	780	780
Våken nattevakt på Severinhaugen	Helse og Omsorg	260	260	260	260
Sum Nye tiltak		**25 088**	**24 992**	**24 998**	**25 504**
Nye tiltak og realendringer		**25 088**	**24 992**	**24 998**	**25 504**
Ramme 2022-2025		**293 395**	**288 858**	**291 064**	**291 570**

Samandrag budsjett

Budsjettet som vert lagt fram vil vere med å styrke strategien med at folk skal kunne bu heime lenger. Ein vil satse vidare på bruk av velferdteknologi, både midlar til kjøp av utstyr og oppretting av ei 60% stilling med ansvar for vidare utvikling av denne satsinga. Det er og foreslått å opprette ein stillingsressurs, som vil gjere det mogleg å opprette nattevakt med base i heimebaserte tenester i Hornindal.

Det vert meldt om auka ressursbehov ved nokre seksjonar, noko på grunn av organisatoriske endringar, noko relatert til nyoppståtte brukarbehov som vanskeleg kan dekkast innanfor tidlegare ramme.

Det er lagt inn finansiering av Volda kommune sin del av stillinga som samhandlingskoordinator i helsefellesskapet og prosjektleiarstilling i innføring av Helseplattforma ut 2022 - 2024.

Vedtak forrige periode

EL bil effekt

ØPL 2020-2023

Etablere kommunalt vaskeri

Bakgrunn: Kostnader til avtale om arbeidstøy og flattøy har vore sterkt aukande, også før coronautfordringar. Budsjett på 2,8 mill til leige/ vask av arbeidstøy i 2020.

Vi har to tilsette (Volda + Hornindal, samla 1,15 årsverk) som jobbar på institusjonsvaskeri i dag. Treng å auke bemanning til samla ca 2,5 årsverk, investere i opparbeiding av lokalitet, investere i noko nytt utstyr og kjøpe inn arbeidstøy og anna tøy ein skal halde.

Konsekvens for innbyggarar:

Ingen

Konsekvens for interne forhold:

Det er mange kommunale tenesteområde som nyttar arbeidstøy, institusjon, heimebaserte tenester, legeteneste, fysio-/ ergoterapi, kjøkken, teknisk sektor mm. Lokasjon er vurdert plassert i Hornindal, men uavhengig av kvar det vert liggande vil det medføre transportbehov mellom Volda og Hornindal. Treng lokalitetar på ca 200m2.

Synergiar:

Mange arbeidsoppdrag kan ein sjå føre seg kan koplast mot personar som treng verdige arbeidsoppgåver. Transportbehov i høve kjøkkendrift kan sjåast i samanheng. Kan sjå fleire synergiar som gjer dette til verdifullt tiltak for mange.

Helseplattforma

Kommunestyret har hausten 2021 vedteke at Volda vert med på Helseplattforma. Tiltaket vart synleggjort i økonomiplanen 2021 -2024, men tala er no endra og kvalitetssikra. Tiltaket her er knytt til årlege serviceavtalar etter at plattforma er teken i bruk. Helseplattforma har og eit eige investeringstiltak.

Reduksjon av ei bugruppe Volda omsorgsenter som konsekvens av lenger heimebuande

Bakgrunn: Volda har mange institusjonsplassar, også påpeika i KS rapporten. Innbyggarane ynskjer primært å bu heime så lenge som råd. Kommunen er i ei endringsfase, der det vert jobba strategisk med legge til rette for at folk skal kunne bu heime lenger. Styrking av heimetenester, auka bruk av velferdsteknologiske hjelpemiddel, forbetring av prosess med anskaffing av hjelpemiddel til privat heim, auke i talet korttidsplassar, kvardagsrehabilitering mm stadfestar den strategiske satsinga i Volda.

Konsekvens for innbyggarane:

Terskelen for institusjonsplass vert høgre og ein vil kunne få ei krevjande utfasingsperiode, der folk som ventar plass må vente lenger. Det vil også medføre høgare terskel for å få plass i døgnbemanna omsorgsbustad. Kan gi auka belastning for pårørande i påvente av eit døgnbemanna tilbod. Pasientar som kjem inn vil ha ei kortare butid i institusjon og ambulerande heimetenester får utvida oppdrag. Bruken av velferdsteknologi må satsast vidare på.

Under er ein tabell som viser tal institusjonsplassar i nokre kommunar å samanlikne seg med. Volda er vist med to liner. På siste line viser status om reduksjon av ni plassar(ei bugruppe).

Samanikning av institusjonsplassar				
	Innbyggarar	80+	Institusjonsplassar	80+ pr plass
Ørsta	10827	606	100	6,06
Ulstein	8571	294	45	6,5
Herøy	8900	481	93	5,17
Volda	10449	583	101	5,7
Volda	10449	583	92	6,3

Konsekvensar for interne forhold:

Ei bugruppe må fasast ut ved å ikkje ta inn nye pasientar om ledige rom, evt også flytting til andre bugrupper om/ når ledig. Tilsette må forflyttast internt ved vakante stillingar i sektoren/ kommunen, men samla reduksjon på seks årsverk.

Slå saman kjøkkendrift Volda og Hornindal

Bakgrunn: Vart kommentert i KS rapporten som innsparingstiltak. Nyrenovert kjøkken på omsorgssenteret i Volda. Utan auke i bemanning kan all matproduksjon flyttast dit.

Konsekvens for innbyggarane:

Det er særskilde følelsar knytt til eit kjøkken. Dette er for mange, både tilsette, bebuarar og innbyggjarar, utfordrande og sårt om kjøkkenet vert lagt ned. Hornindal Frivilligsentral har vore i kontakt med dei frivillege matombringarane. Dei har gitt signal om at dei ikkje vil støtte nedlegging av kjøkkenet og vil gå hardt imot tiltaket ved å slutte å køyre ut mat. Frivillegsentralen har tru på at ein likevel kan finne ei løysing, slik at ein kan fortsette denne tenesta i Hornindal, sjølv om kjøkkenet vert lagt ned. Det er uansett dei frivillege som til sjuande og sist avgjer dette.

Konsekvens for interne tilhøve (organisasjon): Brukarane vil fortsatt få varm og god middagsmat, av like god kvalitet, dagleg. Dei vil ikkje få heimebaka brød. Elles er produksjonsrutinane sameleis. Omlegginga vil medføre meir like tenester for innbyggjarane i kommunen, då frukost- og lunsjmåltid må tilberedast av personalet, i samarbeid med brukarane, slik som det per i dag vert gjort i Volda sentrum. Nyleg oppgradert sentralkjøkken på omsorgssenteret i Volda har kapasitet til å produsere maten som skal til Hornindal.

Synergiar: Transportbehovet mellom Hornindal og Volda kan samstundes dekke andre transportbehov og kan også gi moglegheit for tilrettelagt arbeidstilbod.

Budsjettendring i år

Ressurskrevjande tenester- redusert inntekt

Rekneskapen for år 2020 viser at budsjettert tilskot knytt til ressurskrevjande tenester er for høgt. Dette må difor justerast i år 2021 og i dei påfølgjande åra i neste økonomiplan.

Nye tiltak

1:1 tiltak, samarbeid bu- og habilitering med rus- og psykisk helseteneste

Indiviretta tiltak

1:1 Tiltak, samarbeid rus- og psykisk helse med bu og habilitering

Individretta tiltak

Auka personalressurs Hornindal Omsorgssenter

Behov for auka personal ressurs 2-3 dagar pr veke dette pga auka oppgåver ved Hornindal Omsorgssenter. Seksjonen vil få vesentleg meirarbeid/ fleire oppgåver pga utfasing av kjøkken ved Hornindal Omsorgssenter og alle tørr måltida no skal tilarbeidast i seksjonen.

Dei som no får plass ved Hornindal Omsorgs-senter er sjukare og dårlegare enn dei var før, dei treng meir pleie og medisinsk oppfølging enn dei som fekk plass tidlegare, dette med grunnlag i strategien om å bu heime lengst mogeleg. Grunnbemanninga pr idag er på eit minimumsnivå, med å auke opp med 50 % stilling, vil seksjonsleiar og kunne utføre sjukepleiefaglege oppgåver på tvers av gruppene på dagtid, slik at tilbodet vert betre til dei som bur der.

Ved kommunesamanslåinga fekk dei andre seksjonane tilført friske ressursar 50 % st, for at seksjonsleiarane skulle utav kveld og helge jobbing. Dette har gitt dei mogeleg heit til å vere ein ressurs for seksjonane sine i ca 50 % i veka. Dette var ikkje tilført Hornindal, då seksjonsleiar der ikkje gjekk kveld / helg frå før. Vi ser no behov for å tilfør Hornindal den same ressursen for at seksjonsleiar der skal kunne utføre oppgåvene sine.

Auke i bemanningsressurs - Heimetenester

Ein av strategiane for å møte utfordringane med fleire eldre er at stadig fleire må bu lengre heime. Mange brukarar har meir komplekse tilstandar og har behov for tenester døgnet rundt. I ambulerande heimetenester har ein per 2021 ikkje nattevakt i Hornindal-distriktet. Ved å tilføre 70 % fagarbeidarressurs, samtidig som vi flytter på 1,3 årsverk internt, vil ein kunne tilby heimetenester også på natt for innbyggjarar i Hornindal, Bjørke, Kalvatn og omegn. Slik kan ein utsette behov for døgnomsorg, gi utvida kapasitet på korttidsavdeling fordi nokre brukarar kan reise rett heim etter sjukehusopphald utan å gå via korttidsavdeling, kan også bidra til å redusere tal liggedøgn på sjukehus.

På dei døgnbemanna omsorgsbustadene Barstadtun og Fjordsyn er det ei stor utfordring å få rekruttert sjukepleiarar. Ein ser at bemanninga er så minimal at sjukepleiar på jobb må ta ein stor del av assistentoppgåvene og får svært lite tid til å jobbe direkte sjulepleiarretta. Som tiltak for å både behalde og rekruttere viktig fagkompetanse ynskjer ein å sette i gong prosjekt for å få frigjort sjukepleiarressurs til meir teambasert og direkte sjukepleiarretta arbeid. Ved å tilføre 50 % assistentressurs til kvar av dei

to store omsorgsbustadene vil ein kome gong på veg til å få betra den alvorlege situasjonen som sjukepleiemangelen er.

Auke personal ressurs i bu- og habilitering, Verslavegen

Fleire brukarar har tidlegare hatt heime helgar som no er falt bort. Versalvegen treng ei auke på 26,3 % stilling for å ivareta brukarne.

Blåsekjøle

Det er krav om å kjøle ned ferdigprodusert mat som skal leverast/oppbevarast kald innan 2 timar. Med storkjøkkendrift er eit slikt verkty naudsynt å ha. Eksisterande blåsekjøle var ny når bygget var nytt. Det har vore fleire reparasjonar på denne og reparatørane gir tilbakemelding om behov for utskifting.

Einetiltak, psykisk helsevern

Individretta tiltak

El syklar

Det er rift om dei kommunale tenestebilane og tilbakemeldinga frå tenesteytarane er at ein ofte kunne nytta elsyklar på kortare oppdrag i sentrum

Internkontroll program

Nytt internkontrollsystem gjev etableringsutgifter samt auka lisensutgifter. Systemet blir nytta til matmerking, bestillingar, oppskrifter, menyar med meir. Andre alternativ er vurdert, men konklusjonen er at systemet er absolutt naudsynt for å sikre pålagd internkontrollsystem. Nærliggande nabokommunar i sjustjerna går også for dette programmet.

Inventar og utstyr i sektor helse- og omsorg

Helse- og omsorgssektoren har vel 600 tilsette. Det skal vere universelt utforma arbeidsplassar for desse. Det er fortsatt mykje gamalt utstyr i dei ulike tenestene, sjølv om mykje vart utbetra i 2018. Utstyr som er meld inn er hev-/senk skrivebord, kontorstolar, medisinskap med meir.

Kommunalt rusarbeid, prosjektmidler som fell bort

Prosjektmidlar gjennom 4 år på 1,5 årsverk, siste inntektstår 2021. Gradvis nedtrapping frå 980 000 til 495.000. Konsekvens ved å ikkje få dette i rammeauke er å kutte bemanning på kveld og berre ha tilgjengeleg personale på dagtid, eller f eks helg. Er allereie minimumsbemanning med to-delt turnus.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Låsesystem på vaktroma på Volda omsorgssenter

Det er behov for kodelås på dørene til vaktroma i heile helse- og omsorgssektoren for å ivareta lovkravet i høve personvern.

Prisvekst, endring i kostnader og kjøp av tenester

Prisvekst, kjøpt av tenester frå staten

- Kjøper ambulante tenester/spesialisthelsetenester frå staten, ACT (Assertive Community Treatment) på ressurskrevjande brukarar (ROP). Tre nye i løpet av 2021 (40 000,- x 3)
- Indeksregulering av husleige Prestegarden i 2021 ikkje teke med i 2021, vidare indeksregulering kvar juni månad (10 års leigeavtale)
- Leasing av bil og driftskostnader samt forsikring i Myra bufellesskap. Klare ikkje ta denne kostnaden av drifta, då ein driftar med minimumsbemanning
- Leasing av bil og driftskostnader, samt forsikring i ambulerande tenester. Har ein bil dekt av drift i helse og omsorg. På grunn av omlegging til ambulerande tenester, må vi lease ein bil ekstra. Klare ikkje ta dette av drift/kutt i årsverk grunna stor pågang av tenester

Samhandlingskoordinator for 7-stjerna i helsefellesskapet

Volda kommune er vertskommune for samhandlingskoordinatoren for 7-stjerna i helsefellesskapet. Å styrke helsefellesskapa er eit satsingsområdet forankra i avtale mellom KS og regjeringa. Stillinga er nyoppretta med bakgrunn i inngått samhandlingsavtale med helseføretaket. Tiltaket her er Volda sin andel.

Skaphengar

Det er auke i behov for hjelpemiddel og desse skal transporterast til alle innbyggjarane i kommunen, uavhengig av om ein bur i sentrum eller i utkant. Det er stor variasjon i utstyr og fleire av hjelpemidla er høge, lange og også for breie til å få plass i vareromme i bilen til diftsavdelinga. Det skjer ikkje så altfor sjeldan at ein må køyre fleire gongar for å få utlevert eller henta inn hjelpemiddel. Dette sikrar ikkje drifta på ein tenleg og effektiv måte.

Supplement til sjukesignalanlegg

Det har vore meld inn fleire avvik der tilsette ikkje høyrer pasientvarsling når dei er inne på kjøkkena.

Det er difor behov for å montere ekstra boks på alle felleskjøkkena i institusjonstenesta.

Utskifting av kvite- og brunevarer

Forventa utgifter utskifting kvitevarer og brunevarer 2022:

Utskifting av steikovnar i helse og omsorg 5stk a 11500,-	: 57 500 kr
Utskifting av kjøl/frys i helse og omsorg 10stk a 10000,-	: 100 000 kr
Utskifting av instrumentvaskemaskiner 3stk a 180000,-	: 540 000 kr
Utskifting av proff vaskemaskin vaskeri volda omsorgsenter	: 130 000 kr
Utskifting av div småelektronikk (kaffetrakt, vannkokar, ol)	: 50 000 kr
Utskift av div tv rundt i helse og omsorg, a 13500,-	: 81 000 kr

Totalt inkl mva : 958 500 kr

Ramma til sektoren er såleis ikkje vurdert til å vere tilstrekkelig til behovet for investering.

Velferdsteknologi - Opprette fast 60% stilling som koordinator og serviceavtalar

Denne stillinga (60 %) har vore finansiert av prosjektmidlar. Om stillinga forsvinn vil det gi ein kraftig stopp utviklingsarbeid på velferdsteknologisatsinga. Sett i forhold til utfordringane kommunen står føre, er det avgjerande viktig at vi sikrar satsinga på denne teknologien.

Velferdsteknologi ligg og inne som investeringstiltak, årlege driftsutgifter knytt til desse ligg i tiltaket her,

Våken nattevakt på Severinhaugen

Grunna endring i brukargruppa er det behov for ei våken nattevakt i staden for kvilande nattvakt. Fleire av brukarane har somatiske tilleggs diagnoser og treng difor bistand eller tilsyn fleire gonger i løpet av natta.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Prioritet	2022	2023	2024	2025
Sentrumsutvikling, flytting av omsorgsbustadar på Legeloftet	0	0	250	0	0
Sum		**0**	**250**	**0**	**0**

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2022	2023	2024	2025	2022-25
Helseplattforma	600	6 000	29 600	0	36 200
Ny bil til dagsenterdrift i distrikta	625	0	0	0	625
Velferdsteknologi og IKT Helse og omsorg	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Sum investeringsprosjekt	2 725	7 500	31 100	1 500	42 825

Stab Helse og Forvaltning

Innledning

I avdelinga ligg stab og service funksjonar i sektoren.

Her er også sentralkjøkken, forvaltningskontor, førebygging og rehabilitering, frisklivssentral, folkehelsekoordinator, teknisk drift og sjåfør.

Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru

Meistringorientert leiing: Retning - definerer roller, krav og mål. Meining - motivere og inspirere til måloppnåiing Individuell merksemd og støtt Meistringsklima: Arbeidsmiljø der tilsette blir motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode. Delingskultur. Meistringstru: Kvar enkelt si tiltru til eiga kompetanse og moglegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanheng

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsutgifter						
Lønn	29 291	29 568	29 278	29 278	29 278	29 278
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	17 848	24 037	16 248	12 856	15 056	15 556
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	14 587	16 904	16 904	16 904	16 904	16 904
Overføringsutgifter	6 697	7 800	7 800	7 800	7 800	7 800
Finansutgifter	24	200	200	200	200	200
Sum Driftsutgifter	**68 448**	**78 509**	**70 430**	**67 038**	**69 238**	**69 738**
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-22 829	-24 639	-24 639	-24 639	-24 639	-24 639
Refusjoner	-21 356	-26 774	-21 474	-23 474	-23 474	-23 474
Overføringsinntekter	-443	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-161	-100	-100	-100	-100	-100
Sum Driftsinntekter	**-44 790**	**-51 513**	**-46 213**	**-48 213**	**-48 213**	**-48 213**
Sum	23 658	26 996	24 217	18 825	21 025	21 525

Fordeling per teneste

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Administrasjon	1 212	9 183	-819	-819	-819	-819
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	149	134	138	138	138	138
Annet forebyggende helsearbeid	1 790	1 594	1 694	1 694	1 694	1 694
Aktiviserings- og sevicetjen. overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelse	6 732	4 654	6 558	4 886	4 886	5 386
Diagnose, behandling, re-/habilitering	5 754	5 968	6 283	6 283	6 283	6 283
Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	3 644	3 250	3 250	3 250	3 250	3 250
Helse- og omsorgstjenester i institusjon	-5 045	8 442	8 166	7 966	7 966	7 966
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	-236	-16 089	-10 913	-14 433	-12 233	-12 233
Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	916	760	760	760	760	760
Kvalifiseringsordningen	1 214	1 320	1 320	1 320	1 320	1 320
Ytelse til livsopphold	6 352	7 780	7 780	7 780	7 780	7 780
Sum	**23 658**	**26 996**	**24 217**	**18 825**	**21 025**	**21 525**

Beskriving av verksemda i dag

Seksjon førebygging og rehabilitering har ansvar for fylgjande tenesteområde:

- Fysio- og ergoterapitenesta som gir tilbod om undersøking og tiltak til menneske med utfordringar knytta til rørsle og aktivitet. Tenesta driv også med helsefremjande og førebyggande arbeid. Målet er å redusere risikofaktorar som kan føre til nedsett helse. Ergoterapeutane har i tillegg ansvar for å søkje, tilpasse og følgje opp hjelpemiddel.
- Folkehelse koordinator med ansvar for koordinering av folkehelsearbeidet i kommunen.
- Frisklivssentralen der målgruppa er menneske med sjukdom eller auka risiko for sjukdom, som treng støtte til å endre levevanar og meistre helseutfordringar.

Forvaltningskontor:

- Det er forvaltningskontoret i sektoren som tek imot og handsamar søknadar om helse- og omsorgstenester. Sakshandsamarane skal gje informasjon, råd og rettleiing i høve tenestene, og ein kan også få hjelp til å søkje eller klage.
- Koordinerande eining har ansvaret for at personar som har behov for langvarige og koordinerte tenester, opplever ein heilskapleg samanheng i tenestene.
- Kreftkoordinator skal koordinere og tilretteleggje kvardagen for kreftsjuke og pårørande på best mogeleg måte.

Kjøkkendrift:

- Kjøkkenet lagar mat til pasientar og bebuarar på sjukeheim og omsorgsbustader, samt middag til heimebuande med vedtak om matombringing.
- Det blir også gitt cateringtilbod.
- Kjøkkenet driftar to avdelingar, Volda omsorgssenter og Hornindal omsorgssenter.

Drift:

- Avdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av elektroniske anlegg og installasjonar.
- Reparasjonsarbeid.
- Ansvar for mottak, montering, utlevering og opplæring i bruk av hjelpemiddel.
- Sjåførteneste.

Tenestetilboda er lokalisert på Volda omsorgssenter i 1 etasje.

Utfordringar og strategi

Innsparingsvedtak i høve reduksjon kjøkkendrift i Hornindal

Målsettinga er å drifte kjøkkenet i Hornindal med 1,4 årsverk frå 2022. Det har sidan vedtaket vart fatta vore fråfall av tilsette i stillingane, då dei har fått seg anna arbeid andre stadar. Ein har no igjen 0,75% faste årsverk, og vil truleg ha utfordringar med å rekruttere inn nye i den resterande stillingsheimelen. Rekruttering til deltidsstilling, i tillegg til ei uviss framtid for kjøkkenet i Hornindal, vil gje oss vanskar

med å få søkjarar til stillinga. Det må også nemnast at inventar og utstyr ved kjøkkenet er gamalt, noko som framover kan gje oss store utgifter når utstyr vert defekt.

Det vil vere viktig å ha tett dialog mellom administrasjonen og politikarane i høve framdrifta/løysinga til kjøkkenet i Hornindal.

Helseplattforma

Kommunestyret vedtok 30.09.21 å inngå avtale om forprosjekt med Helseplattformen AS. Det vart i tillegg godkjent å tilsette prosjektleiar frå 2022. Arbeidet med utlysing og rekruttering må starte så tidleg som råd, då ein ser det kan vere utfordrande å hente inn intern/ekstern kompetanse til ei slik stilling. Å lykkast med dette rekrutteringsarbeidet vil vere svært avgjerande for å lykkast med opp-start og innføring.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Planlagt 2022
Årsverk		30,7

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Opprinnelig budsjett		**26 996**	**26 996**	**26 996**	**26 996**
Vedtak forrige periode					
EL bil effekt	Helse og Omsorg	0	-1 440	-1 440	-1 440
Etablere kommunalt vaskeri	Helse og Omsorg	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400
Helseplattforma	Helse og Omsorg	0	0	2 200	2 200
Slå saman kjøkkendrift Volda og Hornindal	Helse og Omsorg	-500	-500	-500	-500
Sum Vedtak forrige periode		**-1 900**	**-3 340**	**-1 140**	**-1 140**
Budsjettendring i år					
Ressurskrevjande tenester- redusert inntekt	Helse og Omsorg	5 950	5 950	5 950	5 950
Sum Budsjettendring i år		**5 950**	**5 950**	**5 950**	**5 950**
Konsekvensjusteringer		**4 050**	**2 610**	**4 810**	**4 810**
Konsekvensjustert ramme		**31 046**	**29 605**	**31 805**	**31 805**
Nye tiltak					
1:1 tiltak, samarbeid bu- og habilitering med rus- og psykisk helseteneste	Helse og Omsorg	-370	-370	-370	-370
1:1 Tiltak, samarbeid rus- og psykisk helse med bu og habilitering	Helse og Omsorg	-280	-280	-280	-280
Blåsekjøle	Helse og Omsorg	210	0	0	0

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2022	2023	2024	2025
Einetiltak, psykisk helsevern	Helse og Omsorg	0	-2 000	-2 000	-2 000
El syklar	Helse og Omsorg	80	0	0	0
Internkontroll program	Helse og Omsorg	275	25	25	25
Inventar og utstyr i sektor helse- og omsorg	Helse og Omsorg	600	0	0	0
Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad	Helse og Omsorg	283	283	283	283
Lønnsvekst 2021 - Heilårsverknad år 2022 - 2025	Helse og Omsorg	-8 619	-8 619	-8 619	-8 619
Låsesystem på vaktroma på Volda omsorgssenter	Helse og Omsorg	200	0	0	0
Samhandlingskoordinator for 7-stjerna i helsefellesskapet	Helse og Omsorg	180	180	180	180
Skaphengar	Helse og Omsorg	52	0	0	0
Supplement til sjukesignalanlegg	Helse og Omsorg	60	0	0	0
Utskifting av kvite- og brunevarer	Helse og Omsorg	500	0	0	500
Sum Nye tiltak		**-6 829**	**-10 781**	**-10 781**	**-10 281**
Nye tiltak og realendringer		**-6 829**	**-10 781**	**-10 781**	**-10 281**
Ramme 2022-2025		**24 217**	**18 825**	**21 025**	**21 525**

Vedtak forrige periode

EL bil effekt

ØPL 2020-2023

Etablere kommunalt vaskeri

Bakgrunn: Kostnader til avtale om arbeidstøy og flattøy har vore sterkt aukande, også før coronautfordringar. Budsjett på 2,8 mill til leige/ vask av arbeidstøy i 2020.

Vi har to tilsette (Volda + Hornindal, samla 1,15 årsverk) som jobbar på institusjonsvaskeri i dag. Treng å auke bemanning til samla ca 2,5 årsverk, investere i opparbeiding av lokalitet, investere i noko nytt utstyr og kjøpe inn arbeidstøy og anna tøy ein skal halde.

Konsekvens for innbyggarar:

Ingen

Konsekvens for interne forhold:

Det er mange kommunale tenesteområde som nyttar arbeidstøy, institusjon, heimebaserte tenester, legeteneste, fysio-/ ergoterapi, kjøkken, teknisk sektor mm. Lokasjon er vurdert plassert i Hornindal,

men uavhengig av kvar det vert liggande vil det medføre transportbehov mellom Volda og Hornindal. Treng lokalitetar på ca 200m2.

Synergiar:

Mange arbeidsoppdrag kan ein sjå føre seg kan koplast mot personar som treng verdige arbeidsoppgåver. Transportbehov i høve kjøkkendrift kan sjåast i samanheng. Kan sjå fleire synergiar som gjer dette til verdifullt tiltak for mange.

Helseplattforma

Kommunestyret har hausten 2021 vedteke at Volda vert med på Helseplattforma. Tiltaket vart synleggjort i økonomiplanen 2021 -2024, men tala er no endra og kvalitetssikra. Tiltaket her er knytt til årlege serviceavtalar etter at plattforma er teken i bruk. Helseplattforma har og eit eige investeringstiltak.

Slå saman kjøkkendrift Volda og Hornindal

Bakgrunn: Vart kommentert i KS rapporten som innsparingstiltak. Nyrenovert kjøkken på omsorgssenteret i Volda. Utan auke i bemanning kan all matproduksjon flyttast dit.

Konsekvens for innbyggarane:

Det er særskilde følelsar knytt til eit kjøkken. Dette er for mange, både tilsette, bebuarar og innbyggjarar, utfordrande og sårt om kjøkkenet vert lagt ned. Hornindal Frivilligsentral har vore i kontakt med dei frivillege matombringarane. Dei har gitt signal om at dei ikkje vil støtte nedlegging av kjøkkenet og vil gå hardt imot tiltaket ved å slutte å køyre ut mat. Frivillegsentralen har tru på at ein likevel kan finne ei løysing, slik at ein kan fortsette denne tenesta i Hornindal, sjølv om kjøkkenet vert lagt ned. Det er uansett dei frivillege som til sjuande og sist avgjer dette.

Konsekvens for interne tilhøve (organisasjon): Brukarane vil fortsatt få varm og god middagsmat, av like god kvalitet, dagleg. Dei vil ikkje få heimebaka brød. Elles er produksjonsrutinane sameleis. Omlegginga vil medføre meir like tenester for innbyggjarane i kommunen, då frukost- og lunsjmåltid må tilberedast av personalet, i samarbeid med brukarane, slik som det per i dag vert gjort i Volda sentrum. Nyleg oppgradert sentralkjøkken på omsorgssenteret i Volda har kapasitet til å produsere maten som skal til Hornindal.

Synergiar: Transportbehovet mellom Hornindal og Volda kan samstundes dekke andre transportbehov og kan også gi moglegheit for tilrettelagt arbeidstilbod.

Budsjettendring i år

Ressurskrevjande tenester- redusert inntekt

Rekneskapen for år 2020 viser at budsjettert tilskot knytt til ressurskrevjande tenester er for høgt. Dette må difor justerast i år 2021 og i dei påfølgjande åra i neste økonomiplan.

Nye tiltak

1:1 tiltak, samarbeid bu- og habilitering med rus- og psykisk helseteneste

Indiviretta tiltak

1:1 Tiltak, samarbeid rus- og psykisk helse med bu og habilitering

Individretta tiltak

Blåsekjøle

Det er krav om å kjøle ned ferdigprodusert mat som skal leverast/oppbevarast kald innan 2 timar. Med storkjøkkendrift er eit slikt verkty naudsynt å ha. Eksisterande blåsekjøle var ny når bygget var nytt. Det har vore fleire reparasjonar på denne og reparatørane gir tilbakemelding om behov for utskifting.

Einetiltak, psykisk helsevern

Individretta tiltak

El syklar

Det er rift om dei kommunale tenestebilane og tilbakemeldinga frå tenesteytarane er at ein ofte kunne nytta elsyklar på kortare oppdrag i sentrum

Internkontroll program

Nytt internkontrollsystem gjev etableringsutgifter samt auka lisensutgifter. Systemet blir nytta til matmerking, bestillingar, oppskrifter, menyar med meir. Andre alternativ er vurdert, men konklusjonen er at systemet er absolutt naudsynt for å sikre pålagd internkontrollsystem. Nærliggande nabokommunar i sjustjerna går også for dette programmet.

Inventar og utstyr i sektor helse- og omsorg

Helse- og omsorgssektoren har vel 600 tilsette. Det skal vere universelt utforma arbeidsplassar for desse. Det er fortsatt mykje gamalt utstyr i dei ulike tenestene, sjølv om mykje vart utbetra i 2018. Utstyr som er meld inn er hev-/senk skrivebord, kontorstolar, medisinskap med meir.

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Lokale forhandlingar kap 4 Årsverknad

Låsesystem på vaktroma på Volda omsorgssenter

Det er behov for kodelås på dørene til vaktroma i heile helse- og omsorgssektoren for å ivareta lovkravet i høve personvern.

Samhandlingskoordinator for 7-stjerna i helsefellesskapet

Volda kommune er vertskommune for samhandlingskoordinatoren for 7-stjerna i helsefellesskapet. Å styrke helsefellesskapa er eit satsingsområdet forankra i avtale mellom KS og regjeringa. Stillinga er nyoppretta med bakgrunn i inngått samhandlingsavtale med helseføretaket. Tiltaket her er Volda sin andel.

Skaphengar

